



# Årsmelding 2021 med rekneskap



Foto: Stord Handball

*Idretts glede heile livet*



## Formenn i laget

Leif Tonning	1914–15
Magnus Jansen	1916–17
Bjarne Dahl	1918–19
Harald Nordenborg	1920–25
Magne Mugås	1926
Harald Nordenborg	1927–28
Tor Haugland	1929–30
Harald Nordenborg	1931
Ludvig Ytterdal	1932–33
Halvdan Hystad	1934–36
John Fadnes	1937–39
Reidar Hystad	1940
John Fadnes	1945
John Engelsen	1946–47
Reidar Hystad	1948
John Fadnes	1949–51
Trygve Grøsvik	1952–53
Amund Engelsen	1954
Svein Barmen	1955–58
Trygve Grøsvik	1959–61
Johann Belsvik	1962–67
Eyvind Haugland	1968–79
Gudmund Sørensen	1980–83
Eyvind Haugland	1984–86
Harald Karlsson	1987–95
Hans Aaserud	1995–98
Jarle Myklebust	1999–00
Marit Sætre Cuickshanks	2001–02
Henning R. Iversen	2003–11
Magne Jostein Mikkelsen	2012–15
Nina H. Sleen	2016–18
Roy Sverre Amundsen	2019–



## ÅRSMELDING 2021

### Dagsorden årsmøte 2022.

1. Opning
2. Godkjenning av stemmeberettiga
3. Val av ordstyrer
4. Val av møtetreferent
5. Val av to representantar til underskrift av protokoll
6. Godkjenning av forretningsordenen
7. Godkjenning av innkalling
8. Godkjenning av sakslista
9. Årsmelding frå hovestyret, med økonomisk melding frå styret
  - 9.1 Årsmelding frå gruppene
  - 9.2 Melding frå Idrettsmerkeutvalet
  - 9.3 Årsmelding frå allianseidrettslag
10. Godkjenning av årsregnskap frå hovedlaget
  - 10.1 Grupperegnskap
11. Kontrollutvalet sin melding
12. Revisjonsberetning
13. Innkomne forslag
14. Fastsetje medlemskontingent for 2023 + treningskontingent for 2022
15. Godkjenning av budsjett 2022 for hovedlaget og gruppene
16. Handsame organisasjonsplanen for Stord IL
  - 16.1 Godkjenning av gruppestyra
17. Valkomiteen si innstilling
18. Val av revisor
19. Avslutning



### **GODKJENNING AV FORRETNINGSORDEN ÅRSMØTE STORD IL**

Styret sitt forslag:

6.1 Årsmøtet vert leia av den valde dirigenten. Protokollen vert ført av den valde sekretæren.

6.2 Ingen representant får ordet meir enn 3 gonger i same sak. Representant for forslagsstillar med forslag på saklista, vert gitt nødvendig taletid for å presentere forslaget. For dei andre innlegga vert taletida sett til 3 min første gong, 1 min andre og tredje gong. Representantar som forlanger ordet til forretningsorden har 1 min taletid. Dirigenten kan gjere framlegg om kortare taletid og setje strek for dei som har teikna seg på talarlista. Dirigenten kan også gjere framlegg om taletid til personar utan talerett.

6.3 Alle forslag må leverast skriftleg til dirigenten, underskrivne med namnet til representanten og organisasjonsleddet. Tidlegare forslag kan ikkje trekkast attende og nye forslag kan ikkje settast fram etter at det er sett strek eller etter at saka er teken opp til votering. Forslag kan berre gjerast i saker som står på saklista.

6.4 Alle vedtak og val vert avgjort med fleirtal av dei avleverte stemmene, med dei unntak lova fastset. Blanke stemmesetlar tel ikkje og vert rekna som ikkje avleverte.

6.5 I protokollen vert det ført inn kven som har hatt ordet i sakene, kva forslag som er fremja, kven som er forslagsstillar, kva vedtak som er fatta i den enkelte saka, og resultatet av avstemminga med talet på stemmer for og imot.

### **Hovedstyret sitt forslag til vedtak:**

Årsmøtet godkjenner forslag til forretningsorden.



# SIL ÅRSRAPPORT 2021

## SAK 9 - ÅRSMELDING FRÅ HOVEDSTYRET



### STORD IDRETTSLAG

#### ÅRSMELDING 2021

##### STYRET I STORD IDRETTSLAG

Roy-Sverre Amundsen	Styreleiar
Kjartan Grov	Nestleiar
Anne Sissel Mugaas	Styremedlem
Torger Tvedten	Styremedlem
Terje Aas	Styremedlem
Tuva Haga Skibenes	Styremedlem – «Ungdomsrepresentant»
Kjell Håvard Belsvik	Varamedlem

Styret er spesielt nøgd med at ungdomsrepresentanten Tuva Haga Skibenes har funne seg godt til rette i styret. Det har vore viktig og lærerikt for styret å ha ein reflektert ungdom «med på laget». I ei tid kor ungdommen «har mista» to år av tenåra i ein pandemi har ho, med sin nærleik til kvardagen, gitt styret innsikt i dei utfordringane Covid-19 har gitt ungdommane.

##### HOVUDOPPGÅVER OG ORGANISERING

Styret har i perioden frå årsmøte i 2021 hatt 7 styremøte. Gruppleiarane har vore invitert til utvida styremøte i etterkant av hovudstyremøte 3 gonger. Denne samarbeidsforma har fungert godt og vore ein konstruktiv og identitetsskapande arena for utveksling av meiningar og informasjon. Covid 19 har avgrensa møteverksemda både når det gjeld styremøter og møter med gruppene dei siste to åra.

Strategiplanen som vart utarbeidd i 2018 / 2019 skal vere rettleiande for Stord Idrettslag sin aktivitet og styrande for medlemmene si åtferd og haldningar gjennom eit bevisst forhold til laget sine visjonar og verdiar. Innhaldet i strategiplanen har ved fleire høve vore drøfta i styret, og revidert i 2021. Revidert strategiplan vert tatt opp med gruppene når me kan møtas i trygge og opne fysiske arenaer i 2022.

##### Leigeavtalen mellom Stord Idrettslag og Stord kommune.

Leigeavtalen mellom Stord Idrettslag og Stord kommune vart vedtatt av kommunestyret i november 2015. Avtalen er på ti år med verknad frå 01.01.2016, og omfattar alle anlegga på Vikahaugane inklusive skeisebanen, Langelandsbanen og Åsbanen, samt delvis leige av Nordbygdahallen. Stord Idrettslag betalte i 2021 ei samla årleg leige på ca. kr. 1 300 000 til Stord kommune. Me disponerer anlegga frå kl. 15.00 til kl. 22.00 på kvardagar og i helgene, og har rett til framleige av dei anlegga som er omfatta av avtalen. Leigeinntektene og inntekter for reklame i hallane er føresetnaden for at avtalen med Stord kommune er realiserbar. Avtalen skal reforhandlast våren 2022.



Stord kommune har ansvar for drift og vedlikehald av arealet inne og skal ha driftspersonell på anlegget i vår aktivitetstid. Avtalen inneber også at Stord Idrettslag skal utføre deler av vedlikehaldet av anlegga. Stord Fotball har eigen avtale som omhandlar banane på Vikahaugane, Langeland og Ås.

Skigruppa i Stord Idrettslag har ansvaret for drift og vedlikehald av lysløypa og betaler straum og andre driftskostnader utan nokon form for økonomisk bidrag frå Stord kommune. Det same gjeld køyring av løyper med skigruppa sin løypemaskin utanom lysløypa. Ein formidabel dugnadsjobb som legg til rette for alle som brukar dagane med snø til turar i velpreparerte løyper. Det høyrer med til «historien» at også drift og vedlikehald av rulleskiløypa i Prestegardskogen er skigruppa sitt ansvar.

### **Vikahaugane Drift og Vedlikehald AS, VIDRIVE.**

Stord Idrettslag stifta i oktober 2019 Vikahaugane Drift og Vedlikehald AS, VIDRIVE, med ein aksjekapital på kr. 50 000 og med følgjande føremål; sitat :

*«Selskapet sitt føremål er å bygge ut, drifte, vedlikehalde og forvalte idrettsanlegg som Stord Idrettslag og idrettslaga i alliansen eiger, leiger eller har drifts – og vedlikehaldsansvar for. Selskapet kan også bygge ut, drifte, vedlikehalde og forvalte andre eigedomar som skal nyttast til idrettsføremål.»*

Selskapet inngjekk avtale med Stord kommune om drift og vedlikehald av skeisebanen i slutten av november 2019. Avtalen er gjort gjeldande for skeisesesongane 2019 / 2020, 2020 / 2021 og 2021 / 2022. Det sportslege resultatet har vore særst bra og gledeleg for alle som er glad i skeisesporten. Skeisebanen er ein arena for ein vinteraktivitet som er unik for regionen og er eit positivt tilskot for Stord kommune som regionsenter. Banen har vore i bruk frå november til medio mars og har vore nytta av innbyggjarane i heile Sunnhordland. Skeisebanen har vore ein formidabel suksess med aktivitet «frå morgon til kveld». Mellom anna har barnehagar, barneskular, ungdomskular og vidaregåande skular i heile Sunnhordland nytta skeisebanen på føremiddagen og i skuletida; eit sokalla gratis «lågterskeltilbod» tilrettelagt på dugnad av eldsjelene i skeisegruppa til Stord Idrettslag.

### **Organiseringa som eit allianseidrettslag.**

Organiseringa som eit allianseidrettslag der Stord Fotball, Stord Orientering og Stord Symjing er sjølvstendige klubbar i alliansen, fungerer tilfredsstillande. Leiarane i desse laga er inviterte til dei utvida styremøta og stiller aktivt opp.

### **ÅRSMELDINGANE FRÅ GRUPPENE OG ALLIANSEIDRETTSLAGA**

Årsmeldingane frå gruppene vert lagt fram for årsmøte i SIL som orienteringssak, og er ein sjølvstendig og vesentleg del av årsmeldinga til Stord Idrettslag.

### **Gruppene i Stord Idrettslag**

- Friidrettsgruppa
- Handballgruppa



# SIL ÅRSRAPPORT 2021

## SAK 9 - ÅRSMELDING FRÅ HOVEDSTYRET

---

- Skeisegruppa
- Skigruppa
- Turngruppa
- Volleyballgruppa

Årsmeldingane for allianseidrettslaga er inkludert i denne årsmelding, og er eit viktig historisk dokument som viser den samla aktiviteten i Stord Idrettslag for kvart år.

### Allianseidrettslaga

- Stord Fotball
- Stord Orientering
- Stord Symjing

Styret i Stord Idrettslag er særst nøgd med at Stord Symjing ønskjer seg tilbake som ei sjølvstendig gruppe til Stord Idrettslag. Saka vert handsama på årsmøte i mars 2022.

### Stord Idrettslag sitt samfunnsansvar – «breidde og topp»

Det er all grunn til å gleder seg over det omfattande arbeidet som vert lagt ned i barne- og ungdomsidretten i regi av Stord Idrettslag. Det er her me skapar breidda og trygge sosiale idrettsmiljø, som også legg til rette for satsing på toppidrett for idrettsutøvarar som har ambisjonar i dei einskilte idrettane. I godt samarbeid med Idrettsfag på Stord Vidaregåande skule har me fått fram ein flott treningskultur som kan måla seg med dei beste i landet. Friidrett og skeise er eit døme på at målretta og kunnskapsbasert trening over tid gir resultat på høgt nasjonalt nivå.

Styret har hatt møter og dialog med Stord Cricket Klubb om å inkludere klubben i alliansen. Samtalene hadde som mål at klubben skulle bli ein del av Stord Idrettslag i 2021. Det har likeins vore drøftingar om å etablere «Stord Basketball» utan at dette har blitt realisert. Det har grunna Covid-19 med nedstenging, avgrensa arenaer for kommunikasjon og uføreseieleg framtidsutsikter ikkje vore mogeleg å føre dialogen vidare i 2021. Stord Idrettslag vil ta oppatt initiativet både når det gjeld cricket og basket når idrettslivet har normalisert seg etter pandemien.

### MEDLEMSTAL OG COVID-19.

Dagleg leiar har halde fram arbeidet med å få betre oversikt over medlemsmassen i Stord Idrettslag. Arbeidet vil fortsetja for fullt også i 2022. Innkrevjing av medlemskontingent er dagleg leiar sitt ansvar, og har fungert særst godt.

Basert på rapportar frå gruppene og allianseidrettslaga har Stord Allianseidrettslag no 1893 (2023 pr. 3.12.2020 / 2161 pr. 31.12.2019). Av desse er det 664 jenter (637 pr. 31.12.2020 / 769 pr. 31.12.2019) mellom 3 og 19 år, og 620 gutar (645 pr. 31.12.2020 / 709 pr. 31.12.2019) mellom 3 og 19 år.

Hovudstyret vil i tida som kjem halda fram arbeidet inn mot laget sine grupper og allianselag for å gi fleire born og unge gode og allsidige tilbod.



Styret og dagleg leiar har i løpet av 2020 og 2021 vore i kontinuerleg dialog med gruppene for få ein oversikt over konsekvensane av nedstenging og dei avgrensingane som Covid-19 har medført når det gjeld organisert idrettsleg aktivitet. Stord Idrettslag har som mål å utarbeide ein analyse innan utgangen av 2022 kor ein synleggjer kva konsekvensar Covid-19 har hatt for medlemstal og aktivitet. Analysen vil vere grunnlaget for ein overordna tiltaksplan kor heile idrettslaget vert involvert i arbeidet med å motivere og stimulere til auka fysisk aktivitet for born og ungdom. Stord Idrettslag vonar at Stord kommune vil bidra aktivt saman med oss i prosessen med å normalisere og stimulere idrettslivet når pandemien ikkje lenger avgrensar vår handlefridom.

### ANLEGGsutvikling

Stord Idrettslag starta våren 2019 ein prosess med arbeidstittel; «Arealanalyse for Vikahaugane» med mål om lage ein plan for disponering av det arealet som ikkje er bandlagt eller nytta til utbygging, eller andre føremål på Vikahaugane. Stord Idrettslag vonar at arealanalysen vert eit viktig bidrag i diskusjonen om den vidare utbygginga av idrettsanlegga på Vikahaugane i eit langsiktig perspektiv, kor utbyggingsrekkjefølgjen er avgjerande for ei effektiv arealutnytting.

Arealanalysen har so langt vore avgjerande for at Ishallen no er i ferd med å bli realisert. Stord Idrettslag har saman med Stord kommune eit felles mål om å starte bygginga av Ishallen våren 2023.

Stord kommune har i samband med sine investeringsbudsjett for perioden 2022 – 2025 vedtatt bygging av ein «dobbel-hall» som erstatning for Rackethallen i samsvar med arealanalysen.

Styret vil ta initiativ til at det vert fremja ei sak om nye sandvolleyballbanar på Vikahaugane for Idrettsrådet og Stord kommune i løpet av 2022. I arealanalysen for Vikahaugane er sandvolleyballanlegget lokalisert sentralt mellom ungdomsskulen og den vidaregåande skulen der «Paviljongen» tidlegare var plassert.

Styret har registrert at planane om rehabilitering eller påbygg av symjehallen i sentrum av Leirvik ikkje er realiserbar. Arealanalysen viser at det er plass til eit nytt symjeanlegg på Vikahaugane i arealet mellom ny «dobbel-hall» og parkeringsplassen i sør ved Stord Hotell. Eit «standard anlegg» etter symjeforbundet sine normer med eit konkurransebasseng med 8 banar, to opplæringsbasseng og tribune med plass til 300 tilskodarar.

Stord Idrettslag med tilhøyrande grupper og allianselag er også engasjert i mange anleggsprosjekt som er i forskjellige fasar i prosjektutviklinga. Mellom anna har volleyballgruppa saman med Stord kommune bygd og finansierte nye sandvolleyballbanar i Nordbygda til stor glede både for medlemmane i Stord Idrettslag og andre «volleyballentusiastar som liker sand mellom tærne».





# SIL ÅRSRAPPORT 2021

## SAK 9 - ÅRSMELDING FRÅ HOVEDSTYRET

### ØKONOMI

Alle gruppene har lukkast med sine mål for økonomistyring og lagt fram rekneskap for 2021 med tilfredsstillande resultat.

Styret i Stord Idrettslag legg fram samla rekneskap for 2021, med unnatak av dei tre gruppene som er sjølvstendige idrettslag i alliansen, med følgjande resultat :

### STORD IDRETTSLAG - SAMLA

RESULTATREKNESKAP	2021	2020
<b>Driftsinntekter og driftskostnader</b>		
Driftsinntekter	9 125 901	8 846 148
Driftskostnader	8 282 463	8 564 808
<b>Driftsresultat</b>	<b>843 438</b>	<b>281 340</b>
Resultat av finansposter	10 571	10 947
<b>Årsresultat (overskot)</b>	<b>854 009</b>	<b>292 287</b>
<b>Overføringar</b>		
Avsett til «SIL Støttefond»	0	0
Avsett til anna eigenkapital	854 009	292 287
<b>Sum disponert</b>	<b>854 009</b>	<b>292 287</b>

Resultatrekneskapen viser eit driftsresultat for 2021 med eit positivt årsresultat med kr. 854 009.

Overskotet, kr. 854 009, vert avsett til annan eigenkapital

# SIL ÅRSRAPPORT 2021

## SAK 9 - ÅRSMELDING FRÅ HOVEDSTYRET



BALANSE	2021	2020
<b>EIGEDLAR</b>		
<b>Anleggsmidler</b>		
Varige driftsmidler	663 800	921 200
Finansielle anleggsmidler	90 000	90 000
<b>Sum anleggsmidler</b>	<b>753 800</b>	<b>1 011 200</b>
<b>Omløpsmidlar</b>		
Fordringar	1 979 146	484 027
Investeringar	0	0
Bankinnskot, kontantar og liknande.	9 915 797	10 155 073
<b>Sum omløpsmidlar</b>	<b>11 894 943</b>	<b>10 639 100</b>
<b>SUM EIGEDLAR</b>	<b>12 648 743</b>	<b>11 650 300</b>

BALANSE	2021	2020
<b>EIGENKAPITAL OG GJELD</b>		
<b>Eigenkapital</b>		
SIL Støttefond	50 000	50 000
Anna eigenkapital	11 684 212	10 830 203
<b>Sum eigenkapital</b>	<b>11 734 212</b>	<b>10 880 203</b>
<b>Gjeld</b>		
Leverandørgjeld	127 748	135 608
Skyldig offentlege avgifter	431 211	245 881
Anna kortsiktig gjeld	355 572	388 609
<b>Sum gjeld</b>	<b>914 531</b>	<b>770 098</b>
<b>SUM EIGENKAPITAL OG GJELD</b>	<b>12 648 743</b>	<b>11 650 300</b>



# SIL ÅRSRAPPORT 2021

## SAK 9 - ÅRSMELDING FRÅ HOVEDSTYRET

### STORD IDRETTSLAG - HOVUDLAGET

RESULTATREKNESKAP	2021	2020
<b>Driftsinntekter og driftskostnader</b>		
Driftsinntekter	- 2 947 995	- 2 545 112
Driftskostnader	2 446 956	2 655 634
<b>Driftsresultat</b>	<b>501 038</b>	<b>- 110 522</b>
Resultat av finansposter	2 170	3 160
<b>Årsresultat (overskot)</b>	<b>503 208</b>	<b>- 107 362</b>
<b>Overføringer</b>		
Avsett til anna egenkapital	503 208	0
Avsett til «SIL Støttefond»	0	0
Overført fra anna egenkapital	0	- 107 362
<b>Sum disponert</b>	<b>503 208</b>	<b>- 107 362</b>

Resultatrekneskaper viser eit driftsresultat for 2021 med eit positivt årsresultat med kr. 503 208.

Overskotet, kr. 503 208, vert avsett til annan egenkapital

# SIL ÅRSRAPPORT 2021

## SAK 9 - ÅRSMELDING FRÅ HOVEDSTYRET



BALANSE	2021	2020
<b>EIGEDLAR</b>		
<b>Anleggsmidler</b>		
Varige driftsmidler	0	0
Finansielle anleggsmidler	90 000	90 000
<b>Sum anleggsmidler</b>	<b>90 000</b>	<b>90 000</b>
<b>Omløpsmidlar</b>		
Fordringar	773 363	706 339
Investeringar	0	0
Bankinnskot, kontantar og liknande.	2 414 220	1 924 336
<b>Sum omløpsmidlar</b>	<b>3 187 583</b>	<b>2 630 675</b>
<b>SUM EIGEDLAR</b>	<b>3 277 583</b>	<b>2 720 675</b>

BALANSE	2021	2020
<b>EIGENKAPITAL OG GJELD</b>		
<b>Eigenkapital</b>		
SIL Støttefond	50 000	50 000
Anna eigenkapital	2 827 756	2 324 548
<b>Sum eigenkapital</b>	<b>2 877 756</b>	<b>2 374 548</b>
<b>Gjeld</b>		
Leverandørgjeld	44 198	113 416
Skyldig offentlige avgifter	231 531	42 880
Anna kortsiktig gjeld	124 098	189 832
<b>Sum gjeld</b>	<b>399 827</b>	<b>346 128</b>
<b>SUM EIGENKAPITAL OG GJELD</b>	<b>3 277 583</b>	<b>2 720 675</b>



# SIL ÅRSRAPPORT 2021

## SAK 9 - ÅRSMELDING FRÅ HOVEDSTYRET

---

### **Kompensasjonsordning vedkomande Covid-19.**

Stord Idrettslag har mottatt kompensasjon frå Lotteritilsynet for tapte inntekter i samsvar med regelverket for kompensasjonsordninga. Støtteordninga, saman med betydeleg lågare kostnader grunna sær s låg sportsleg aktivitet, har medført at gruppene har kome seg gjennom 2020 og 2021 utan langsiktige negative økonomiske konsekvensar.

### **Revisjon og rekneskap.**

Styret vil understreka at alle rekneskap er ført i samsvar med god rekneskapsskikk i nært samarbeid med laget sin revisor, KPMG.

Hovudlaget har halde fram avtalen sin med ECIT om føring av rekneskap. Stord Idrettslag er godt nøgd med det arbeidet ECIT utfører og det tillitsfulle samarbeidet mellom idrettslaget og dei tilsette i ECIT.

Budsjettdisiplin og økonomistyring er alltid sentrale tema for idrettslaget.

Interne rutinar i rekneskapsføring har i 2021 hatt fokus på oppfølging av dokumentasjonsplikta og periodisert rapportering, kor kvalitetssikring og samarbeid med rekneskapsføraren til hovudlaget og revisor er avgjerande for kontroll og god styringsinformasjon.

Stord Idrettslag er nøgd med at «Vipps» har erstatta store deler av omsetnaden som tidlegare var basert på «kontantar og kassabehaldning».

### **SAMFUNNSREKNESKAP – FOLKEHELSEPERSPEKTIVET TILBAKEBLIKK OG FRAMBLIKK**

Styret i Stord Idrettslag utarbeidde i 2003 for fyrste gong eit samfunnsrekneskap for å synleggjera verdien av den innsatsen som idretten skaper i samband med meningsfylt fritid, helsefremjande aktivitet, sosial samhandling og gode opplevingar for born og ungdom. Den samla innsatsen frå våre leiarar, oppmenn, trenarar og dugnadsarbeidande medlemmar og frivillige utgjer i dag ein verdi i overkant av 70 million kroner pr. år.

Stord kommune har støtta Stord Idrettslag med kr. 200 000 kvart år i perioden 2016 - 2019 til finansiering av dagleg leiar. Frå 2020 vert det ikkje ytt tilskot frå Stord kommune. Stord Idrettslag vil ta saka opp med Stord kommune slik at tilskotet vert gjort gjeldande igjen frå 2023.

Stord Idrettslag sin posisjon som samfunnsbyggjar er sær viktig i arbeidet med å gjere Stord kommune til ein attraktiv og trygg kommune å vekse opp i og bu i. Me skal vere med på å skape eit levedyktig og inkluderande lokalsamfunn med gode oppvekstvilkår og ei variert og meningsfylt fritid for alle oss som bur i kommunen og regionen. Visjonen til Stord Idrettslag, uttrykt i mottoet «*Idrettsglede heile livet*», skal vere drivkrafta til idrettslaget i eit folkehelseperspektiv.



Idretten sin grunnleggjande filosofi om «fair play» og respekt skal «liggje i ryggmargen» til alle som driv med idrett og er tillitsvalte. Det skal i Stord Idrettslag vere samanheng mellom det me seier og det me gjer i praksis. Styret i Stord Idrettslag vil retta ei stor takk til alle som er med og gjer dette mogleg kvar einaste dag året rundt.

Styret er stolt og audmjuk over den måten dei tilsette, tillitsvalte og medlemmane i Stord Idrettslag har halde saman i ei særskild krevjande tid dei siste to åra. Saman har vi klart å følgje og etterleve dei forventingar som samfunnet har kravd av oss gjennom samhald og respekt for dei retningslinene og reglane som pandemien har utløyst.

### HEIMESIDER / SOSIALE MEDIER

Stord Idrettslag saman med gruppene og allianseidrettslaga har ei felles startside på nettportalen sin. Nokre av gruppene har gjennom sine idrettar malar som dei sjølv har skapt og har ansvaret for å følgje opp. Oppdatering av gruppene sine eigne sider varierer frå gruppe til gruppe.

Dagleg leiar jobbar aktivt med å betre startsidea. Styret har vedtatt å innleia samarbeid med lokal rådgjevar for å modernisere heimesida og utvikle ein eintydig grafisk profil for idrettslaget.

Hovudlaget ønskjer å nytte sosiale media på ein betre og meir aktiv måte framover. Det er likevel gruppene som gjennom sine omfattande aktivitetar nyttar dei sosiale media til dagleg kommunikasjon og utveksling av informasjon.

### TILLITSVALDE OG FRIVILLIGE

Tillitsvalde, trenarar, lagleiarar og frivillige i gruppene og allianseidrettslaga er fundamentet for Stord Idrettslag. Stord Idrettslag med sine 1900 medlemmar med tillitsvalde og frivillige er saman med dei andre idrettslaga og frivillige organisasjonar i kommunen bærebjelken i samfunnet. Kvar einaskild sin innsats og bidrag er avgjerande for at Stord Idrettslag kan vere motoren for idrettsaktivitetane på Stord.

Det er eit sterkt ønske at fleire unge vil delta aktivt i ulike tillitsverv og styrearbeid. Hovudstyret oppmodar gruppene og allianseidrettslaga om å prioritera etablering av ungdomsstyre i kvar enkelt gruppe.

Stord Idrettslag takkar trenarar, lagleiarar og frivillige for den fantastiske jobben de har lagt ned i løpet av 2021.

### ARBEIDSMILJØ OG IDRETTSMILJØ

Det er etter styret si oppfatning eit godt og trygt arbeidsmiljø blant dei tilsette i gruppene og i hovudlaget. Som tilsett i idrettslag vert det i periodar høg aktivitet både på kveldstid og i helger i samband med arrangement. Dette kan medføre høg arbeidsbelastning i periodar.

I frivillige organisasjonar kan det kan vere vanskeleg å gjere ei fordeling av oppgåver og ansvar mellom tilsette og dei frivillige. Det er viktig at styret i hovudlaget og styra i gruppene



# SIL ÅRSRAPPORT 2021

## SAK 9 - ÅRSMELDING FRÅ HOVEDSTYRET

---

og allianseidrettslaga er bevisst si rolle som arbeidsgjevar og det ansvaret dei har for dei tilsette sitt fysiske og psykososiale arbeidsmiljø

Verdigrunnlaget til Stord Idrettslag, slik det er formulert i strategiplanen, skal vere førande for vår utvikling av idrettsmiljøet i laget; sitat :

*«Stord Idrettslag er ein arena for alle som vil oppleve fellesskap, utvikling og sportsleg meistring. I eit trygt og dopingfritt treningsmiljø prega av Fair Play kan ein nå sine ambisjonar på alle nivå. Aktivitetane og miljøet byggjer på respekt for den einskilde, er inkluderande og ivaretakande uansett bakgrunn.»*

### **BEREKRAFT OG DET YTRE MILJØ.**

I eit sirkulært perspektiv er målet å nytta alle ressursar best mogleg. Minst mogleg skal kastast som avfall, men haldast i eit kretsløp der resirkulering og gjenbruk fører til mindre behov for nye råvarer og reduserte utslepp av klimagassar.

Omgrepet «*berekraft*» er nytta i mange samanhengar og vert kommunisert og tolka på mange forskjellige måtar. Styret i Stord Idrettslag meiner at berekraft slik det vart lansert i Bruntlandkommisjonen sin rapport «*Vår felles framtid*» gir meining og forståing i eit heilskapleg og haldningsskapande perspektiv. I rapporten er berekraft definert som; «*utvikling som imøtekommer dagens behov uten å ødelegge mulighetene for at kommende generasjoner skal få dekket sine behov.*»

Styret i Stord Idrettslag er ikkje kjend med at laget si verksemd påverkar det ytre miljø på ein negativ måte. Mykje av utandørsaktivitetane til Stord Idrettslag skjer på kunstgrasbanar med gummigranulat som fører til utslepp av granulat og mikroplast til naturen og sårbare resipientar via overvassleidningar. Det er Stord kommune som er eigar av alle kunstgrasbanane i Stord kommune, og som Stord Idrettslag leiger. Stord Idrettslag vil ta initiativ til å innleia ein dialog med kommunen om å setje i verk tiltak for å redusere forureiningsfaren frå kunstgrasbanane i løpet av 2022.

Stord Idrettslag ønskjer å arbeida aktivt for å redusera biltrafikk til og frå anlegga våre, og oppmodar alle medlemmer til å nytta sykkel eller ta i bruk «apostlenes hester» til og frå trening og kampar.

Eit av dei beste døma på berekraft er at Stord Idrettslag gjennom sitt dotterselskap VIDRIVE leverer overskotsenergi frå skeisebanen til dei kommunale bygga og den vidaregåande skulen på Vikahaugane.

Stord Idrettslag oppmodar alle medlemmar og støttespelarar til å gjere idretten til eit førebilde kor me alle tar eit tak for miljøet og ei berekraftig utvikling av samfunnet vi lever i.

Styret har starta ein prosess med utgangspunkt i FN sine berekraftsmål fram til 2030. Norges Idrettsforbund har i sine langtidsplanar mål om at idrettsrørsla i Noreg skal drivast i samsvar med FN sine berekraftsmål. I løpet av hausten 2022 vil styret involvere gruppene og allianseidrettslaga i denne prosessen.



### ETTERORD

«Når historia for 2020 og 2021 skal skrivast.»

Årsmeldinga for Stord Idrettslag skal gi eit historisk tilbakeblikk på kva idrettslaget sine medlemmar har oppnådd gjennom aktivitet og konkurranse.

Årsmeldinga for dei to siste åra har vore prega av ei tid kor fokuset er flytta frå idrettslege prestasjonar og fysisk aktivitet til «korleis overleve ein pandemi.»

Dei nærmaste åra vil vise dei reelle konsekvensane av at born og ungdom ikkje har hatt fridom til å gjere kva dei vil i eit samfunn med sterke restriksjonar og sanksjonar.

Det er soleis berre historia og ettertida som vil vise om idretten, lokalt, regionalt og sentralt, har hatt evne og vilje til å overvinne ein usynleg og snikande «motstandar» kor muskelkraft og kondisjon ikkje vert avgjerande om ein vinn eller tapar.

No kan me alle endeleg sjå framover under mottoet «*Idrettsglede heile livet.*»

Vi gleder oss til det som kjem dei neste månadane; «Hobby Volley», «Stolpejakta», Turnstemner, Sunnhordland Maraton, Handballfestivalen, Stordleikane, Puttefestivalen og alle dei terminfesta arrangementa som vil normalisere vår idrettskvardag i løpet av 2022.

### *Idrettsglede heile livet*

Stord 18. mars 2022

Roy-Sverre Amundsen  
Styreleiar

Kjartan Grov  
Nestleiar

Anne Sissel Mugaas  
Styremedlem

Torger Tvedten  
Styremedlem

Tuva Haga Skibenes  
Styremedlem

Terje Aas  
Styremedlem





# SIL ÅRSRAPPORT 2021

## SAK 9 - ÅRSMELDING FRÅ HOVEDSTYRET

### PENNEO

Signaturene i dette dokumentet er juridisk bindende. Dokument signert med "Penneo™ - sikker digital signatur".  
De signerende parter sin identitet er registrert, og er listet nedenfor.

"Med min signatur bekrefter jeg alle datoer og innholdet i dette dokument."

#### Terje Aas

##### Styremedlem

På vegne av: Stord Idrettslag

Serienummer: 9578-5999-4-1295180

IP: 144.177.xxx.xxx

2022-03-18 12:24:11 UTC



#### Bjørn Lindgård

##### Daglig leder

På vegne av: Stord Idrettslag

Serienummer: 9578-5994-4-481361

IP: 92.220.xxx.xxx

2022-03-18 12:27:56 UTC



#### Anne Sissel Mugaas

##### Styremedlem

På vegne av: Stord Idrettslag

Serienummer: 9578-5993-4-2447592

IP: 85.200.xxx.xxx

2022-03-18 12:31:22 UTC



#### Roy Sverre Amundsen

##### Styreleder

På vegne av: Stord Idrettslag

Serienummer: 9578-5997-4-152087

IP: 81.166.xxx.xxx

2022-03-18 12:54:31 UTC



#### Kjartan Bjelland Grov

##### Nestleder

På vegne av: Stord Idrettslag

Serienummer: 9578-5993-4-1742780

IP: 92.220.xxx.xxx

2022-03-18 13:11:42 UTC



#### Torger Magne Tvedten

##### Styremedlem

På vegne av: Stord Idrettslag

Serienummer: 9578-5993-4-2147176

IP: 79.160.xxx.xxx

2022-03-18 13:12:21 UTC



#### Tuva Haga Skibenes

##### Styremedlem

På vegne av: Stord Idrettslag

Serienummer: 9578-5997-4-4490307

IP: 77.16.xxx.xxx

2022-03-18 13:21:31 UTC



Penneo Dokumentnøkkel: 71NBL-1AM8B-EUC6Y-SVXKG-4GGY5-QS6IK

Dokumentet er signert digitalt, med **Penneo.com**. Alle digitale signatur-data i dokumentet er sikret og validert av den datamaskin-utregnede hash-verdien av det opprinnelige dokument. Dokumentet er låst og tids-stemplet med et sertifikat fra en betrodd tredjepart. All kryptografisk bevis er integrert i denne PDF, for fremtidig validering (hvis nødvendig).

Adobe Reader, skal du kunne se at dokumentet er sertifisert av **Penneo e-signature service** <penneo@penneo.com>. Dette garanterer at innholdet i dokumentet ikke har blitt endret.

Det er lett å kontrollere de kryptografiske beviser som er lokalisert inne i dokumentet, med Penneo validator - <https://penneo.com/validate>



- |                  |   |
|------------------|---|
| <b>Sak 9.1</b>   | <b>Årsmelding fra gruppene.</b>           |
| <b>Sak 9.1.1</b> | <b>Håndballgruppa</b>                     |
| <b>Sak 9.1.2</b> | <b>Friidrettsgruppa</b>                   |
| <b>Sak 9.1.3</b> | <b>Turngruppa</b>                         |
| <b>Sak 9.1.4</b> | <b>Skigruppa</b>                          |
| <b>Sak 9.1.5</b> | <b>Skeisegruppa</b>                       |
| <b>Sak 9.1.6</b> | <b>Volleyballgruppa</b>                   |
| <b>Sak 9.1.7</b> | <b>Idrettsmerket</b>                      |
| <b>Sak 9.2</b>   | <b>Årsmelding fra allianseidrettslag.</b> |
| <b>Sak 9.2.1</b> | <b>Stord Fotball</b>                      |
| <b>Sak 9.2.2</b> | <b>Stord Orientering</b>                  |
| <b>Sak 9.2.3</b> | <b>Stord Symjing</b>                      |



# ÅRSMELDING

Stord Idrettslag Handballgruppa 2021



### Årsmelding Stord Idrettslag Handballgruppa 2021



#### Styret 2021

- Leiar: Aksel Sæther
- Økonomi: Jørn-Rune Bruun
- Sportsleg leiar: Bjarte Straume Epland
- Event og utstyr: Franny Maria Bøthner
- Arrangementsansvarleg: Marthe Olsson
- Sosialt ansvarleg: Ellen Salomonsen

Styret har hatt månedlege styremøte i 2021. Det har òg vore ei rekkje oppmannsmøte for å sikra best mogleg informasjonsflyt og samarbeid i klubben.

#### Korona

Stord Handball håpar inderleg at dette er den siste årsmeldinga kor me må skrive om pandemien. Dette året har som det førre vore eit år me ikkje vil oppleve igjen. 2021 har vore ein berg- og dalbane frå ende til annen, kor nedstenging og restriksjonar har veksla frå det fullstendige til det meir minimale. Dette har og gjort sitt til at vår aktivitet har vore krevjande å planleggja og gjennomføra.

Klubben vil rette ei stor takk til alle sine trenarar, oppmenn, spelarar, dommarar og alle andre som har vore delaktige rundt laga og klubben i 2021. Det har vore heilt avgjerande at alle desse har vore løysingsorienterte og fleksible slik at me har fått gjennomført så mykje aktivitet som mogleg dette året. TUSEN TAKK!

Stord Handball vil og takka våre trufaste sponsorar og støttespelarar som har stått med oss i denne tida. Ei spesiell takk til Sparebanken Vest som i 2021 (som i 2020) bidro med ekstra midlar gjennom sitt korona-fond til oss.

#### Økonomi

2021 vart på same måte som 2020 prega av redusert aktivitet og fråvær av Handballfestivalen på grunn av pandemien. Handballgruppa endar difor ut med eit økonomisk underskudd på om lag 220.000 kroner for rekneskapsåret 2021. Sjølv om klubben ikkje har fått gjennomført sine normale inntektsbringande aktivitetar, har me klart å halde ved lag tilnærma normal drift innanfor dei avbegrensingane som vart pålagde av styresmaktene. Me har klart å minimera underskotet takk vere støtteordningar frå Lotteritilsynet og det lokale Koronafondet frå Sparebanken Vest. Sjølv om om me går med underskot i 2021 har klubben fortsatt god likviditet, og me går inn i 2022 med stor optimisme og gler oss til masse handballaktivitet.

#### Administrativt ansatte

Ann-Helen Hareide har vore tilsett i ei 60% stilling på Handballkontoret i år som i fjor. Ho har mellom anna ansvar for dei vanlege kontoroppgåvene; fakturering, omberammingar, dommarrekningar, utleige av minibuss, logistikk rundt eigne heimearrangement i hallen og ei rekke andre praktiske gjere mål i den daglege drifta. Ho er eit viktig bindeledd mellom ulike utval og komitear i klubben.

#### Andre verv

Bjarte Straume Epland sit som styremedlem i Norges Håndballforbund Region Vest og Franny Maria Bøthner sit i valkomiteen. Klubben er svært nøgd med å ha representantar inn i styret i Region Vest!



# SIL ÅRSRAPPORT 2021

## SAK 9.1.1 - ÅRSMELDING HANDBALLGRUPPA

### Medlemstal

Me har vore gjennom to svært tøffe sesongar med korona. Diverre har pandemien ført til fråfall frå idretten – og frå handballen. Det som er svært gledeleg er at me ser ei auke i dei yngste klassane, noko som gjer at me ser lyst på åra framover!

Det er samstundes dystre tal for dei over 20 år, som har vore den gruppa som har vore hardest råka av avlysningar og avgrensingar. Ungdomsgruppa har og blitt mindre, og det er klart at desse spelarane har mista mykje av si ungdomstid i handballen med avlyste turneringar og kampar som ein ikkje like lett kan ta igjen. Me har mista kring 5% av medlemmane våre på desse korona-åra, noko som er 5% for mykje, men me står klare for å snu skuta frå eit forhåpentlegvis koronafritt 2022!

Me har vore påmeldt i ordinært seriespel (frå J/G10 og til og med senior) og minihandball for dei yngste, samt NM for senior og BRING-serien. Grunna korona har gjennomført seriespel vore svært avgrensa.

Alder	6-12	13-19	20+	Totalt
Jenter /Damer	164 (143)	92 (101)	50 (68)	306 (312)
Gutar / Menn	112 (113)	53 (61)	58 (73)	223 (247)
Sum	<b>276 (256)</b>	<b>145 (162)</b>	<b>108 (141)</b>	<b>529 (559)</b>

*(Tal frå Idrettsregistreringa pr. 31.12.2021. Tal i parentes er for 2019)*

### Sosialt Utval

Sosialt utval fokuserer på miljø, samarbeid og haldningsskapande arbeid knytt til aktiviteten i Stord Handball. Rolla skal vera ei støtte for både utøvarar, føresette og lagleiarar i klubben og deltek på foreldremøte, spelarmøte og samtalar ved behov. Sosialt ansvarleg organiserer arbeidet med politiattestar, samtykke til bildedeling og ulike førebyggjande tiltak som til dømes e-læringsløpa «Ren Utøver» og «Trenerattest». 2021 har som det føregåande året vore prega av pandemi og uføreseieleg aktivitet. Det å oppretthalda lagkjensla og oppmoda til så mykje aktivitet som mogleg under gjeldane smittevernreglar har vore viktig. Ellen Salomonsen sit som sosialt ansvarleg i styret i Stord Handball.

### Kamparrangement

2021 starta korona-nedstengt og all handballaktivitet likeins. Treninga kom etterkvart i gong igjen for dei yngste spelarane våre, men diverre tok det tid før kampaktiviteten litt etter litt vart opna opp og barna fekk spele og kjenne på både kamptrening og publikumsrop. Kampaktiviteten har vore prega av stadige endringar i smittesituasjonen og dei allereie innarbeidde rutine for smittevern har gjennom 2021 blitt oppretthaldt og stadig tilpassa. Også i dette året har spelarane over 20 år vist stor tolmod med mykje avgrensing i aktiviteten sin.

Avgrensningar i publikum på heimekampar har gjort at streaming frå Nye- og Gamlehallen er blitt nytta i utstrakt grad slik me såg for oss i fjor. Me har vore nøgde med at me kunne tilby slik streaming som gjorde breiddehandballen tilgjengeleg for alle i ei vanskeleg tid.

Klubben takkar foreldre og hjelpeapparatet rundt laga for framleis å halde engasjementet oppe og bidra til at barn og unge får oppleve handballmagien!

### Handballskule

Rema 1000 Handballskule i regi av Stord Handball gjekk føre seg mandag til onsdag i vinterferien og i haustferien. I vinterferien var 67 barn i alderen 6 til 11 år i aktivitet fordelt på to hallar og korona-inndelt i fire kohortar. Me har fått god trening i å arrangere handballskule med kohortar og korona-avgrensingar, og det var kjekt at korona ikkje satte ein stoppar for desse kjekke dagane.



*Herretrenar Mark D. Dahl sama ein herleg bukett handballspelarar frå haustferien*

I haustferien var 58 barn i aktivitet fordelt på to hallar, og no var endelig fokuset på kohortar vekke! I haustferien vart barna kjent med vår nye herretrenar Mark, som hadde ansvar for øktene i lag med dametrenar Sebastian. Dei to danskane hadde med seg eigne herre-og damespelarar som instruktørar, i tillegg til seks spelarar frå ungdomsavdelinga som ekstra ressursar. Handballskulen er blitt ein del av vår årlige rutinar, og me gler oss like mykje til kvar haust- og vinterferie!

### Handballfestivalen

Det vart diverre ingen Handballfestival i 2021 heller. Avlysing av vår stolthet for andre året på rad gjer noko med oss i klubben; ikkje berre økonomisk men og organisatorisk. Me har eit fantastisk apparat med frivillige som har gått utan høgdepunktet i pinsen i to år, noko som er utfordrande for Kjartan Grov og resten av leiinga i Handballfestivalen med å halde engasjementet oppe hos desse. Me kryssar fingrane og håpar verkeleg at me får gjennomført festivalen i 2022, og at me igjen kan oppleve det yrande folkehavet på Vikahaugane som me alle er så glade i.

### HAFO

Det vart diverre ingen HaFo-turneringar i 2021 heller. Me håper at 2022 blir året kor me kan relansere HaFo-turneringa i ny drakt!

### POP UP-turnering

Dette vart eit nytt omgrep i koronaåret, og me arrangerte pop-up turnering 5. og 6. juni. Totalt samla me over 200 born frå 6-11 år til masse kampar denne helga. Vår kjære naboklubb Solid stilte og med lag her, noko som var ekstra kjekt!



Helga vart ein stor suksess både for spelarar, trenarar, dommarar og arrangørar – sjølv om me ikkje kunne ha publikum i hallen. Me fant likevel løysningar og hadde utandørs kiosk og streama kampane live for heimesittande tilskodarar.

### Mini-, kortbane- og barnehandball

Våren 2021 vart diverre ei fortsetjing frå hausten 2020 med avlyste arrangement i barnehandballen. Gleda var difor stor når hausten kom og dei yngste gutane og jentene fekk spele kampar igjen.

Hausten 2021 hadde me ni jentelag og fem gutelag i minihandball-serien (frå 6-8 år). Desse laga spelar på tvers av ein vanleg handballbane (20 x 12 meter) og har fire spelarar på laget (kor ein av desse er flygande målvakt). Ein nyttar her mjuke ballar og små mål. Hausten 2021 vart det oppretta to nye treningsgrupper for fyrsteklassingane, kor leik med ball står sentralt. Desse gutane og jentene skal fyrst spela kampar i Handballfestivalen 2022.

Kortbanehandball er ein form kor ein spelar med fem spelarar (ein er flygande målvakt) på langs av ein vanleg handballbane, kor det eine målet vert sett ca på midten av den eine banehalvdelen. Ein kortbane måler dermed om lag 30 x 20 meter og skal fremja motivasjon og involvering ved mange ballberøringar og stor aktivitet. Ein spelar med vanlege ballar og har vanlege mål med nedsenkt tverrliggjar. Me hadde fem jentelag og fem gutelag i kortbanehandballen (9-10 år) hausten 2021.

Hausten 2021 hadde me seks jentelag og tre gutelag i barnehandballen (11-12 år). Desse laga spelar på full bane med seks spelarar (fast målvakt) og nedsenkt tverrliggjar i 11-årsklassen, medan 12-åringane spelar med fullt mål. I desse klassane spelar laga med resultatavle, men ikkje med tabell.

### Ungdomshandballen

Som for barnehandballaga hadde ungdomslaga til klubben minimal kampaktivitet vinter og våren 2021. Laga trena derimot så godt dei kunne ut frå gjeldande regelverk. Ei lang tid med alternativ trening, avlysingar og manglande kamptilbod førte dessverre med seg at fleire ungdommar enn normalt gav seg med handball. Dette resulterte i at ein sommaren 2021 måtte slå saman fleire treningsgrupper for å leggje opp til eit best mogeleg trenings- og kamptilbod til ungdommane i klubben.





### Ungdomshandballen forts.

Til tross for eit vanskeleg år er klubben stolt over å ha mange flotte menneske som snur seg rundt, tenkjer alternativt og ser på mogelegheitene for å oppretthalda mest mogeleg aktivitet innanfor gjeldande rammer. Hausten 2021 var det store delar av veka i i fleire månader vaksining i Nyehallen, med dei utfordringane det gav for ein allereie pressa kabal for treningstider. Små og store gjorde det beste ut av situasjonen, men det er klart at alle hender har gjort at barn og unge totalt sett har fått eit langt dåregare tilbod enn normalt. I dag er det om lag 500 spelarar i klubben, og me er nøgde med innsatsen dei vaksne rundt laga har gjort for å halda på flest mogleg barn og unge i klubben.

Klubben har eit sportsleg utval som har ansvar for at klubben er på rett veg og jobbar i tråd med klubben sine normer og målsetjingar. Sportsleg utval har stor tru på arbeidet med å byggja klubben mest mogleg robust ved å utvikla og vidareutvikla trenarar og andre eldsjeler i klubben i eit tettare samarbeid. Det finst mange kompetente personar i klubben og det blir viktig å bruka personane og deira engasjement på riktig måte. Koronasituasjonen har ført til mykje meirarbeid og mindre aktivitet. Det har vore krevjande for fleire av trenarane, lagleiarane og andre frivillige i klubben.

Klubben har også i 2021 hatt fleire herrelagsspelarar som trenarar for yngre lag i klubben. Dette er eit viktig tiltak for å kunne gje eit kvalitativt godt tilbod til alle barne- og ungdomslaga i klubben. Sjølv om klubben har engasjert fleire trenarar, og lukkast med å sikre at alle laga har kompetente trenarar, er det framleis ei utfordring å få trenarane til å starte opp med trenarutdanning. Klubben vil fortsetja å leggja til rette med trenarverktøy og utdanning og prioritere dette arbeidet høgt framover.

Klubben har i 2021 fortsett å ha to fulltids trenarressursar. Dette er eit sentralt tiltak for å løfta alle laga i klubben i tråd med sportsplanen og målsetjingane i klubben. Sebastian Bjørn Steffens har ansvaret for damelaget og damesida i klubben, medan Morten Moldrup hadde ansvar for herrelaget og herresida til og med mai 2021. Moldrup vart då erstatta av Mark Dyhrberg Dahl frå 1. juni. Dahl er opphavsleg frå Danmark, men har budd dei siste åra på Færøyane. Sportsleg utval hadde ynskt at me i klubben hadde kome lenger i arbeidet med fellesskapet mellom trenarane og ei tettare oppfølging av dei ulike miljøa, men me er på gang med dette arbeidet. Dei ulike restriksjonane for smitte har vore sentralt for at planlagde tiltak har vorte sett på vent, og me ikkje har kome like langt som ynska. Samstundes ser me at me heile vegen kan bli betre og få endå meir ut av ressursane i klubben.

Sportsleg sett gjer barne- og ungdomslaga det jamt over greitt i sine seriar. Spelarane arbeidar godt med trygge, engasjerte vaksne rundt seg. Det er gledeleg at mange av spelarane på både jente- og gutesida i 15/16-årsklassen vart teken ut til ulike utviklingsmiljø, eit resultat av god jobbing over tid.

Klubben har i 2021 arrangert to flotte handballskular med stor suksess. Franny Bøthner har hatt ansvar for desse skulane og gjort ein flott jobb saman med Moldrup, Dahl, Steffens og seniorspelarane i klubben. Klubben har og hatt Mikael Sjøgaard engasjert som målvaksressurs. Han har hatt vekentlege økter med målvaktene til ungdoms- og seniorlaga i klubben. Erfaringane våre er mellom anna at målvaktene våre blir betre skulert teknisk, fysisk og taktisk. Dette arbeidet er svært viktig å fortsetja med og vidareutvikla dei komande åra.

Klubben er trygg på at det er riktig strategi å jobba målretta over tid. Dette er eit krevjande arbeid som har og vil kosta mykje tid og ressursar. Samstundes som klubben skal leggja til rette for gode utviklingsmiljø for dei barna og ungdommane med høge ambisjonar, skal Stord Handball også vera dyktige på å leggja til rette for gode tilbod for dei med mindre ambisjonar. Stord Handball skal vera ein klubb for alle, og kjerneverdiane *vilje*, *samhald* og *respekt* skal haldast høgt. Klubben skal visa **vilje** til å etterstreva å leggja til rette for eit best mogleg trenings- og kamptilbod for alle. Me vil styrkja **samhaldet** på tvers av laga og jobba for at alle kjenner ei tilhøyrsløse til laget sitt. Vidare skal alle i klubben visast **respekt** uavhengig av bakgrunn og ambisjonsnivå.





# SIL ÅRSRAPPORT 2021

## SAK 9.1.1 - ÅRSMELDING HANDBALLGRUPPA

---

### BRING

Klubben sitt J16-lag var påmeldt kvalifisering til Bringserien i 2021/2022-sesongen. Dette er den nasjonale serien for 16-åringane, kor ein må gjennom ei kvalifiseringshelg for å få spela i sjølve Bringserien resten av sesongen. Stord Handball vår heldige og fekk arrangere kvalifisering på Vikahaugane, og dette var ei fin oppleving til tross for aktivt smittevern og restriksjonar.

Våre jenter fekk tøff motstand frå Sandnes, Haslum og Glassverket denne helga, og gjekk ikkje vidare til seriespelet. På grunn av korona-situasjonen vart det bestemt at ein skulle utvida Bringserien, slik at jentene fekk ein ny sjanse i en ekstra-kvalifisering i Bergen. Her tapte våre jenter med minst tenkeleg margin, slik at det diverre ikkje vart spel i Bring denne gangen.

Me hadde ikkje påmeldt gutelag til Bring i 2021/22-sesongen.

### Spelarutvikling

Grunna pandemien vart det diverre ikkje spelt Bylagsturnering i 2021. Det vart heller ikkje avhalde nokre spelarutviklingstiltak første halvdel av 2021. Då me kom igang på hausten fekk me igjen spelarar kalla inn til dei ulike tiltaka – og me er stolte av at me stadig får fram flinke utøvarar som vert lagt merke til utanfor øya.

#### Innkalla utøvarar til Sentrale Landslagssamlingar (LK og LM)

**Jenter:** Maia Matre Hagenes (LM06)

**Gutar:** Ola Matre Hagenes, Karl Lukas Jonsson (LM04) og Jørgen Lothe Dahl (LM06)

#### Innkalla utøvarar til Regionale Landslagssamlingar (RLK og RLM)

**Jenter:** Selma Skår Lande, Mia Mikkelson Sæther (RLK04) og Mathilde Alfarnes Amundsen, Maia Matre Hagenes (RLK06)

**Gutar:** Theodor Haugland Kvernenes, Jon Aksel Bruun-Nygård, Ola Matre Hagenes, Juan David Borgenvik Hansen, Karl Lukas Jonsson (RLM04) og Søren Emil Grov Nøkling, Morgan Scott William Hovland-Gay, Jørgen Lothe Dahl (RLM06)

#### Innkalla utøvarar til Bylagssamlingar 2006

**Jenter:** Maia Matre Hagenes, Leah Engelsen Vrålid og Mathilde Alfarnes Amundsen.

**Gutar:** Søren Emil Grov Nøkling, Morgan Scott William Hovland-Gay, Emil Økland Larsen og Jørgen Lothe Dahl

#### Innkalla utøvarar til Landsdelssamlingar 2004

**Jenter:** Madalina Ioana Landa, Tomine Tvedten, Selma Skår Lande og Mia Mikkelson Sæther

**Gutar:** Ola Matre Hagenes, Jon Aksel Bruun-Nygård og Theodor Haugland Kvernenes

### Damelaget

Med bakgrunn i smitteverntiltaka spelte ikkje damelaget ein einaste seriekamp i sesongen 2020-2021. Treningskvardagen veksla med å trena individuelt, felles ute, felles inne med avstand og felles inne med fullkontakt for dei under 20 år. Spelarane under 20 år fekk spela nokre J20-kampar. Sebastian Bjørn Steffens fekk ein svært krevjande fyrste sesong saman med trenerteamet; Thomas Nøkling, Tomasz Świącki og oppmann Marita Nysæther. Świącki har hatt ansvar for den fysiske treninga frå J14 og opp, og har vore ein viktig person i eit år med unormalt mykje fysisk trening.



Mia M. Sæther, Anna Koløy, Matilde Steensohn-Olsen, Serine Einarsen, Johanna R.H. Sæther, Malene B. Nordhus, Madalina I. Landa, Ida V. Framnes, Elsa E. Antonsen, Agnes A. Alsaker, Selma S. Lande, Tomine Tvedten, Mona K. Stakkestad, Sylvia Linn Jonsson

Hausten 2021 vart difor meir positiv med ein meir normal treningskvardag og mogelegheit til å spele kampar igjen. Det unge laget fekk ein strålende start på sesongen og vann dei fyrste seks seriekampane. I november tapte laget to kampar før dei vann den siste kampen før samfunnet på ny vart stengt ned i desember 2021. Laget tek juleferie på ein solid 2. plass og ser spende fram mot siste halvdel av sesongen.

### Lagleiing 2021/2022-sesongen for 3. divisjon damer



Sebastian Bjørn Steffens  
Hovudtrenar Damer



Tomasz Świącki  
Fysisk trenar



Aksel Sæther  
Lagleiar



Tonje Aamot Haga  
Oppmann

Damelaget har og hatt eit lag i 5. divisjon i 2021, eit lag beståande av ein gjeng som har trena og leia seg sjølve i kamp. Laget har fått det tøft resultatmessig i kampane dei har spela. To år med pandemi har gjort at det er blitt noko færre ungdoms- og seniorspelarar, og det er viktig at klubben vert endå betre i utviklinga av eigne spelarar og å rekruttera dei rette spelarar utanfrå for å nå målsetjinga om å spele i ein av dei to øvste divisjonane i 2026. Det vert viktig å ta vare på spelarane lengst mogleg og leggje til rette for best mogleg utvikling. Samstundes skal klubben vera ein viktig arena og ha eit tilbod for dei som ynskjer å spela handball utan mål om å verta best mogleg.

### Herrelaget

Herrelaga til klubben fekk, som damelaget, ikkje spelt ein einaste kamp i sesongen 2020-2021. Dette vart utfordrande for spelarane og trenarteamet. Vinteren og våren vart prega av mykje individuell trening og ein del fellestreningar ute. Etter kvart fekk ein også trene inne, men med avstand. Morten Moldrup var hovudtrenar og hatt med seg Rune Skjærvold, Mikael Sjøgaard og Tomasz Świącki i trenarteamet. Tomasz har hatt ansvar for den fysiske treninga frå G13 til og med seniorane.

### Herrelaget sesongen 2021/2022



*Jonas Langeland, Jonas P.Sjölin, Nils-Kristian V.Blom, Asadadam T.A.Bathatho, Vegard Hareide, Njål H.Holsvik, Sebastian H.Isaksen, Petter H.Skimmeland, Mathias M.Nilsen, Lukas S.Skjønberg, Håvard Olsen, Heine M.Larsen, Theodor H.Kvernenes, William J.H.Sæther, Kristian G.Nøstvåg, J.David B.Hansen, Ola M.Hagenes, Aleksander Størdal, Jon Aksel Bruun-Nygaard, Kristian S.Nygaard, Sondre Kjelsnes, Fabian N.Nicolaisen, Sander Gjøsæter, K.Lukas Jonsson*

I juni overtok Mark Dyhrberg Dahl som hovudtrenar på herrelaget. Han vidareførte trenarteamet Moldrup hadde førre sesong. Klubben lukkast diverre dårleg med å rekruttere nye spelarar frå andre klubbar føre sesongen, men på den positive sida var det fleire Stord-gutar som tidlegare har spelt handball som kom tilbake igjen. Seniorgruppa vart organisert som ei treningsgruppe med to serielag. Fyrstelaget i 2. divisjon fekk ein krevjande start på sesongen, og etter kvart kom det også fleire langvarige skader, sjukdom og anna fråfall som har forverra situasjonen. Til tross for ein utfordrande trenings- og kampkvardag, har laget vist god moral og kvalitetar i fleire av kampane som gjer at det er håp om at laget klarer å halde seg i divisjonen etter endt sesong.

Stord 2 har spela i 3. divisjon og dei fekk ein fin start på sesongen. Diverre måtte klubben trekke laget etter om lag halvspelt sesong pga. spelarmangel.

Herrelaget forts.

### Lagleiing 2021/2022-sesongen for Stord Herrer



**Mark Dyhrberg Dahl**  
*Hovudtrenar Herrer*



**Rune Skjærvold**  
*Assistenttrenar*



**Mikael Sjøgaard**  
*Målvaktstrenar*



**Jørn-Rune Bruun**  
*Oppmann*

André Skjønberg (bilde mangler) og Jørn-Rune Bruun har hatt oppmannsjobben for seniorgruppa og gjort ein viktig jobb for begge laga. Kiropraktor Lisa Nyhammer er klubben sin fysikalske ressurs og behandlar både dame- og herrelaget, samt legg til rette for skadeførebyggjande trening. Lisa har vore med klubben i fleire år, og har god dialog med spelarane for å sikra det medisinske tilbodet.

Klubben kjem til å ha hovudfokus på å utvikla eigne spelarar også dei komande åra. Det er heilt sentralt at ein i framtida må arbeida endå betre med å utvikla eigne spelarar til eit høgare nasjonalt nivå. Klubben er såleis overtydd om at langsiktig og kontinuerleg arbeid i ungdomsavdelinga er nøkkelen til å kjempa klubben opp igjen i divisjonssystemet på. Men dette tek tid. Samstundes treng herregruppa å få inn spelarar utanfrå som kan styrkje byggjinga av ein god treningskultur og auka kvaliteten i gruppa. Klubben jobbar parallelt med å halda på dagens spelarstall og å rekruttera nye spelarar for neste sesong. Klubben ser etter svoltne og motiverte spelarar som kan vera kulturbyggjarar i gruppa.



### Stord United (Gullserien)

Stord United har denne sesongen berre hatt periodar med felles aktivitet, då pandemien igjen har bydd på store utfordringar. Som seniorlag fell laget innanfor dei aller fleste restriksjonar. Gjengen fekk trena handball i september og oktober månad og me har ikkje lukkast med alternativ aktivitet utanom, på grunn av like restriksjonar på dei fleste arenaer.

Det vart ikkje Landsturnering i år heller, men Stord United ønsker likevel å takke alle private aktørar som har støtta laget økonomisk i denne perioden. Pengegåvene kjem lika godt med i 2022 og me håpar at det vil vera mogleg for denne herlege gjengen å reise på tur igjen!

Stord United er ein allsidig og ikkje minst innhaldsrik gjeng, som krev at ein ikkje kan opptre like spontant som i andre grupper. Alle har vore gjennom ein krevjande periode og pandemien har utfordra kvart eit menneske, men det har vore særst utfordrande for denne gjengen som i mange tilfelle opplever eit strengare smittevern i kvardagen. Då er struktur eit nøkkelord og som lag må ein bidra til at ting går slag i slag som rutinane har vore.

Sigurd Sævareid, Henriette Thorsen og Andrè Skogvold har vore trenarteamet i år som i fjor, og Aina Skogvold har vore lagleiar – med Unni Dalsbotten som supersupporter og «altmuligdama». Odd Ståle Larsen har som tidlegare år også i 2021 fungert som sikker bussjåfør.

### Dommarar

Det vert framleis jobba godt med dommarutvikling i Stord Handball, sjølv om det diverre vart lite aktivitet for dommarane våre på våren. Førrige vinter tok Lars Engevik Hatlevik og Heine Moe Larsen Dommer 1-kurs, og då kampene endeleg starta igjen fekk dei ta steget opp for å dømma 12- og 13-årsklassen.

Camilla Olsen og Veronica Essajee har i løpet av hausten blitt eit av dei faste dommarpara som dømmar Rema 1000-ligaen for kvinner og i 1. divisjon herrer.

Me fekk gjennomført barnekompleiarkurs i haust, og fire nye dommarar har dømt kampar i klassane 7-11 år.

26. april fekk me endeleg oppleve kampar i hallen igjen; 2012- og 2013-kulla hadde internturnering og det var stor stemning i hallen – og naudsynt oppfrisking for våre yngste dommarar.



*Camilla og Veronica er gode forbilder for våre dommarar*

Franny Bøthner har i år som i fjor vore klubben sin dommaransvarleg, og gjort ein svært god jobb for å utvikle dommarmiljøet i Stord Handball.



### Vegen vidare

Det er ingen tvil om at dei to siste åra har vore krevjande for Stord Handball. Pandemi og restriksjonar som har avgrensa våre moglegheiter til å utøva aktiviteten vår har verkeleg satt alle i organisasjonen på prøve. Me vel likevel å sjå lyst på framtida, me gler oss utruleg mykje til igjen å kunne gjennomføre Handballfestivalen i pinsen, me gler oss til ein normal handballsesong 2022/2023 – og me gler oss til at me igjen kan jobba med å utvikle klubben vidare.

Samstundes ser me at samfunnet endrar seg nok noko etter dei to siste åra, og me ser behovet for å styrka økonomien vår ytterlegare. Me kan ikkje vera heilt avhengige av Handballfestivalen økonomisk framover, dersom me skal nå dei måla me som klubb har satt oss. Diverre er det slik at sjølv om me har ei god dugnadsand i klubben – og kulturen for dette er sterk – så ser me at me i stadig aukande grad må kjøpe tenester og ressursar enn før. Dette gjeld spesielt på trenarsida. Dette får ein naturleg konsekvens; me må styrke økonomien vår slik at me framleis kan tilby gode nok rammar til born og unge som vil spela handball på Stord, og i regionen vår.

### VILJE – SAMHALD – RESPEKT

Styret i Stord Handball, Stord 16.03.2022

Aksel Sæther  
(Styreleiar)



Jørn-Rune Bruun

Franny M. Bøthner

Ellen Salomonsen

Bjarte S. Epland

Marthe Olsson



# SIL ÅRSRAPPORT 2021

## SAK 9.1.2 - ÅRSMELDING FRIIDRETTSGRUPPA

\*\*\*\*\*

### ÅRSMELDING 2021

### FRIIDRETTSGRUPPA SIL

\*\*\*\*\*

#### STYRET

Styret i friidrettsgruppa for 2021 har vore

Styreleiar	Runar Øvrebø
Sportsleg leiar og sektor økonomi	Nils Hetleflåt
Sektor anlegg og utstyr	Asle Skulstad
Styremedlem	Mats Tonning
Styremedlem	Harald Kårbø
Styremedlem	Geir Aasheim
Styremedlem	Maj R. Engevik
Ungdomsrepresentantar:	Anna Solheim
	Julian Skimmeland Aasheim
Dagleg leiar	Tom Erling Kårbø

Det har i 2021 vore halde 8 styremøter.

#### MEDLEMMENE

Friidrettsgruppa hadde pr.31.12.2021 totalt: 134 medlemmer (2020=107) fordelt på:

	<u>&lt;12 år</u>	<u>13-16 år</u>	<u>&gt; 17 år</u>	<u>SUM</u>
Kvinner	26	4	10	40
Menn	<u>42</u>	<u>6</u>	<u>46</u>	<u>94</u>
SUM	68	10	56	134

Medlemstalet for friidrettsgruppa har auka i 2021 og er på 134 medlemmer, i 2020 var me 107medlemmar. Me må stadig vere flinke i å rekruttere nye til å begynne med friidrett. Me har normalt fleire sjansar gjennom Parkløpet, sentrumstafetten og Tinstafetten, men i 2021 vart alle desse arrangementa avlyste grunna Covid-19. Det er framleis god oppmøte blant dei yngste i gruppa vår, medan det i gruppa 13-16 år er ein tilbakegang, så her har me ein jobb å gjera.

Friidrettsgruppa har registrert 11 krinsdommarar, 8 krinsdommaraspiranter, 2 hoppaspiranter, 1 kretsstartaspirant og 3 forbundsdommarar (FD) p.r. 31.12.2021. Friidrettsgruppa slit med å få tak i kvalifiserte trenarar innanfor nokre øvingsgrupper, slik at me klarar ikkje å ha eit optimalt tilbod i alle øvingsgruppene. I 2021 har fleire av ungdomsutøvarane våre teke del i treningane for dei yngste som trenarar. For at friidrettsgruppa skal få ytterlegare framgang og tilby utøvarane sine gode treningsbetingelsar, må det satsast på utdanning av nye trenarar og vidareutdanning av dei eksisterande. I tillegg er me avhengig av samarbeid med andre lokale klubbar, Bremnes IL og Fitjar IL, som kan tilby hjelp i øvelsar som me ikkje er godt nok forspent på.

Bremnes IL-friidrett vart tildelt økonomisk støtte frå Friidrettens Venner etter å ha sendt inn ein søknad om treningssamarbeid med Stord IL og Fitjar IL på helgesamlingar og desse vart gjennomført i Deep Ocean Arena i Haugesund.



### SEKTOR ØKONOMI

Året 2021 har gitt eit positivt resultat på vel 234000,- kroner, før avskrivningar. Grunnen til dette høge resultatet skyldast fleire faktorar, kompensasjon pga Covid-19 og godt arbeid på sponsorsida. Arrangement som vart påverka av Covid-19 i 2021 var Stordleikane og Sunnhordland maraton, sjølv om begge arrangementa vart arrangert. Desse to arrangementa fekk kompensasjon frå lotteritilsynet Klubben har ein god økonomi, noko som viser att i balansen.. Driftsutgiftene for 2021 har vore på ca 852 000,-.

Sjå vedlagt rekneskap og budsjett.

### SEKTOR ARRANGEMENT

I 2021 har friidrettsgruppa gjennomført følgjande større arrangement:

	<u>DATO</u>
Bru- og halvmaratonløpet	09.06.2021
Stordleikane	07.-08.08.2021
Stordløpet	05.09.2021
Sunnhordland maraton	25.09.2021
Flyplassmila	23.10.2021

I tillegg har me arrangert fleire hoppstemner innandørs.

Sunnhordland maraton vart flytta frå den opprinnelege datoen i mai til 25.september. Samfunnet var opna opp med restriksjonar, slik at det var nokre reglar som gjaldt ved arrangementet. Det var ein stor nedgang i antall deltakarar denne gongen og det skyldast at det hadde vore stor usikkerhet i forkant om løpet kunne avviklast og folk var nok usikker på om løpet ville gå av stabelen.

Stordleikane vart i år arrangert over 2 dagar mot normalt 3 dagar, og det var ikkje lagt opp til overnatting på skule og det skyldast at det framleis var Covid-19 pandemien. Sidan arrangementet gjekk over 2 dagar i staden for den vanlege normen på 3 dagar så var det ein liten nedgang i deltakartalet.

Flyplassmila såg dagens lys 23.10.2021, men skulle hatt sin opprinnelege oppstart i 2020, men vart då avlyst grunna Covid-19 og først utsatt til mars 2021 og deretter til oktober 2021. Totalt var det rundt 150 deltakarar på dette løpet.





**Figur 1: Klar for rigging av starten til Flyplassmila 2021 (Foto: Runar Øvrebø)**

Stordløpet gjekk av stabelen for 44.gong i år, og er eit tradisjonelt skogsløp. Bru-og halvmaratonløpet har ein fin stigning i deltakarar og med den nye joggebølga som er i samfunnet i dag så er dette eit løp som har eit større potensiale på Stord. Det krev at me må starta tidlegare å reklamera for dette arrangementet, slik som det vert gjort for Sunnhordland maraton.. Begge desse arrangementa vart gjennomført med visse restriksjonar grunna Covid-19, men det viktigaste var at dei vart arrangert .



### SEKTOR IDRETT

Friidrettsgruppa har mange gode prestasjonar å sjå tilbake på i 2021 sjølv om det vart ein amputert sesong med mange avlysningar på både bane og gateløp, og dei fleste internasjonale meisterskap vart avlyst eller utsatt. Her er dei beste resultatata som utøvarar har oppnådd i løpet av 2021:

- NM senior på Kristiansand Stadion: Tom Erling Kårbø vann 3000m hinder på tida 8,33,06
- UM15-19 i Trondheim: Anna Solheim (17) vann 100m hekk med resultatet 14,77, medan Mathilde Alfarnes Amundsen (15) oppnådde 3.plass i spyd med resultatet 37,53m
- På UM i mangekamp på Hamar vann Anna Solheim (17) med resultatet 4323 poeng.

### Senior/Junior

I senior-NM på Kristiansand stadion 10.-12.9 2021 oppnådde Stord sine utøvarar følgjande resultat og plasseringar:

Tom Erling Kårbø (32)	3000m hinder	Nr. 1	8,33,06
Lars Lunde (22)	5000m	Nr. 19	14,41,18
Pernilla Eugenie Epland (31)	5000m	Nr. 11	16,59,69

På junior-NM på Askøy 29.-31.7.2021 oppnådde Stord sin utøvar følgjande resultat og plasseringar:

MJ-19	Julian Skimmeland Aasheim (18)	100m	Nr. 5 sf	11,45 (11,42 2-h1)
	Erlend Hatlem Kringeland (18)	1500m	Nr.11	4,11,69 (4,09,03 3-h3)
	Johannes Sandvik Bø (15)	800m	Nr. 8-h2	2,02,99
		1500m	Nr. 6-h1	4,16,89
	Marius Thorbjørnsen (18)	Høgde	Nr. 8	1,75m

I den landsdekkjande serien for kvinner vart Stord nr. 19 i 3.divisjon med poengsummen 10078 (17 res) (2020= 8510 poeng 40.plass (16 res)).

I den landsdekkjande serien for menn vart Stord nummer 9 i 1.divisjon, med poengsummen 20212 (30 res) (2020 = 18387 poeng 2.plass i 2.divisjon (25 res)) og held med det plasseren i 1.divisjon.

### Veteraner:

I veteran NM terrengløp på Storetveitmarkene i Bergen 3.april oppnådde Stord sine løparar følgjande plasseringar:

MV 35-39	3 km	Kim Berland Laitinen	Nr. 5	11,37 min
MV 50-54	3 km	Kenneth Westerheim	Nr. 1	11,36 min



# SIL ÅRSRAPPORT 2021

## SAK 9.1.2 - ÅRSMELDING FRIIDRETTSGRUPPA

---

I veteran NM i Førde 25.-27.6 oppnådde Stord sin utøver følgende resultat:

MV 50-54	Oddvar Hårde (1969)	Kula	Nr. 2	11,70m
		Slegga	Nr.2	41,58m
		Spyd	Nr.3	37,08m
		Diskos	Nr. 4	35,67m

I veteran NM mangekamp (10-kamp) på Hamar 21.-22.8 2021 oppnådde Stord sine utøvarar følgende resultat og plassering:

Oddvar Hårde (50-54)	Nr. 1	4785 poeng (13,45-,4,98-10,86-1,48-64,03-0-34,04-2,20-35,73-6,07,84)
Per Gregersen (50-54)	Nr. 2	4470 poeng (13,88-4,01-8,65-1,48-63,21-18,28-26,95-0-29,91-5,48,06)

I veteran KM på Os 26.09.2021 oppnådde Stord sin utøver følgende plasseringar:

MV 50-54	Per Gregersen (1970)	400m	Nr.1	63,88
		Stav	Nr.1	3,30m
		100m	Nr.2	14,11

I krinsserien vart herrelaget nr 2 i 2.divisjon med 9645 poeng på 15 resultat (2020 = 9916 (15 res)) og rykker opp i 1.divisjon

### Jenter/Gutar

I ungdoms-NM mangekamp (7-kamp) på Hamar 21.-22.8 2021 oppnådde Stord sin utøver følgende resultat og plassering:

Anna Solheim (17)	Nr.1	4323 poeng (14,87-1,58-7,76-27,32-4,78-31,60.2,31,38)
-------------------	------	---

I Ungdoms-NM i Trondheim 3.-5.9 2021 oppnådde Stord sine utøvarar følgende resultat og plasseringar:

Erlend Hatlem Kringeland (18)	3000m	Nr. 8	8,36,05
Anna Solheim (17)	100m hekk	Nr. 1	14,77
	Diskos	Nr. 2	32,36m
	Kula	Nr. 5	10,43m
	Høgde	Nr.5	1,50m
Mathilde Alfarnes Amundsen (15)	Spyd	Nr. 3	37,53m
	Kula	Nr. 4	10,10m



**Bilete 2: Mathilde A. Amundsen drøyer om 40m i spyd (Foto: Runar Øvrebø)**

### **Krinsserien**

Jentene sitt 1.lag kom på 7.plass i elitedivisjon med poengsummen 39418 poeng på 50 resultat (2020 = 30702 (40 res)) og rykker ned i 1.divisjon i 2022.

Gutane sitt 1.lag kom på 4.plass elitedivisjonen med poengsummen 45091 på 58 resultat (2021 = 41596 poeng (50 res)) og held seg med det i elitedivisjonen i 2022.

### **Trenarar:**

Gutar/jenter < 11 år

Erlend Hatlem Kringeland , Julian Skimmeland Aasheim,  
Nils Hetleflåt.

Gutar/jenter (12-15 år)

Åge Bjelland, Ulf Bloch, Nils Hetleflåt



Gutar/jenter (> 16 år)

Åge Bjelland, Ulf Bloch, Nils Hetleflåt



**Bilete 3: Åge Bjelland mottar blomst frå Runar Øvrebø for utført jobb som trenar i 2021. (Foto: Nils Hetleflåt)**

### Utmerkingar

Det vart ingen "premiefest" i 2021 grunna Covid-19 restriksjonar og utmerkingar vil verte utdelt i 2022:

"Beste gut"	Julian Skimmeland Aasheim
"Beste jente"	Anna Solheim
"Mest allsidige gut"	Trygve Jahn Jordåen
"Mest allsidige jente"	Anna Solheim

Gullmerket (over 1000 tyrvingspoeng) vil verte utdelt til følgjande utøvarar for sine resultat: Julian Skimmeland Aasheim (18) for 38,57 på 300m hekk, Erlend Hatlem Kringeland (18) for 8,36,05 på 3000m, Anna Solheim (17) for 14,47 på 100m hekk.

### Lagsrekord:

Tom Erling Kårbø	3000m	7,58,48	18/9-2021 Fana
------------------	-------	---------	----------------



### Samandrag

Vi ser med lengsel fram mot eit «normalt år» utan Covid 19, nedstengningar og restriksjonar. Idretten blei på ny hardt ramma med restriksjonar. Våre flotte utøvarar trena hardt mot oppsette mål, men møtte stengte dører og avlyste stemmer. Det har og vore ein tøff kamp for å halde seg friske og til å kunne trene normalt. Det felles sosiale nettverket har blitt sett på prøve for alle i gruppa vår. Men sjølv når det såg som mørkast ut, fekk vi våre oppturar og sjansen til å sleppe jubelen laus, gjennom våre faste arrangement. Sunnhordland Maraton blei flytta frå mai til september. Sjølv med litt mindre deltaking blei dette ein tilnærma lik «folkefest» i sentrum. Mange hadde sett fram til denne dagen og fekk sine draumar oppfylte. Vi i Stord Friidrett sette og stor pris på samarbeidet med Stord Folkehøgskule som stilte sterkt med både funksjonærar og deltakar. Skulen ligg i sentrum og sette seg sjølv i sentrum på ein positiv måte. Stord friidrett flaug og høgt då nyskapninga Flyplassmila, med Tom Erling Kårbø i spissen, såg dagens lys. Med godt samarbeid med Stord Lufthamn blei det eit spektakulært løp og ei spesiell oppleving for rundt 200 deltakarar. Vêrgudane viste seg frå den beste sida og dette løpet har kome for å bli.

Mange ungdommar sette og stor pris på at Stordleikene «gjekk som normalt» første helga i august. Dette stemnet er ekstra viktig for å få dei unge attende til idretten. Ikkje minst den sosiale biten er med på å få dei unge tilbake til ein normal kvardag.

Mange av våre utøvarar har slitt med skade og sjukdom denne sesongen. Tungt var det for Tom Erling då OL i Tokyo gjekk i vasken på grunn av skade. Men Tom Erling fekk lønn for strevet med NM gull på 3000 meter hinder i Kristiansand og EM-billett til München. No jaktar han og VM i Eugene.

I eit krevjande sportsleg år så har våre samarbeidspartnarar vore lojale og stiller trufast om med midlar slik at vi kan halde oppe våre aktivitetar. Vi har og fått god utteljing gjennom naudsynte støtteordningar på grunn av tapte inntekter frå våre arrangement. Difor går vi mot eit godt økonomisk resultat for 2021. Vi håper vi kan bruke dette på sportsleg satsing og til utbetring av utstyr til å drive med friidrett på eit høgt nivå.

Vi vil og ha fokus på å få fram fleire trenarar til å ta i mot fleire som vil drive med friidrett. Her har vi noko å lære av friidrettsgruppa i Fitjar. Med 40-50 på trening og mange engasjerte foreldre rundt dei unge. Det har gjort det attraktivt å være med i Fitjar Friidrett.

Til slutt ein stor takk til styret. Vi har som andre hatt mange teams-møter og lite sosiale samlingar. Det må vi gjere noko med i 2022.

Vi gler oss og til nyskapninga Industriløpet nede på Aker sitt område i april. I tett samarbeid med John Almås og gjengen kjem dette til å bli fest nede på Eldøyane Med andre ord det er mykje å sjå fram til i 2022. La oss sleppe jubelen laus og glede oss over at friidretten seglar i medvind

Runar Øvrebø  
Styreleiar Stord -IL-friidrett



## ÅRSMELDING 2021

### STORD IDRETTSLAG – TURNGRUPPA

#### STYRET 2021

Leiar: Jon Eirik Kvalnes  
Nestleiar: Alice Aasheim  
Kasserar: Kjartan Grov  
Medlem: Marte Eldøy Ottesen  
Elin Karlsen  
John Bathgate  
Lars Aasheim  
Lars Mugaas Hegland  
Ungdomsrepresentant:  
Vara: Sigurd Riise



**STORD IL turngruppa**  
*Idretts glede heile livet*



### INNLEIING

Turngruppa har på ny lagt bak seg eit særst utfordrande år. Covid-19, pandemien som i periodar har satt ein stoppar for all aktivitet i turngruppa, har påverka drifta i stor grad. I første halvår var alle arrangement, konkurransar, samlingar og kurs i regi av NGTF avlyst og breiddegrupper har ikkje kunne nytta alle plassane til nye medlemmer. Vaksenpartia til turngruppa fekk knapt lov å trena, og konkurransegruppene våre har måtta trena alternativt og utan konkurransar å sjå fram til.

Turngruppa har oppretthaldt eit aktivitetstilbod så langt det har latt seg gjera, og det var med friskt mot me gjekk til oppstart hausten 2021. Endeleg var det mogleg å samle større grupper, gjennomføre vaksentreningane og det var signaler om at turngruppa fekk arrangere juleoppvisninga si att.

Tida me har vore gjennom, har krevd mykje av trenarar, støtteapparat, styremedlemer og foreldre. Me har møtt utfordringa med hyppig informasjon på Facebook og epost, noko kortare treningstider for å hindre trengsel mellom partia, nokre grupper har delt seg i to, stengt turnhall for skulestne foreldre med meir. Alle har møtt utfordringane på strak arm, og me er takksame for alle som har bidratt slik at me har hatt så mykje aktivitet som mogleg.

Stord IL turngruppa hadde i starten av 2021 nær 420 aktive medlemmer i alle aldrar. Turnaktiviteten finn ein i både gymsalar på barneskulane og på Vikahaugane sportssenter. Turnhallen vår ber preg av mykje bruk, og me opplever at areal og godt brukt utstyr er ei utfordring som vil auke dersom turngruppa skal halde fram med aktivitet og vekst. Turngruppa har stadig flest medlemmer blant jentene, og me opplever at mange gutar og jenter i ungdomsalderen sluttar på turn, både i breiddeparti og satsingsparti som troppsgymnastikk eller apparat-turn. Grunna lettelsar i restriksjonar mot slutten av året, kan me ved utgangen av 2021 registrere 439 registrerte medlemmer.

Idrettslaget sitt nye slagord «Idrettsglede heile livet» er heilt beskrivande for turngruppa sin aktivitet. Dei minste medlemmene våre er to år, medan dei eldste passerar 90. Aktiviteten turngruppa legg opp til, har ein unik mogleik for individuell tilpassing og alle vil ha sjansen til å finna sin plass.





# SIL ÅRSRAPPORT 2021

## SAK 9.1.3 - ÅRSMELDING TURNGRUPPA

### MEDLEMSOVERSIKT/STATUS

Stord turn har ved utgangen av 2021 **439** registrerte medlemmer. Me har i tillegg **144** personar på venteliste til dei ulike barnepartia. Dette er svært populære grupper, og grunna kapasitet på halltid og trenarar, har me ikkje klart å gi tilbod om turntrening til alle som ønskjer det. Det kan og merkast at me i perioden 2018-2021 har **231** avmeldte utøvarar. Dei fleste av desse er i alderen 10-16 år.

Medlemsoversikt Stord IL turngruppa						
Kjønn og alder	2021	2020	2019	2018	2017	2016
Jenter 0 - 5	47	47	54	64	54	39
Jenter 6-12	143	131	133	143	163	127
Jenter 13-19	23	33	31	30	8	22
Jenter 20-25	0	0	1	1	1	1
Jenter 26+	53	56	61	66	70	66
Gutar 0 - 5	45	42	42	53	57	42
Gutar 6-12	68	61	54	66	65	68
Gutar 13-19	13	9	7	10	8	27
Gutar 20-25	0	0	1	1	0	1
Gutar 26+	47	47	57	55	50	54
<b>Total</b>	<b>439</b>	<b>426</b>	<b>441</b>	<b>489</b>	<b>476</b>	<b>447</b>

\* Total tal medlemmer er utan trenarar, som også er registrerte medlemmer

Turngruppa nyttar no medlemssystemet til NIF, klubbAdmin. Det er like fullt eit stort administrativt arbeid knytt til medlemsregister, all tid klubbadmin ikkje ivaretar turngruppa sine behov for å halda vedlike ventelister. Klubbadmin står heller ikkje påmelding via nettet, utan at dei som ønskjer å melde seg på automatisk vert registrert som betalende medlemmer.

### TRENARSITUASJON

Turngruppa vil takka alle instruktørane våre for eit flott år, med mange positive attendemeldingar frå gymnastane våre og foreldre. Det er kjekt å sjå stor aktivitet i turnhallen og gymsalane når treningane pågår.

Trenarane våre er i stor grad rekruttert frå eigne rekker, og dei fleste er troppsgymnastar som tar på seg instruktør-roller. Dette er ei viktig ordning, og me forsøker i stor grad å behalda kompetansen i Turngruppa. Alle trenarar får høve til å delta på kurs og anna kompetanseheving, og i 2021 fekk me gjennomført sikringskurs 1 i tumbling og trampett på Stord.

Alle trenarane våre vert honorert for innsatsen gjennom eit lønssystem som tryggar rammene både for klubb og instruktør. Turngruppa manglar fortsatt ein kompetanseplan, og ønskjer å retta vidare fokus på det komande år. Mot slutten av 2021 er me 21 instruktørar og hjelpetrenarar fordelt på 24 tilbod.

På «Foreldre og barn»-gruppene våre, har me framleis eit system der foreldra deltek i treningane. Me er takksame for at dei er med i treningane, og håpar det bidreg til samarbeid og samspel mellom born og vaksen. Gruppene er viktige for rekrutteringa til turngruppa sine barnegrupper.

Eldsjuer som stadig er å sjå i hallen, er som alltid ein viktig del av turngruppa. Desse hjelper til der det trengs, dei har eigne barneparti og trør alltid til dersom det er behov for det ved opp- og nedrigging, rydding og anna.



Apparat- og Troppsgymnastane våre er delt inn i grupper i høve nivå, alder med meir. Dei siste åra har det vore utfordringar i begge konkurransegruppene for å skape kontinuitet og framdrift. Det er registrert eit stort fråfall i gruppene, og det har synt seg vanskeleg å rekruttere trenere spesielt i apparatgruppa. Me håpar at ei auka merksemd på konkurransegruppene det komande året skal gi auka kvalitet og kapasitet for gruppene.

**Styret ynskjer å takka alle instruktørar for ein fantastisk innsats på alle nivå i laget.**

### **AKTIVITETAR/ ARRANGEMENT/ DUGNADAR/ MØTER:**

Grunna korona har ikkje turngruppa hatt organiserte arrangement dette året. Nokre av gruppene har klart å halde avslutningar på eige hand.

Turngruppa arrangerte 17.mai på Stord i 2021. Det var ei alternativ feiring, der restriksjonar ikkje gjorde det mogleg å legge opp til aktivitetar som kunne samle folk. Turngruppa fekk distribuert ei 17.mai-avis i samarbeid med mediehuset Sunnhordland, og hadde digital overføring av offentlege arrangement.

17.mai vart opna med salutt på Leirvik for første gong sidan 2007. Talen ved Baard Haugland-støtta vart holdt av Geir Angeltveit. Markeringa vart sendt digitalt på Sunnhordland.no.

Kransnedlegging for dei falne ved Stord kyrkje gjekk som vanleg, og vart ikkje sendt digitalt. Talar ved kyrkja var Kjetil Volden.

Stordkoret og Stord musikklag bidrog til ei flott markering i parken, og russepresident Magnus Tislevoll stod for hovudtalen. Sjølv markeringa vart spelt inn digitalt nokre dagar i førvegen, og sendt digitalt via Sunnhordland.no kl 15:00 på sjølve dagen.

### **HEIDERSTEIKN**

Stord IL hadde i 2021 gleda av å kunne tildele heidersmerker i bronse til fleire i turngruppa.

- Lars Mugaas Hegland
- Karoline Frederich
- Jan Roar Hovland
- Jon Eirik Kvalnes
- Lars Aasheim

Turngruppa gratulere med velfortent heider.

### Minneord om Elin Karlsen



Styret vart i 2019 så heldige at me fekk vald inn ei initiativrik og positiv mor som medlem. Det er viktig for oss å la alle medlemmene våre få ei stemme inn i turngruppa sine aktivitetar, og kven er betre til å gi oss gode innspel enn Elin med to aktive gutar i breiddegruppene og lang erfaring som starta med foreldre/barn-grupper på Langeland.

Elin Karlsen starta i turngruppa etter fleire år med sjukdom. Ho vart kreftsjuk nokre år i forvegen, og gjekk gjennom tøffe tider med aktiv behandling, opptrening og mange opp- og nedturar. Elin var på topp då me vart kjend med ho i styret, friskmeldt og full av pågangsmot!

Første gong Elin fekk vist fram sitt flotte vesen og positivitet til oss i turngruppa, var då me arrangerte vaksenturnstemnet i mai 2019. Ho gjekk på med liv og lyst, utan den villaste aning om kva eit slikt stevne inneheldt! Kakebakar, bartender, reinhaldsbyrå og sjukepleiar. Ho fekk verkeleg synt fram mange positive sider! Grunna korona har me diverre ikkje fått arrangert fleire aktivitetar i perioden til Elin i styret. Me er viss på at turngruppa har mista ei flott eldsjel som burde fått mange år saman med oss.

I 2020 fekk Elin den tunge beskjeden om at kreften var attende, og at den spreia seg i kroppen på ein slik måte at det ikkje var mogleg å stanse den. Elin, mest av alt mor til fire og kone til Trond, skulle ikkje få oppleve jula 2021. Elin gjekk bort med sine næraste rundt seg 30.september 2021.

Turngruppa minnst Elin som ei som spreier glede, positivitet og eit enormt pågangsmot.

# SIL ÅRSRAPPORT 2021

## SAK 9.1.3 - ÅRSMELDING TURNGRUPPA



### TRENINGSTILBOD OG TRENAROVERSIKT 2021/2022

Parti	Instruktører	Stad
Foreldre og barn 3-4 år	Sven Løkken Rolfsen	Leirvik
Foreldre og barn 3-4 år	Caroline Wolff, Sesilia Drivenes Holmedal	Langeland skule
Foreldre og barn 3-4 år og 5 åringar	Celina Solend	Hystad skule
Foreldre og barn 5 åringar	Linda Lundås Skjelbred	Langeland skule
Foreldre og barn 5 åringar	Malene Aasheim, Rebecca Hedin	Leirvik skule
Turn jenter 1.-2. klasse	Jon Eirik Kvalnes, Marielle Flatås Kvalnes, Tora Eik Breirem, Aleksander Furuhovde, Eline Røstbø Treeck, Elena Valvatne	Turnhallen
Turn jenter 3. klasse	Marielle Flatås Kvalnes, Tora Eik Breirem og Eline Røstbø Treeck	Turnhallen
Turn jenter 4. klasse	Marielle F Kvalnes, Elena Valvatne, Tora Eik Breirem	Turnhallen
Turn gitar 1.-2. klasse	Kristian Lunde, Lars Mugaas, Paul Skjønberg, Karl Grov og Aleksander Furuhovde	Turnhallen
Turn gitar 3.-4. klasse	Marielle F Kvalnes, Elena Valvatne, Tora Eik Breirem, Karl Grov, Torbjørn Ottesen	Turnhallen
Trampett/tumbling gitar/jenter 5.-10.klasse	Thea Elise Paulsen, Karl Grov, Torbjørn Ottesen Horneland, Vetle Hystad Aadland	Turnhallen
<b>Vaksenparti</b>		
Stemnedamene	Rullering	Turnhallen
Herrer mosjon	Kristian Lunde og Lars Mugaas	Vikahaugane og Hystad skule
Aerobic/step/zumba	Aslaug Grov Almås	Vikahaugane
<b>Konkurransparti</b>		
Apparat turn, aspirant, rekrutt	Jan Roar Hovland og Tobias Mortensen. Paul Skjønberg og John Bathgate som vikar.	Turnhallen
Troppsturn rekrutt <13 år - Tumbling/trampett - Frittstående	Thea Elise Paulsen, Lars M Heggland Karoline Frederich, Eline Røstbø Treeck, Marielle Flatås Kvalnes	Turnhallen
Troppsturn junior >13 år - Tumbling/trampett - Frittstående	Lars Mugaas Heggland, Lars Aasheim Karoline Frederich og Thea Elise Paulsen .	Turnhallen
Troppsturn senior >16 år	Karoline Frederich, Lars Aasheim og Lars M Heggland	Turnhallen

### Foreldre og barn, Leirvik, Hystad og Langeland

Foreldre/barn tilbudet til turngruppa har dei siste åra hatt noko ulikt tilbud. Dette tilbudet avhenger mykje av kva foreldre som tar på seg trenarrolle, og kor mange barn som vert påmeldt. I 2021 har me hatt tre 3-4-årsgrupper og tre 5-årsgrupper. Dei har hatt treningane sine på Hystad, Leirvik og Langeland skule.

På treningane er det fokus på turnleik og grunnleggjande motoriske evner. Alle ungane deltek saman med foreldra sine, og dette skapar også ein samarbeidsarena og eit samspel som er positivt på fleire områder. Enkle øvingar som framlengs rulle, balanseøvingar og hopp på springbrett er på planen. Samstundes nyttar me mykje tid på å gjera ungane trygge i uvante posisjonar, ved til dømes å stå på hovudet, ta baklengs rulle med meir. Her får dei sjansen til å utvikla seg ut frå eige ønsker og nivå.

Foreldre/barn-gruppene har ei trening i veka.

(Langeland skule 5-årsgruppa)



### Jenter turn 1.-4. klasse

Våre store grupper er blant jentene. Gruppene mellom 1. og 4. klasse er delt mellom jenter og gutar. Dette har vore gjort sidan gutane trenar i større grad grunnleggjande mot apparat-turn, medan jentene trenar meir mot troppsgymnastikk. Gruppene tel 25 gymnastar på det meste, og det er ventelister på alle jentegrupper. Jentene trenar trinnvis, og har eigen treningstid. Det har vore ført oppmøtelister for god smittesporing, og oppmøtet på gruppene har vore bra.

Hovudøvingane i desse gruppene er trampett, tumbling og frittstående. Treninga inneheld ei god blanding av turnleik, med innøving av enkle og grunnleggjande turnelement som framover og baklengs rulle, slå hjul, salto, flikkflakk med meir. Gruppene våre mellom 1. og 4. klasse er den største rekrutteringa me har til konkurranse-gruppene våre.

### Gutar turn 1.-4. klasse

Gutane frå 1.-4.klasse har vore delt inn i to grupper, slik som tidlegare. Ei gruppe med 1.-2.klasse og ei gruppe med 3.-4.klasse.

### 1.-2.klasse gutar

Av 25 deltakarar som var påmelde når me starta opp, var det fleire som aldri møtte fram. Me har hatt jamt 18 gutar på toppen.



Partiet er stadig populært. Me startar med dugleikstrening, og legg opp til enkle grunnøvingar som rulle framover og bakover, handståande, baning av flikkflakk, satstrening og hopp over bukk og kasse. Me trenar og førebuande satstrening til salto framover. Det er stor nivåskilnad på gutane, ikkje berre at det kan vera eitt års skilnad, men nokre har det «med seg» når det gjeld stil og, og her må me setja saman noko som er enkelt og raskt å gjennomføra i høve til tida me får på golvet.

I gruppa vil det alltid vera gutar som peikar seg ut som gode turnemne, der også foreldra viser stor interesse. Men me er usikre på om turngruppa har kapasitet til å ta i mot deira ønske, interessa deira er stor til å læra turn. Me har i år fleire som me må få til å gå vidare og få prøva seg i apparat. Me har gode instruktørar på denne gruppa, men ingen ser seg syn med å ta på seg meir instruksjonsarbeid.

### 3.-4.klasse gutar

Gutar 3. og 4.klasse byggjer vidare på det dei har lært dei første åra, og fortset styrkeprogram og innlæring av grunnelement. Det har vore nokre utfordringar knytt til ro og orden i gruppa, men gjennom eit foreldremøte og trygging av trenarane, samt eit tettare samarbeid med apparat-gruppa, har gutegruppa fått eit godt treningsmiljø og høgare trivnad.

Nokre av gutane har fått tilbod om å trena med konkurransegruppene våre, både troppsgymnastikk og apparatturn.

### Jenter/ gutar tumbling/ trampett 5. – 10. klasse

5.-10. klasse er delt i fire grupper etter klassetrinn. Fokus i treningane er tumbling og trampett. Alle gruppene er med jenter og gutar saman. Det har vore ei utfordring med veldig få gutar i forhold til jenter, ei utfordring som ut frå medlemsmassen vår kjem til å vara framover. Gutane seier sjølv og visar at dei trivst godt, sjølv med mange jenter! Sidan hausten 2018 har me hatt praksis å ta inn alle gutane frå venteliste og gi dei tilbod om trening. Ventelistene har difor ingen gutar i denne alderen.

For å få variasjon i treninga plar me å ha forskjellige oppvarmingsmetodar, og så noko som gymnastane får lov til å velja sjølv. Ettersom me er 3-4 trenarar på gruppene, delar me gruppene inn og lagar 2 eller 3 stasjonar. I løpet av treninga får dei vore gjennom alle tre stasjonane. Tøying og styrke er også ein viktig del av treninga deira, både for å førebyggje skader og få betre flyt i turning.

Mot slutten av 2021 vart det tilsett ny trenar på onsdagane, og Jonas Clausen kjem til å følgje gruppene i tida som kjem. Jonas er student på Høgskulen Vestland, og har fleire år som trenar for troppsgymnastikk i Stavanger på CVen. Me trur at det kan vera med å løfta kvaliteten i breiddegruppene.

### Herrer mosjon

Turngruppa har to grupper innan herrer mosjon. Desse trenar henholdsvis på Hystad skule og i gamlehallen på Vikahaugane sportssenter. Lars Mugaas og Kristian Lunde er drevne instruktørar, og gruppene tel 47 påmeldte deltakarar.

I 2021 har aktiviteten vore styrt av restriksjonar. Første halvår 2021 hadde gruppene svært få treningar, men kom godt i gang til hausten. Gruppa har tilpassa seg nasjonale retningslinjer og



gjennomført treningar etter beste evne. Det er diverre slik at vaksengrupper har vore sterkast råka av nasjonale reglar.

Partia har to treningskveldar i veka, og øvingsutvalet spenner seg frå oppvarming, balansetrening, styrke i ankel-, legg-, lår-, sete- mage- og ryggmuskulaturen i tillegg til bøye- og strekkmuskulaturen i armene. Ein legg stor vekt på ryggøvingar som mange har bruk for, og arbeider med økter med strikkar til styrketreninga og. Etter styrketreninga kjem ei god økt med uttøyingsøvingar, der ein startar nede ved beina og gjer øvingar som tek for seg stort sett heile skjelettmuskulaturen.

Med god oppvarming ligg alt til rette for god trening, og ulike ballspel. Treninga vert ofte avslutta med ein volleyballkamp. Gruppene har stabil medlemsmasse, og tek gjerne imot fleire medlemmer. Her får du ei real økt, godt for både kropp og sjel.

### Aerobic, zumba og step

Kvar måndag og onsdag fyller om lag 60 damer frå 16 år og oppover gamlehallen med aerobic og step - styrketrening og kondisjon. Treningane er sær populære, og gruppa er nokså stabil. Det er enno plass til fleire.

I 2021 har aktiviteten i denne gruppa og vore varierende etter koronarestriksjonar. Gruppa har tilpassa seg nasjonale retningslinjer og gjennomført treningar etter beste evne. Det er diverre slik at vaksengrupper har vore sterkast råka av nasjonale reglar.

I 2021 vart det innført ei rabattordning som gjer det mogleg å ta med seg dotter / mor på trening, utan å bli belasta med treningsavgift for begge to. Dette håpar me bidreg til auka medlemsmasse, og ny rekruttering til gruppa.



(Stemnedamene i aksjon på vaksenturnstemnet på Stord mai-19).

### Stemnedamene

# SIL ÅRSRAPPORT 2021

## SAK 9.1.3 - ÅRSMELDING TURNGRUPPA

---



12 medlemmer av turngruppa til Stord Idrettslag trener vanlegvis saman kvar måndag klokka 20 – 21 i turnkassen. Stemnedamene har med programtrening etter fast oppsett, og kvart år er det nye program som må lærast, alt etter kva stemne me skal delta på. I 2021 har det vore lite aktivitet, men i haust tok dei opp att trening. Stemnedamene ser fram til nytt kretsturnstevne på Stord i mai 2022.

Stemnedamene skulle vore med på Vestlandsturnstemne, og Golden Age om sommaren. Begge to vart avlyst. 2021 vart eit år utan mykje aktivitet, så stemnedamene ser no framover mot 2022.

Stemnedamene er ein positiv gjeng med høg alder og godt humør. Me ser lyst på det meste og er velvillige til å yte hjelp og delta på dugnader.



### Konkurransetropp i troppsgymnastikk

For konkurranseforma troppsgymnastikk, har trenarteamet haldt aktiviteten oppe etter beste evne under koronapandemien. Trenarteamet har i 2021 bestått av Lars Mugaas Hegland, Lars Aasheim, Karoline Frederich, Thea Elise Paulsen, Eline Røstbø Treeck og Marielle Flatås Kvalnes. Me har hatt fokus på kompetanseheving hjå eigne gymnastar som ønskjer å bidra som trenarar, og fekk gjennomført sikringskurs i ei tid som elles har vore prega av avlyste samlingar, konkurransar og samlande aktivitetar.

Troppen talde på det meste om lag 30 aktive gymnastar i klassane aspirant, rekrutt, junior og senior. Det har diverre vore ein del fråfall i denne gruppa, men og nokre nye opptak, og på slutten av 2021 var det 24 aktive gymnastar. I troppsgymnastikk vert det konkurrert i apparata trampett, tumbling og frittstående.

Trenarstaben har delt på oppgåvene på ein god måte. Me er viss på at det er mogleg å oppretthalde eit god tilbod om troppsgymnastikk i turngruppa i åra som kjem, men det krev eit kontinuerleg arbeid for å utvikle nye trenarar og knytte til oss nye. Me er glade for å ha knytta til oss eit par nye trenarressursar via Høgskulen på Vestland, og håpar at dei kan vera positive bidrag til teamet framover.



(Lagbilette Stord troppsgymnastikk nov-2019)

Det har vore ei krevjande tid å utvikle troppen i 2021. Mange treningar har vore avlyste eller avkorta, det har vore dels stort fråfall og gymnastane har ikkje kunna delteke på noko.

Gymfest, kretsmeisterskap, juleoppvisning og haustens konkurransar vart avlyst grunna Covid-19.

# SIL ÅRSRAPPORT 2021

## SAK 9.1.3 - ÅRSMELDING TURNGRUPPA



Konkurransegruppa i troppsgymnastikk har i 2021 bestått av:

Fornavn	Etternavn	Fødselsår	Klasse
Sunniva Huse	Olsen	2012	Aspirant
Ive Myklebust	Valvatne	2011	Aspirant
Hannah	Valvatne	2008	Junior
Othilie Kjøs	Horneland	2012	Aspirant
Mia	Endal	2010	Rekrutt
Erle	Birkeland	2010	Rekrutt
Pia	Vaula	2008	Junior
Oline Koppang	Skartland	2008	Rekrutt
Melissa Tufteland *	Aga	2008	Rekrutt
Amalie Skumsnes	Skålevik	2008	Junior
Elena	Magnussen	2011	Rekrutt
Tora Ertresvåg	Pedersen	2011	Rekrutt
Inger Engevik	Almås	2010	Rekrutt
Sjur Pettersen	Opdal	2009	Rekrutt
Filip Koppang	Nerhus	2010	Rekrutt
Ingrid *	Sagen-Roland	2008	Rekrutt
Jakob	Dalland	2008	Junior
Hannah	Valvatne	2008	Junior
Ida Synnøve Flatås	Kvalnes	2007	Junior
Pia Mathea *	Lilledal	2007	Junior
Hedda *	Myklebust	2007	Junior
Felicia Johansen *	Skaar	2007	Junior
Hanna Lovise	Vestbøstad	2006	Junior



# SIL ÅRSRAPPORT 2021

## SAK 9.1.3 - ÅRSMELDING TURNGRUPPA

---

Mia Laukhamar	Hauge	2006	Junior
Haldis Evensen	Espeland	2005	Senior
Tuva	Grimen	2005	Junior
Elena	Valvatne	2005	Senior
Aleksander	Furuhovde	2005	Junior
Tora Eik	Breirem	2004	Senior
Marielle Flatås	Kvalnes	2004	Senior
Thea Elise	Paulsen	2003	Senior
Eline Røstbø	Treeck	2003	Senior

Dei som er merka med \* er registrert som slutta ved utgongen av 2021.

### Konkurranseturn - Apparatturn

Apparatturn har fortsatt ein fin og framgangsrik aktivitet i 2021. Me har etablert eit godt nybyrjarparti med ivrige utøvarar som trenar med god kvalitet. Apparatturn rekrutterer aspirantar frå gutepartia i 1.-4.klasse.

Partiet består av 6 gutar. Tobias Mortensen har treningane med desse, i samarbeid med Jan Roar Hovland og Paul Skjønberg. Desse gutane har ikkje gjennomført noko konkuransar ennå. På grunn av koronasituasjonen vart og den første seriekonkuransen 2021 avlyst.

I satsingsgruppa har Jonathan Bathgate vore einaste aktive gymnast i 2021. Første halvdel av 2021 har det vore lite aktivitet, og Jonathan har trent saman med nybyrjargruppa til Tobias.

Jonathan deltok i to konkurransar i haust. Nasjonal rekrutt konkurranse i september og Vestlandsmesterskap i oktober. Jonathan vart nummer 9 i nasjonal konkurranse og 3. plass i Vestlandsmesterskapen.

Ved utgang av 2021 har me 7 utøvarar i apparatturn.



*Bilete frå Sunnhordland mars20*  
(Frå venstre: Kristian Semasko, Jonathan Bathgate, Noah Hovland)

Det er blitt laga eit treningsprogram og treningsplan, saman med video, som lagar eit enklare grunnlag for trenarar i startfasen. På denne måten er mål at det skal bli enklare å ta i bruk grunntrening av høg kvalitet med mindre erfarne trenarar/foreldre. Saman med god tildelt treningstid i hall er mål med dette å skapa eit godt grunnlag og miljø for auka aktivitet på høgt nivå, samt å ivareta det sosiale behovet i framtida.

Aktivitetsnivået i gruppa har vore sterkt prega av koronapandemien, og restriksjonar, prioriteringsbehov hos trenarar med meir. Me har diverre hatt noko fråfall i gruppa, og Noah Hovland har i 2021 vald å trekkje seg frå satsingsgruppa.



Konkurransegruppa Apparatturn har i 2021 bestått av:

Fornavn	Etternavn	Fødselsår	Klasse
Jonathan	Bathgate	2009	Aspirant
Noah *	Hovland	2008	Aspirant
Tobias	Fredheim	2013	Miniaspirant
Olav	Andresen	2011	Miniaspirant
Peter	Vedøy	2010	Aspirant
Phillip	Koppang	2010	Aspirant
Kasper	Jæger	2010	Aspirant
Michael	Anthun	2012	Miniaspirant

\* Er registrert som slutta desember 2021.

# SIL ÅRSRAPPORT 2021

## SAK 9.1.3 - ÅRSMELDING TURNGRUPPA



Me skulle hatt deltakarar på desse konkurransane / Aktivitetane 2021:

Konkurranse /Aktivitet	Stad	Dato
Seriekonkurranse Nr 1	Bergen	Avlyst
Regionsamling nr 1	Sandnes	Avlyst
Seriekonkurranse Nr 3	Bergen	Avlyst
Regionsamling Nr. 2	Bergen	Avlyst
Regionsamling Nr. 3	Stavanger	Avlyst

Apparatgruppa er svært avhengig av stabile trenarar. Jan Roar Hovland, Vetle Hystad Aadland og Tobias Mortensen har vore viktige ressursar dei siste året, men turngruppa må i tida framover ta stilling til korleis gruppa skal organisere tilbodet om apparatturn. Det er ei målsetting for turngruppa si side å få til ei stabil trenargruppe som på sikt kan gi eit tilbod både til nybyrjarar, mellomparti og ei mogleg satsingsgruppe. Det er planlagt oppretting av jenteparti innan apparatturn, i samband med utviding av treningsareal.





# SIL ÅRSRAPPORT 2021

## SAK 9.1.3 - ÅRSMELDING TURNGRUPPA

---

### ØKONOMI

Økonomien i turngruppa er god, og gruppa leverer eit positivt årsresultat på 54 400 kroner i 2021. Som ei følgje av koronarestriksjonar har turngruppa ikkje gjennomført planlagde aktivitetar som seriekonkurranse for turn gutar og den årlege juleoppvisninga. Det har heller ikkje vore lett å gjennomføre andre, inntektsførande aktivitetar, som til dømes dugnad for handballfestivalen. Turngruppa har lukkast å kome i hamn med overskot som følgje av ulike kompensasjonsordningar og hovudlaget si reduksjon av andel dagleg leiar og husleige.

Turngruppa arrangerte ei anleis 17.mai-feiring på Stord i 2021, og fekk inntekt gjennom salg av annonser i programavis og tilskot frå kommunen.

Til trass for nedstenging, valde turngruppa også i 2021 å oppretthalde lønsutbetaling til trenarane våre. Dette gjorde me all den tid treningsavgifta ikkje vart redusert for medlemmene våre. Det var samstundes eit tiltak for å hindre fråfall av trenarar i ein periode som me tidleg forstod ville bli langvarig.

Grunna restriksjonar, har det ikkje vore mogleg å gjennomføre trening for vaksne i første halvår 2021. Det er heller ikkje fakturert treningsavgift i denne perioden. Med ei medlemsmasse på 100 medlemmer over 26 år, vil det sei ei tapt inntekt på om lag 80 000 kroner.

Faste utgifter har gått som vanleg, og lønsutgifter, avskrivningar, vedlikehald og innkjøp av turnutstyr utgjer dei store kostnadane til gruppa. Vidare har gruppa omlag 30 prosent lågare overføringar av LA-midlar, grasrotandel og andre overføringar.

I 2020 gjorde årsmøtet eit vedtak om endring i treningsavgift. Endringa innebar ei auke i treningsavgifta, og den vart fastsett til å vera 1100 kroner per treningstime i veka, per år. Det er også bestemt ein makspris på 4500 kroner per år for junior/senior og 3500 kroner for rekruttar.



### **MAGNE MUGAAS FOND**

Det vart ikkje delt ut stipend i 2021.

Fondstyre: Jon Eirik Kvalnes, Lars Mugaas og Erik Skar.

Fondet har innestående 47.135 kroner.

### **LARS MUGAAS / KRISTIAN LUNDE FOND**

Det vart ikkje delt ut stipend i 2021.

Fondstyre: Jon Eirik Kvalnes, Anne Sissel Mugaas og Bjørn Arve Lunde.

Fondet har innestående 169.704 kroner.

### **VALKOMITE**

Etter førre årsmøte vart det ikkje valgt ny valkomite.

Stord, dato 16.mars 2022

Stord IL, turngruppa

Jon Eirik Kvalnes  
Leiar





# SIL ÅRSRAPPORT 2021

## SAK 9.1.4 - ÅRSMELDING SKIGRUPPA

---



Skigruppa, Stord IL Årsmelding 2021

### Sportsleg aktivitet.

- Eigne arrangement:

#### Rulleskirenn/kretssamling.

Kretssamling og terminfesta rulleskirenn for barn og ungdom har vore arrangert årleg i perioden 2013 til 2019 (med unntak for 2018). Kretssamlinga er fast inne på terminlista til Hordaland skikrets, og utgjør eit viktig bidrag til rekruttering og oppfølging av satsande skiungdom lokalt og regionalt.

Grunna utbrotet av Covid 19 vart skigruppa nøydd å avlysa kretssamlinga som var terminfesta i 2021 av smittervernomsyn.

#### Tysdagstrimmen:

Hausten 2021 dei tradisjonelle ti løpa. I tillegg vart dei fire løpa som vart avlyst hausten 2020 grunna korona pandemien avvikla. Totalt vart det dermed 14 løp hausten 2021.

Oppslutninga har vore noko varierende, der noko må skyldast til dels krevjande verforhold.

Skigruppa takkar dei trufaste hovudfunksjonærene Per Steinar Lunde og Audvald Kvamme. Namn og tider har vore på trykk i Sunnhordland.

#### **Treningar:**

**Barne- og ungdomsgruppa** har hatt faste treningar kvar veke med oppstart sesongen 2021/ 2022 etter 17. mai. Gjennom hausten er det gjennomført basistrening (løping med stavar og spenst) og rulleskitrening (klassisk og fristil). Treningane er lagt opp etter aldersnivå og under leiging av Kjell-Inge Engevik og Øyvind Gaute Berg.

Vinteren 2021 vart det gjennomført treningar på ski i lysløypa når skitilhøva har tillate det.

I tillegg til barne- og ungdomsgruppa sitt breddetilbod, har Stord Ski hatt to aktive ungdommar (junior) som driv konkurranseidrett på ski. Desse er Simen Engevik (2002) og Live Austlid Føyen (2005). Det har ikkje vore faste treningar for veteran-gruppa i 2021. Det er likevel fleire som trener saman etter nærare avtale, og deltek i konkurransar sommar og vinter.

#### **- Lokale renn på Stord:**

Grunna Korona pandemi, vart det ikkje høve til å arrangere skirenn med vanleg påmelding og deltaking. Det var arrangert to interne klubbrenn, begge med om lag 15 deltakarar. Det er også avvikla to treningsrenn på rulleskirenn for treningsgruppa med born og ungdom.



### - Deltaking på arrangement utanfor Stord:

Sesongen 2021 har i stor grad vert prega av restriksjonar grunna utbrotet av Covid 19 og svært få terminfesta renn vart gjennomført som planlagd.

Det vart gjennomført eit aldersavgrensa KM opp til junior i regi av Korlevoll. Frå Stord Ski stilte 6 deltakarar til start, med ein fin 2. plass for Mathilde Askeland Larsen (J11) som beste resultat.

Sommaren 2021 vart Blink (rulleski) gjennomført i Rogaland. Simen Engevik utmerka seg her med siger i juniorklassen (sprint).

Det vart ikkje avvikla norgescup for junior vinteren 2021.

### Andre skirenn

Grunna utbrotet av Covid 19 og av smittevernomsyn vart dei store turrenna avlyst i 2021.

### Andre saker

#### -Anlegg og dugnad

**Prestagardsskogen:** Det er gjennomført jamlege dugnader i regi av barne- og ungdomsgruppa, der løypa og nærliggjande areal er rydda for skog m.m. Engevik Byggsenter har velvillig stilt med utstyr for kosting av rulleskiløypa.

#### Aktivitetstilbod for born frå Heiane mottak:

Skigruppa har gjennom hausten gjennomført eit prosjekt med aktivitetstilbod til born og unge frå Heiane mottak. Prosjektet vart økonomisk støtta av UDI. Me hadde ein ettermiddag med demonstrasjon av rulleski, der born og unge frå vår treningsgruppe deltok som rettleiarar. Dette vart godt motteke. Det er i etterkant utlånt to sett med rulleski og tilhøyrsløysle som er stasjonert på mottaket. Me har i etterkant vert heldige og fått med oss ein gut frå mottaket på våre faste treningar.

**Lysløypa og Heio:** Årleg dugnad vart utført seinhaustes i lysløypa (to laurdagar), med rydding av traséane for greiner, røter, steinar og anna rusk.

Det vert også lagt ned ein betydeleg innsats i løypekøyering gjennom vintersesongen, særleg Magnar Hillesdal og Bernt Øyvind Vad har lagt ned mange dugnadstimar i løypemaskinen til glede for alle brukarar av løypenettet i fjellet.



# SIL ÅRSRAPPORT 2021

## SAK 9.1.4 - ÅRSMELDING SKIGRUPPA

---

-Ymse

**Heimesida: stordski.no Facebook**

**stordski.no:** Heimesida er jamleg i bruk. Sida vert nytta både til annonsering av arrangement (interne og eksterne), resultatservice og anna praktisk informasjon, ikkje minst løype- og føremeldingar om vinteren.

I tillegg ei open Facebook-side for Stordski. Sida er eit supplement til [www.stordski.no](http://www.stordski.no) og nådde eit breitt publikum på kort tid. Per i dag vert info om løypemeldingar, arrangement, resultat m.m. publisert på fjesboka og brukarane er mange.

**Mål- og aktivitetsplan:** Skigruppa har utarbeidd ein omfattande mål- og aktivitetsplan, med årleg rullering og årsmøtegodkjenning.

**Medlemmer:** Skigruppa har i 2021 fått treningsavgift innbetalt frå i alt 52 personar.

**Økonomi:** Økonomien til skigruppa er god. Viser elles til rekneskap for 2021.

**Gruppeleiing:** Etter valet på årsmøtet 17.2.2021 var styret samansett slik:

**Leiar:** Kjell-Inge Engevik, valt i 2021 for 1 år.  
**Styremedlemmer:** Øyvind Gaute Berg, valt i 2020 for 2 år. Erling Tyse, valt i 2020 for 2 år. Odd Stuve Rommetveit (kasserar), valt i 2020 for 2 år. Magnar Larsen, valt i 2020 for 2 år. Magnar Hillesdal (vara), valt i 2020 for 2 år. Styremedlemmene Bernt Øyvind Vad og Jarle Haugland stod ikkje på val i 2021.

I 2021 er det gjennomført 4 styremøte.

**Trenarar og oppmenn:** Øyvind Gaute Berg og Kjell-Inge Engevik.

Styret i skigruppa takkar alle som gjorde ein innsats for skiidretten på Stord i 2021.

Stord, 7.3.2022

Kjell-Inge Engevik  
Leiar

Odd Stuve Rommetveit  
Kasserar


Øyvind Gaute Berg  
Styremedlem

Erling Tyse  
Styremedlem

Jarle Haugland  
Styremedlem

Bernt Øyvind Vad  
Styremedlem

Magnar Larsen  
Styremedlem



## Årsmelding for Stord IL Skeisegruppa 2021

### Prosjekt Ishall.

Arbeidet med å realisere skeisehall på Vikahaugane går på fram. Det er gjort mykje godt arbeid i planlegginga av prosjektet. Reguleringsplan, detaljtegninger, innhenting av prisar osv er gjort. Forprosjektet er gjennomført. Arbeidet med å finansiere hallen er nok den delen som blir mest utfordrende. Mange gode krefter jobbar nå med dette. Me håper me lykkes med dette i løpet av 2022, for da å bygge i 2023.

Me vil takka våre trufaste sponsorer gjennom mange år for den viktige økonomiske støtta dei bidrar med slik at vi kan opprettholde den sportslige aktiviteten i gruppa.

### Takk til:

DNB  
Sparebanken Vest  
SR Bank  
Aker Solutions/Kværner  
SKL  
Øvrige sponsorer på Skeisekalenderen



# SIL ÅRSRAPPORT 2021

## SAK 9.1.5 - ÅRSMELDING SKEISEGRUPPA

---

### Styret 2021

Leiar	Henning Nordfonn
Nestleiar	Terje Almås
Kasserar	Onar Westerheim
Skrivar	Harald Westerheim
Styremedlem	Espen Nordfonn
Styremedlem	Svein Gunnar Notland

### Andre funksjonar:

Ispreparering:	Henning Nordfonn/ Jan Henriksen
Kioskstyrar:	Frank Einar Pedersen/Thomas Haraldsen
Stemneansvarlig:	Kjell Håvard Belsvik
Trenarar:	Kjell Storelid(elitegruppa/juniorgruppa) John Kvarme og Terje Almås(rekruttgruppa)

### Økonomigruppa:

Bjørn Dalen  
Henning Nordfonn  
Onar Westerheim

### Medlemer:

Skeisegruppa har 45 medlemer pr 31.12.2021

### Styremøter:

Det vart avvikla 2 styremøter i 2021

### Akivitatar/arrangement :

Årsmøtet vart avvikla 24.02.2021  
Gruppa arrangerte 2 rekruttløp/klubbløp på Vikahaugane i 2021.  
Gruppa har ikkje hatt dugnader pga Coronasituasjonen

### Drift av kiosk:

På grunn av Coronarestriksjonar har der ikkje vore ordinær drift i kiosken, men publikum har hatt tilgang til banen og utleigeutstyr. Thomas Haraldsen har halde orden på pingvinar og utlånsskeiser

### Drift av skeisebanen 2021

Det er Vikahaugane drift og vedlikehold ( eit a/s i Stord idrettslag ) som har ansvaret for drifta av skeisebanen. Anlegget leverer varme via varmpumpe til følgende skular: Leirvik skule, Stord vgs Saghaugen, ungdomsskulen og idrettshallane. Dette er med å sikre den økonomiske drifta av banen.

Drifta går meget bra. Alltid utfordrande å driva ein kunstisbane med eit slikt klima som vi har. I januar og februar var det lengre periodar med fint og kaldt vintervær, noe som resulterte i mange besøkende til anlegget. Grunna pandemien måtte me organisera med sjølvbetjening av skeiser og utstyr til besøkjande. Dette blei ei fin erfaring for oss, publikum leigde utstyr og betalte med vips. Dette er eit tillitsbasert tilbud som viser seg å fungere godt.

Gruppa legg ned enormt med dugnadsarbeid for å kunne tilby gode treningsforhold til aktive og publikum. Det er kjekt å sjå at anlegget på dagtid er så populært blant skular og barnehagar både frå Stord og nabokommunane

### Talentgruppa

Talentgruppa har dette året trent gjennom heile sommaren. Dei har vert på haust is i Stavanger og gått løp på Stord og i Bergen. Trenarar har vert Vegard Nylund, John Kvarme og Terje Almås

### Magnus Sørheim Nylund

Magnus har fortsatt sin gode framgang. Han har satt personlig rekord på alle distanser dette året

#### Personlige rekorder:

500m	53,30
1000m	1.48,98
1500m	3.05,24



### Atitat King Thongbandit

King har fortsatt sin gode framgang på isen. Han har satt personlig rekord på alle distanser dette året.

#### Personlige rekorder:

500m	57,60
1000m	1.51.94





### Rekruttgruppa

Rekruttgruppa har dette året bestått av 10 – 20 løparar. Dei har vert på haust is i Stavanger og gått løp på Stord og Bergen. Dei har trent tirsdagar og torsdagar, mange har også trent laurdag og søndag. Trenarar har vert John Kvarme og Terje Almås



# SIL ÅRSRAPPORT 2021

## SAK 9.1.5 - ÅRSMELDING SKEISEGRUPPA



### Veterangruppa år 2021

På grunn av koronasituasjonen har aktiviteten i gruppa vore sterkt redusert. Få konkurransar er blitt arrangerte. Alle internasjonale stemner vart avlyste.

Treningstilhøva på Vikahaugane har vore svært stabile, så det har vore råd å trenastilnærma normalt.

I gruppa er det i alt 5- 6 veteranar. 5 av desse har delteke på fylgjande løp:

**Kretsløp** : 2 deltakarar.

**OC-løp i Stavanger** 5 deltakarar

**Klubben held fylgjande noregs- og verdsrekordar pr. 31.12. 2021**

#### Verdsrekordar :

Onar M65 Stor firkamp 186,732

#### Noregsrekordar :

Onar M65 5000m 8,02.09 Hamar

Onar M65 10000m 16,34,60 Stavanger

Onar M 70 1000m 1,30,36 Inzell

Harald M70 5000m 8.33.23 Stavanger

Harald M70 10000m 17.47.43 Stavanger

### Årsbeste 2021

	500m	1000m	1500m	3000m	5000m	10000
<b>M50</b>						
Kjell Håvard Belsvik	44,18			4,47,55		
<b>M70</b>						
Onar Westerheim	48,92	1.37.24	2.32,21	5,18,32		
<b>M75</b>						
Harald Westerheim	52,47	1.44,24	2.37,97	5.29,18		
Jan Henriksen	52,13	1.48,89		2.54,89	7,00,19	
Frank-Einar Pedersen	63,74	2,08,75		6.39,71		



### Elitegruppa

Elitegruppa har denne sesongen hatt base på Stord og vert på samling i Stavanger og på Hamar. På grunn av Corona pandemien har det blitt gått færre løp og færre treningssamlinger. Trener for denne gruppa har dette året vert Kjell Storelid. Siste halvår -21 har John Granli og Marcus R. Kvarme prøvd tilværelsen i team Sørmarka sammen med Erlend Belsvik, som har vert der i tre år allerede.

### Thomas Haraldsen

Thomas har denne sesongen deltatt på løp i Stavanger, Bergen og på Stord. På KM All Round vart han nummer 1 i senior klassen. Thomas og har også bidratt med vedlikehold av utstyr på skeisebanen og vert ansvarlig for åpning og stenging av skeisebanen.

#### Personlige rekorder:

500m	50,43
1000m	1.42,25
1500m	2.36,33
3000m	5.48,15




### Marcus Kvarme:

Marcus har fortsatt sin enorme framgang på alle distanser. Marcus har blant annet gått tett på personlig rekord på 1000m dette året med 1.15.33 Marcus deltok i NM Allround 2021 og fikk sin beste plassering på 500m med ein 12. plass. Litt tynt med løp denne corona-sesongen.

#### Personlige rekorder:

500m	38,60
1000m	1.15,18
1500m	1.55,19
3000m	4.01,24
5000m	7.00,67
10000m	17.21,77



### Erlend Belsvik:

Erlend går siste året på vidaregåande skule i Stavanger og er med i Team Sørmarka med base i Stavanger. Han har satt personlig rekord på nesten alle distanser dette året. Erlend vart tatt ut til NM junior sprint, samt senior-NM allround. I senior-NM ble han nr 10 i sammendraget. Hans beste distanse var 10.000 meter der han ble nr 9.



### Personlige rekorder:

500m	38,89
1000m	1.16,51
1500m	1.56,46
3000m	3.59,44
5000m	6.58,15
10000m	14.28,76

### John Granli

John har satt personlig rekord på nesten samtlige distanser denne sesongen og fortsetter sin fine framgang på skeisebanen. Han vart teken ut til NM junior sprint og NM senior allround. På forsesongen -21 var John teken ut- og representerte Norge i Neo-Senior verdenscup i Inzell og i Innsbruck. Der gjorde han ein glimrande innsats og persa nær sagt på alt han stilte på. Seier på 3000m i Inzell var kanskje høgdepunktet.



### Personlige rekorder:

500m	37,31
1000m	1.11,70
1500m	1.47,49
3000m	3.42,33
5000m	6.59,30
10.000m	14.55,39

### Dina Storelid

Dina har i løpet av året persa på 1000m. Det har vore få løp i dette året men i NM junior sprint vart ho samanlagt nummer 10, beste enkeltplassering på 1000m med 7. plass. Ho vart også teken ut til NM senior allround der ho fekk 10.plass i samandraget.

### Personlige Rekorder

500m	43,87
1000m	1.26,32
1500m	2.11,14
3000m	4.36.56




### Simen Storelid

Simen har trappa litt ned. Men ein imponerende 3000m på 4.52,03 i Bergen i januar var ein sterk prestasjon.

### Personlige Rekordar

500m	44,01
1000m	1.30,13
1500m	2.12.62
3000m	4.42,92
5000m	8.23,81





# BANEREKORDAR

## KVINNER

300m 13. 02. 2016	Anja Sporsheim 28,99	Stord
500m 29. 01. 2005	Camilla H. Farestveit 47,50	BSK
1000m 12. 02. 2006	Hanne Haugland 1.37,50	Austevoll
1500m 28. 12. 2021	Dina Storelid 2.22,90	Stord
3000m 03. 01. 2021	Dina Storelid 5.00,49	Stord
5000m	Åpen- Kven tar utfordringa å bli første kvinne som går 5000m på Vikahaugene Kunstis?	

## MENN

300m 27. 12. 2014	Magne Notland 25,59	Stord
500m 27. 12. 2012	Magne Notland 42,00	Stord
1000m 30. 01. 2021	John Granli 1.21,00	Stord
1500m 05. 12. 2020	John Granli 2.05,37	Stord
3000m 28. 12. 2017	Magne Notland 4.09,28	Stord
5000m 28. 11. 2020	John Granli 7.29,57	Stord
10000m 02. 02. 2019	Erlend Belsvik 16.17,67	Stord

# KLUBBREKORDAR

## KVINNER

300m (VH)	Anja Sporsheim	Stord
13. 02. 2016	28,99	
500m	Anja Sporsheim	Calgary
18. 03. 2016	43,46	
1000m	Dina Storelid	Hamar
21. 11. 2021	1.26,32	
1500m	Dina Storelid	Heerenveen
29. 02. 2020	2.11,14	
3000m	Dina Storelid	Inzell
19. 02. 2022	4.35,92	
5000m	Grethe Valen	Kongsvinger
20. 01. 1985	8.55,21	

## MENN

300m (VH)	Magne Notland	Stord
27. 12. 2014	25,59	
500m	Magne Notland	Calgary
14. 03. 2015	36,60	
1000m	Magne Notland	Calgary
16. 03. 2017	1.11,04	
1500m	John Granli	Inzell
05. 12. 2021	1.47,49	
3000m	John Granli	Inzell
04. 12. 2021	3.42,33	
5000m	Kjell Storelid	Hamar
22. 01. 1999	6.30,05	
10000m	Kjell Storelid	Salt Lake
22. 02. 2002	13.27,54	





Årsmelding 2021 - Stord Volleyball



*Fra venstre oppe : Aktivitetsmesse på Vikahaugane, dugnadsarbeid på nye sandvolley banene på Nordbygdo, ungdommen stillar med muffins til arbeid.*

*Nede frå venstre: Sandvolley turnering på sommeren, HobbyVolley på hausten og opstart av minivolley.*

Året 2021 har vært prega av omstilling og det har vært vanskelig for langtidsplanlegging, same som året før. I heile klubben har det vært ei veldig stå-på vilje, både blandt spelera og blandt styret. Det er kjekt at den doble sandvolleybanen på Nordbygdo blei ferdigstilt og flitting brukt. Dette har ikkje vært mogleg utan dugnadsånden til spelarane våre.



# SIL ÅRSRAPPORT 2021

## SAK 9.1.6 - ÅRSMELDING VOLLEYBALLGRUPPA

---

### Styret

Leiar: Rikke Frafjord Ørstavik  
Nestleiar: Bendik Sierra  
Økonomi: Ole Sæbø Sævareid  
Sponsoransvarlig: Elisabeth Nonås Fylkesnes  
Styremedlem: Marie Djuve Aadland  
Ungdomsrepresentant: Adrian Misini  
Ungdomsrepresentant: Nanett Halwe

Det har vært gjennomført 8 styremøter, der alle har våre fysiske, og me har brukt møterommet vårt som ligger i gamlehallen. Styret har etter beste evne prøvd å fordele arbeidsoppgavene mellom styremedlemmene, slik at arbeidsbelastningen vert fordelt utover. Styret består av medlemmer i varierende aldersgruppe, der det er god takhøgde for nye forslag.

### Koronasituasjonen

Gjennom heile året har dei under 20 fått lov til å trene som normalt. På hausten starta treningar for resten av gruppene.

Det skulle egentlig vært NM i Bodø i slutten av september, men dette blei avlyst pga Covid. Ny dato for dette blei i mars 2022.

### Økonomi

Volleyballgruppa har hatt ein stabil økonomi igjennom året. På grunn av Covid har det vært perioder der ulike lag ikkje kunne trene, derfor er det ikkje sendt ut full medlemsavgift til alle gruppene i år. Den einaste gruppa som har trent fult er U19, så dei har fått tilsendt faktura for hausten 2021. Grunna gode søknadsordningar pga. Covid19 så har volleyballgruppa fått god økonomisk støtte for tapte inntekter, og i tillegg kunne me arrangere HobbyVolley på hausten, så me har god økonomi til å bygge opp klubben endå meir.

### HobbyVolley

Hausten 2021 kunne me endeleg arrangere HobbyVolley igjen etter ein lang pause på 2 år. Dette var ein dag som var sårt etterlengta, og det var stas å kunne få det i gang igjen. Me hadde 49 lag påmeldt og grensa er 50 lag, så ein kunne merke at volleyball gleda endå er der.

Me brukte eit nytt system for poengtelling og kampoppsett som gjorde det enklere for folk å følge med på poengstillinga og når kampene var. Det var litt teknisk krøll, men dette var første gong me brukte systemet, så me er optimistiske til at neste gong går det som smurt.

### Sandvolleyballbanen

Sommeren 2021 blei ein ny dobbel sandvolley bane etablert på Nordbygdo. Kommunen og Stord Volleyball jobba iherdig med å få dette i land, og takket vært dugnad frå medlemmane fekk me på plass 8 trailerlass med spesialsand frå Bornholm. Denne banen blei flittig brukt gjennom heile sommeren, og langt ut på hausten.

Sandvolleybanen på Vikahaugane blei ikkje prioritert denne sommaren, i og med at det var mest aktivitet på den nye.

Det blei stelt i stand ei turnering sommeren 21, der det var ca 16 oppmøtte. Det blei servert vafler og litt kaffe, det var venner og familie som kom for å sjå på og det var generelt god stemning den dagen. Me var ekstremt heldig med været denne nydelige sommersdagen. Me gler oss masse til fleire sånne turneringar framover.



### Ungdomsgruppa

Ungdomsgruppa har hatt Adrian Misini som trenar, og hausten 2021 begynte Oliver Solheim å bidra. På denne måten kunne gruppa dele seg litt meir opp å trene ut fra kva nivå dei er på.

I fjor øvde dei mykje på grunnteknikk, og smash. Dei har spelt paradiso og vanleg volleyball dei siste 45 minuttane av økta. Gruppa er 13 utøvarar per no men det er ein som lurar på å begynne. Ungene er på veldig ulikt nivå, der ein liten del av gruppa er veldig gode, mens ein stor del treng meir grunntrening, dette gjør at det blir vanskelig å lede øktene. Nokre øvelsar som kanskje er for lett for nokre, blir for vanskelig for andre. Når både Oliver og Adrian er på treninga prøver me å dele dei i 2 ut i fra nivå slik at alle har det gøy og føler på mestring- Dette er for å skape både idretts glede og motivasjon. Det har dessverre ikkje blitt gjort noko sosialt denne sesongen, og det har ikkje blitt fokusert på kamper mot andre lag.

Me håper at 2022 vil kunne tillate meir rekruttering på ungdomsskular og VGS, slik at klubben kan vekke interesse hos dei ungdomane som leiter etter hobbyen for seg.

### Jente 19

#### Våren 2021:

Første halvår var sterkt prega av redusert aktivitet og trening grunna Covid-19. Laget spelte ingen kampar, korkje i J19-klassen eller 3.divisjon. Treningane kunne stort sett arrangerast, og grunna lite smitte på øya var oppmøtet nokolunde bra. Men, ettersom jentene har vakse til blir skule og arbeid stadig viktigare og resulterer i at fleire i gruppa sluttar etter endt sesong 2020/2021.

#### Hausten 2021:

Troppen som held fram med regelmessige treningar tel om lag 10 spelarar, og laget får meldt seg på til NM U19 i Bodø i slutten av september. Uvissa omkring smittespreiing som pandemien fører med seg gjer likevel sitt til at NM blir avlyst. Det paradoksale er likevel at samfunnet opnar same helg som NM skulle vore arrangert. I staden for NM arrangerer Stord Volleyball ei oppkøyringsturnering saman med lokale lag frå Haugalandet før sesongen. Laget rekk å delta i to J19-seriehelger, med flotte andre plassar begge gonger, før omikronvarianten stenger ned all kampaktivitet ut året. Oppmøtefrekvensen på trening dalar jamt utover hausten, fleire treningar blir avlyste grunna stort fråvær. Laget jobbar godt som dommarar på HobbyVolley-oppstoda i november.



### Året under eitt:

Endre Bjørn bad om avløyning frå trenarjobben våren 2021, men han har halde fram og teke på seg ansvaret i mangel på alternative trenarressursar i klubben. Han har gjort ein framifrå innsats for å halde jentene i sving på trening i dette sterkt prega Covid-året. Geir gjer det som er nødvendig som oppmann. Det å vere eit avgangskull betyr auka innsats på skule og press på fritid og overskot til trening. Likevel, laget mobiliserer når det trengst! Marie og Nanett har vore gode representater frå spelargruppa i styret for Stord Volleyball!



### Dame senior

Dame senior, med sine 12 medlemmar starta opp med treningar hausten 2021. Det var perioder der treningar vart avlyst på grunn av nedsteningar, men gnisten var der gjennom heile perioden. Gruppa valgte å ikkje satse på å være i 2. divisjon dette året, men heller fokusere på å bygge opp ei stor gruppe.

Gjennom haust semesteret var eit par av spelarane frå U19 med på treningane, noko som me alle ser på som veldig positivt.

### Herrelaget:

I sesongen 2020/2021 er det fleire nye og unge spelara som har tatt steget opp til seniorane. Laget har fått rekrutert fleire vaksne, og det har blitt gjennomført ein brukbar sesong kor me kan få fysteplass i serien. Det har vært deltagelse på 4 turneringshelger, noko som auker gleda betydelig. Spesielt etter ein sesong der det har vært minimalt med treningar.

Det har vært utfordringar med oppmøte, noko som nok gjeld fleire lag og idretter i desse tider, men det blir alltid bra spel sjølv om ikkje alle stiller.

Håpar på ein god beachsesong og enda større oppmøte neste sesong.



### **Open trening**

Open trening var i gang hausten 2021, både onsdager og torsdager. Det har vært Oliver Solheim og Malene Sørli som har tatt ansvar for desse treningane. Dei har stilt opp og gjort ein svært god jobb. Styret tenker på å bytte namn til Hobbyvolley treningar, slik at me kan invitere fleire som vil delta på HobbyVolley til å trene seg opp saman med andre.

### **Veterangruppa**

Veterangruppa har ikkje hatt treningar denne sesongen.

Mars 2022

*Styret*



### ÅRSMELDING FRA IDRETTSMERKEUTVALGET 2021

Dette året var og hemma av Corona som året før. Me måtte utsetta prøvedagene litt. Men vi fekk det til med vasking av kuler og elles holdt god avstand. Håpar at 2022 komme inn i vanlige former.

Utvalet har hatt 3 kveldar om våren og 3 kvelder om hausten kor deltakarane har kunne avlagt prøvane.

27 har tatt Idrettsmerke i år. Nedgang dette året og. **Elles så vil vi fremdeles anmoda om at gruppene tar tak og får fleire til å ta Idrettsmerke. Her konkurrerer ein kun med seg sjølv. Veldig kjekt. Og det er øvelsar for alle.**

Oversikt over dei som har greid krava vart sendt til Hordaland Idr. Krets, Bergen.

Desse har vore i utvalet i 2021: Gisle Tjong, Per Lunde, Frank Pedersen og Marit S. Cruickshanks.

Utvalet vil takka Tools/Maskinhjørna AS for lysinga i Bladet "Sunnhordland".

Elles vil eg sei at det er ein veldig entusiastisk og kjekk gjeng som er med her. Kjekke å jobba saman med. Håpar å sjå deg på stadion i mai eller september.

Helsing

Marit Sætre Cruickshanks

Leiar Idrettsmerkegruppa



Etternavn/fornavn	F.år	Adresse	Lag	Ant.	Merke/ utmerkelse
AGDESTAIN, TOVE VIKANES	64	Ås 18, 5417 STORD	Stord Idr. Lag.	22	
ALMÅS, ASLAUG GROV	72	Sjoarbakken 20, 5411 STORD	----«----	29	
ALMÅS, MALENE GROV	97	Sjoarbakken 20, 5411 STORD	----«----	8	
BULIE, JAN	69	Hagastølen 19, 5414 STORD	----«----	1	Bronze
BØE, JAN	40	Sandbrekko 10, 5411 STORD	----«----	57	
CRUICKSHANKS, MARIT SÆTRE	51	Sponevikvn. 2, 5411 STORD	----«----	11	
DAHL, HELGE	53	Lauvdalen 93, 5412 STORD	----«----	35	
HAUGEN, HARALD	39	Tyselio 18, 5416 STORD	----«----	59	
HENRIKSEN, JAN	46	Brendehaugen 54, 5416 STORD	----«----	15	Statuetten
KVARME, JOHN	56	Håvåsen 69B, 5411 STORD	----«----	8	
LUNDE, KRISTIAN	36	ÅS 12, 5417 STORD	----«----	64	
LUNDE, INGA HELLAND	56	Sveene 32, 5416 STORD	----«----	4	
MATRE, HALLGEIR	53	Sjonarveien 22, 5416 STORD	----«----	38	
NILSEN, ANDERS GROV	74	Valevegen 56, 5416 STORD	----«----	29	
NILSEN, RAGNILD GROV	80	Klettevegen 119, 5258 Blomsterdalen	----«----	6	
PEDERSEN, FRANK E.	46	Stølshaugen 5, 5414 stord	----«----	21	
ROALKVAM, KÅRE	31	Roleghaugen 1, 5416 STORD	----«----	60	60 års merke med NIF Dipl.
SAUE, HANS ERIK	59	Trodlahaugen 144, STORD	----«----	13	
SAKSEID, MAGNE	50	Hjortåsen 90, 5412 STORD	----«----	44	
STEINSLAND, MARIANN	68	Amlivegen 3a, 5416 STORD	----«----	1	Bronz
TVERDERØY, HARRIET	47	Kappelen 2, 5410 SAGVÅG	----«----	44	
VESTBØSTAD, HÅKON	61	Sponavikvn. 32, 5411 STORD	----«----	44	
VESTBØSTAD, NINA	99	-----«-----	----«----	7	
ØEN, GERDA MALENE	52	Borggt. 63, 5417 STORD	----«----	35	
ØEN, JAN OVE	49	-----«-----	----«----	43	
AASHEIM, MARIE	46	Haugen 3, 5412 STORD	----«----	49	
ÅSE, WENKE	65	Apalvegen 60	----«---	6	

# Årsmelding allianse- idrettslag



*Idrettsglede heile livet*



## ÅRSMELDING FOR STORD FOTBALL 2021

### INNLEIING

2021 vart som venta eit år som på nytt vart svært prega av pandemien og restriksjonane som me fekk pålegg om. Puttefestivalen måtte avlysast for andre år på rad, og heile vårsesongen hadde store utfordringar for både store å små.

Når det er sagt kom me sakte men sikkert i gong med breiddefotballen og ein kunne igjen høyra dommarar som bles i fløyten på Vikahaugen. Og så, på seinsommaren tok dei eldste på seg dei svarte og kvite draktene. Og for ein start det vart. FK Haugesund var første motstandar i første obligatoriske kamp for herrelaget i Cupen. Eit festfyrverkeri av ein kamp som til slutt enda med seier etter straffespark-konkurranse. Historie vart skreve på Stord Stadion i den første kampen på over halvanna år.

Sjølv om Puttefestivalen måtte avlysast har det vore god aktivitet i klubben i 2021. Det har vore gjennomført seriespel for alle lag, og det er svært gledeleg å sjå at det er forholdsvis store årskull som kjem inn. Pandemien har nok ført til ein del fråfall, og då er det viktig at me får nye kull som har mange unge spelarar, samtidig som me jobbar med å holde på og rekruttere i dei eldre laga. Her blir det gjort mykje godt arbeid, men det er ikkje enkelt. Eit godt initiativ er gjort saman med Solid og Trott, og me har fått etablert AlleMe prosjektet som har som mål å rekruttere nye og gamle fotballinteresserte unge, samtidig som me blir kjent med andre spelarar og leiarar frå naboklubbane. Eit imponerende samarbeidsprosjekt som har gode sponsorar i ryggen og Trond Mohn som ein garantist for midlar som er nødvendig. AlleMe vart ein kjempesuksess og vil bli vidareført i 2022.

Stord Fotball har vore drive godt over lang tid, og me er stolte av å igjen levere eit økonomisk resultat som er betre enn budsjettert, sjølv om me i 2021 budsjetterte med eit lite underskot. Sponsorane våre er lojale, og det gir oss ein kontinuitet og rammeverk som trengst for å ta nye steg i både i kvalitet og resultat. Det er også gledeleg å sjå at prosjekta våre har fått ein ny vår og at det er fleire og fleire unge som er med.

Kvalitetsklubben er eit anna rammeverk som det blir jobba godt mot. Det meste er på plass strukturelt, og sjølv om me framleis må jobbe med etterleving, er i alle fall verktøya til stades.

Til slutt vil styret takke alle i administrasjonen, alle frivillige og alle spelarane for ein utruleg positivitet og innsats i ei vanskeleg tid. I mens me skriv denne årsmeldinga, har Noreg opna opp igjen og 2022 kjem til å bli eit fotball-år med fulle serierundar, turnerings-turar, overnattingar og ikkje minst Puttefestival. Styret har tru på idrettsglede, meistringsfølelse og gode resultat for både dei små, unge og vaksne.



# SIL ÅRSRAPPORT 2021

## SAK 9.3.1 - ÅRSMELDING STORD FOTBALL

---

### ØKONOMI

#### Rekneskap 2021 og budsjett 2022

Rekneskapen for Stord Fotball pr. 31.12.2021 syner eit driftsresultat med eit underskot på kr -161.811,-. Ordinært resultat inklusiv finanspostar viser eit underskot på kr -221.376,-. Eigenkapitalen ble redusert frå kr 3.288.903,- pr. 31.12.2020 til kr 3.084.197,- pr. 31.12.2021.

Budsjett for 2021 var negativt med eit resultat på kr -270.000 og med ei inntekt på ca. 6,4 mill kr. Rekneskapen viser ei samla inntekt i 2021 på ca. kr 6.716.700,-. Samla drifts-, vare- og kapitalkostnader var i 2021 ca. kr 6.938.000. Resultat for 2021 viser dermed eit resultat som er ca. kr 48.600 betre enn budsjett. Dette takka vera noko betre salsinntekter.

Samla langsiktig gjeld pr. 31.12.2021 er kr 3.356.942,-, der kr 1.436.942,- er lån i Sparebanken Vest, og kr 1.920.000 lån hjå Stord kommune. Totalt er dette ein reduksjon i langsiktig gjeld på kr 302.326 frå kr 3.659.268,- pr. 31.12.2020.

Låna som vart refinansiert i 2018 gjeld nesten i si heilheit finansiering av garderobeanlegga på Vikahaugane og Langeland, og Klubbhus på Vikahaugane.

Avskrivningar og renter knytt til garderobebygga, klubbhus og bil utgjorde ca. kr 294.000,- i 2021.

Styret viser til revidert rekneskap med noter.

Rekneskapet er i 2021 ført av ECIT Stord AS

KPMG har revidert rekneskapet for Stord Fotball i 2021.

Styret legg fram eit budsjett for 2022 til årsmøte som viser et underskot på kr -340.000,- og ei inntekt på ca. kr 8,1 mill.



### ORGANISASJON OG TILSETTE

Stord Fotball har i 2021 hatt det tolvte året som eige idrettslag i allianse med Stord Idrettslag.

9. desember 2009 vart det i ekstraordinært årsmøte i Stord IL vedteke at Stord IL skal organiserast som eit allianseidrettslag. I skipingsmøte same dag vart Stord Fotball skipa som eige sær-idrettslag i allianse med Stord IL.

Samla har det vore 52 lag i Stord Fotball i 2021, medrekna 12 trear-lag. Dette er om lag like mange lag som i 2020.

Det var registrert ca. 500 medlemmer i 2021. I tillegg kjem trenarar, oppmenn og lagleiarar som samla utgjer ca. 130 engasjerte kvinner og menn.

Roger Matre har vore dagleg leiar i 2021. Han vart tilsett i Stord Fotball ved årsskiftet 2014 / 2015 etter at Stord Fotball og Sunnhordland Toppfotball slo seg saman. Robin Øvrevik og Jon Andre Røyrane er tilsett i delte stillingar mellom administrative oppgåver og trenarar for aktivitetar knytt til talentutviklinga i både barne og ungdomsgruppa. Espen Haugland har hatt ei viktig rolle i drifta av Akademiet.

Åge Aadland hadde i 2021 ein 25% stilling. Åge si hovudoppgåve har vore rekneskap.

Jon Andre Røyrane hadde sin siste dag i Stord Fotball 15. desember 2020, men han kom tilbake i august 2021, i same rolle som tidligare.

Frå 01.01.2020 vart Kim Rønningstad tilsett som hovudtrenar for senior herrer med delansvar for Akademiet og Talentskulen. I 2021 var Kim Rønningstad sine arbeidsoppgåver knytt til senior herre og G-19. Avtalen med Kim Rønningstad vart avslutta i desember 2021.

I 2021 har det vore lite sjukemeldingar og anna fråvær.

I tillegg har sjølv sagt Covid-19 påverka Stord Fotball, men heldigvis klarte Stord Fotball å unngå permitteringar i 2021.





# SIL ÅRSRAPPORT 2021

## SAK 9.3.1 - ÅRSMELDING STORD FOTBALL

---

### VISJON OG MÅLSETJING

Stord Fotball sin visjon er nedfelt i mottoet «Breidde og Topp».

Stord Fotball har ei målsetjing om å gi alle som vil spela fotball eit tilbod som er ei positiv oppleving i lag med vener i eit trygt miljø. Visjonen og rammene våre skal danna ein trygg stad der den enkelte skal føla på meistring i saman med laget sitt. I tillegg vil Stord Fotball og gi eit tilpassa tilbod til dei som ynskjer å trenast meir.

Stord Fotball ynskjer at barn og ungdom i klubben skal trivast og føla meistring i fotballaktiviteten sin. Det er viktig for klubben å gi spelarane våre variert og utviklande tilbod som gjev dei motivasjon til å drive med fysisk aktivitet. Klubben ynskjer at tilbodet skal gi ein kombinasjon av lagspel og individuell utvikling, der god helse og fysisk dugleik er bærekrafta i ein sunn konkurranse med jamaldrande.

Tilbodet skal ivareta dei nedfelte verdiane i klubben som er venskap, identitet, inkludering, nærleik, kvalitet og utvikling. Me ynskjer med dette at me kan medverka til at borna og ungdomane våre utviklar gode haldningar basert på gjensidig respekt både på og utanfor fotballbanen.

Som Kvalitetsklubb jobbar Stord Fotball med fokus på at det er «Klubben som er sjef» og har etablert ein god organisering med Sportsleg utval som har ansvar for å følge opp laga og trenarane våre, med fokus på rammene våre nedfelt i sportsplanen. Me har fått på plass andre viktige roller som dommeransvarleg og rekrutteringsansvarleg og har fokus på opplæring av trenarar, lagleiarar, dommarar og styremedlemmer. Som Kvalitetsklubb er målsetninga vår å følge krava til NFF for opplæring. Løftet som me gir klubben gjennom slik opplæring kjem barna og ungdomane våre til gode, og det er viktig for oss. Gjennom motivasjons – og spelarutviklingstiltak for barn og ungdom i prosjekta våre ynskjer me å gi eit tilbod med høg kvalitet til både medlemmar i Stord Fotball og også til andre klubbar i regionen.

Stord Fotball har i 2021 fulgt vår nedfelte strategi når det gjeld rekruttering til seniorlaga for menn og damer med fokus på ein balansert kombinasjon av eigenutvikling og tilføring av nye spelarar frå andre klubbar. Me har som mål at kvalitet og satsing på sportsleg utvikling vil gjere Stord Fotball til ein attraktiv arena og førsteval for motiverte og treningsviljuge fotballspelarar i regionen.

Strategien for seniorfotballen har gitt motiverte og treningsviljuge ungdommar eit springbrett vidare og i 2021 har me og hatt fleire spelarar som har teke steget til høgare nivå i klubbar i både Bergen og Haugesund. Dette er noko me i Stord Fotball er svært stolt over.



### KLUBBUTVIKLING

Styret i Stord Fotball vil ha fokus på ei målretta utvikling av klubben kor me alle dreg i same retning. Ei utvikling kor det er samanheng mellom det me seier og det me gjer og kor ein sunn og føreseieleg økonomi ligg i botn for aktivitetsnivået på alle plan. Det økonomiske resultatet for 2021 er tilfredsstillande, og er eit godt grunnlag å byggje vidare på. Me skal byggje ein robust og profesjonell organisasjon kor samhandlinga mellom dei friviljuge og dei tilsette er nøkkelen til sportsleg og organisatorisk vidareutvikling under mottoet «Breidde og Topp».

Ein vesentleg del av organisasjonsutviklinga vil vere retta mot eit felles verdigrunnlag som skaper identitet og klubbkjensle. Dei fysiske omgjevnadane for Stord Fotball er til stades gjennom full råderett over «Speakerbua» med fotballstova som møteplass, samt klubbhuset også kalla «Nye fotballstova» som var klar for innflytting våren 2018.

Den organisasjonskulturelle arena for samhandling, entusiasme og trivsel krev bevisstgjerung om kven me er, og kva med står for frå alle medlemmane på alle nivå.

Kvalitetsklubb prosjektet som har fokus på at det er Klubben som er SJEF har pågått over fleire år, der me i etappar har fått på plass dokumentasjon og gjennomført aktiviteter ihht. Fotballkretsen sine 22 kriterier, som ligg som krav til kvalitetsklubb sertifiseringa. Sportsplanen er eit av dei viktigaste dokumenta, og er grunnlaget for korleis den sportslege aktiviteten i laget skal drivast. Denne planen har vore revidert i dei sportslege utvala våre og den viktige delen er å få organisasjonen til å ta eigarskap til denne. Framover er det Sportsleg utval som har ansvar for å påsjå at denne vert etterfulgt og følge opp at nye trenarar/lagleiarar får kjennskap og eigarskap til denne. Eit anna viktig kriterie er trenarutdanning og krava som skal vera oppfylte der. I haust/vinter har ein jobba iherdig for å få trenarane våre på kurs. Kjersti Klingsheim har også i 2021 hatt ansvaret som utdanningsansvarleg, og har gjort ein svært god jobb med å følge opp at trenarane er blitt kursa, enten på kurs i egen regi eller frå kretsen si side. Gjennom kvalitetsklubb prosjektet har me fått på plass klare rollebeskrivelsar for alle dei viktige rollene i organisasjonen vår. Noko me meiner vil gjera det enklare å rekruttera frivillige inn i Stord Fotball. Stord Fotball vart i 2020 klar for sertifisering som Kvalitetsklubb på nivå 1. Sermonien er utsatt p.g.a Covid-19.

Sportslege mål når ein ved hardt og målretta arbeid over tid. Om me har fokus på dei rette oppgåvene og tiltaka kjem suksess og måloppnåing som eit naturleg resultat av rett prioritering. Me ser no resultatet av mange års fokus på kvalitet i treningsarbeidet gjennom "Leirvik Talentskule" med påfølgjande satsing gjennom "Jenteløftet" og "Teknikkskulen" og "Akademiet" (Fotball SFO) for dei yngste.

Stord Fotball er heilt avhengig av eit næringsliv som ser verdien av å støtte organisasjonen sin aktivitet i lokalsamfunnet. Me ynskjer eit ope og nært forhold til våre sponsorar, og trur at me saman kan vere med å skape eit positivt oppvekstmiljø og moglegheit for sportslege utfordringar i alle aldersgrupper. Styret vil takke sponsorar og samarbeidspartar som har gjort det mogeleg å drive Stord Fotball i 2021, og ser fram til mange gode stunder på Langeland, Ås og Vikahaugane framover.



**Stord Fotball vil rette ei stor takk til alle sponsorane som har støtta oss i 2021.**





### **SPELARUTVIKLINGSTILTAK 2021**

Stord Fotball har i 2020 hatt nokre spelarutviklingstiltak som unge spelarar i Sunnhordland har kunna nytta seg av.

**Telenor Xtra** – ei fritidsordning med hovudvekt av fotball. Dette er eit sportsleg og aktivt alternativet til den ordinære skule fritidsordninga. Jamt rundt 30 deltakarar i 2021- oppløftande på jentesida, med 8 jenter ved årsslutt. Pia Østrem og Sverre Skjold Olsen har vore ekstrahjelp. Jon Andre Røyrane og Robin Øvrevik har vore hovedtrenarar.

**Jenteløftet, Leirvik XTRA og Talentskulen** danna nytt prosjekt under felles namnet **Subshore Akademiet**.

Hausten 2021 starta me opp med Subshore Akademiet – Talentskulen. Dette er eit spissa treningstilbod til gutar født 2007 og 2008. 32 spelarar meldte seg på, berre 20 fekk plass. Spelarar frå Stord, Fitjar, Trott og Trio er med. Øktene vert leia av Jon Andre Røyrane, Andreas Brakedal Eide, Heine Nysæther og Robin Øvrevik

**Subshore Akademiet - Jenteløftet:** 24 jenter frå årskulla 2008 og 2007. Spelara frå Fitjar, Stord, Trott, Trio og Halsnøy. Trener ilag kvar måndag etter skuleslutt.

**Subshore Akademiet** – 4.-7.klasse

Ved utgongen av 2021 var det påmeldt 64 spelarar. Desse kjem frå ulike klubbar: Stord, Trott, Solid, Moster og Rosendal.



# SIL ÅRSRAPPORT 2021

## SAK 9.3.1 - ÅRSMELDING STORD FOTBALL

---

### ANLEGG

I 2014 kunne Stord Fotball flytte inn i egne garderobebygg både på Langeland og Vikahaugane. Bygging av garderobeanlegga og klubbhus vart gjennomført utan finansiell medverknad frå Stord kommune. Stord Fotball har realisert og fullfinansiert prosjekta sjølv med låneopptak, eigenkapital og spelemidlar. Bygga har allereie vist seg å vera ein suksess og føresetnaden for gjennomføring av terminfesta kampar på Langeland og Vikahaugane.

Fullføring av klubbhusdelen på Vikahaugane var satt litt «på vent». I 2016 vart samanbygging av «Fotballstova» og «Klubbhuset» med tilhøyrande universelt utforma tilkomst og uteområde fullført. Klubbhuset Vikahaugane var fullført våren 2018, og er no ein viktig møteplass for alle medlemmane i Stord Fotball. Styret vonar at klubbhuset og miljøet som vert skapt gjennom ein trygg sosial møteplass vil skape identitet og motivasjon for å drive med idrett. I 2021 har klubbhuset vore mindre brukt enn ein ynskjer. Dette p.g.a situasjonen med Covid 19.

Ein har òg, i 2021, utvida kjøkkenet i klubbhuset, den har fått opp veggjar med vindaug i, slik at ein får ei kiosk-løysning, samt fått inn steamer. Her har Sparebanken Vest gitt midlar som har kome godt med.

Stord Fotball har søkt Stord kommune om lån og finansieringsmedverknad for garderobe – og klubbhusanlegga. Totalt er det utbetalt 3,0 mill. kr. i spelemidlar for garderobar og klubbhuset; 1,0 mill. kr. for kvart anlegg.

I 2021 vart heile 1.etg. i Speakerbuo pussa opp. Stord Kommune har betalt alt, medan Jonathan Zaneski har utført jobben på dugnad.

#### Baneanlegg

Dei «nye» kunstgrasbanane på Ås og Langeland gjer at både trening og kamplogistikken i barne- og ungdomsfotballen vert planlagt og gjennomført på ein meir oversiktlig og rasjonell måte enn tidligare.

Kunstgrasbanen på Vikahaugane står fram som eit moderne, komplett og brukarvenleg anlegg og har vært hovedarena for mangen lag denne sesongen. Grasbanen på Vikahaugane var i god forfatning i sesongen 2021. Senior herre nytta grasbanen som heimearena i 2021. Det er von om at Stord kommune skal rehabiliterer grasbanen i 2023-2024.

Styret er no involvert i utarbeiding av planer for bygging av tribunetak. Setene på tribunen mot grasbanen vart skifta våren 2020. Nye innbyttarbenker på grasbanen vart og ferdigstilte før sommaren.



### DOMMARAR

Årets dommarsesong vart også i år amputert ift Covid 19. Vårsesongen vart kansellert – heldigvis så opna regjeringa breiddefotballen i august slik at haustsesongen gjekk stort sett som normalt, men med færre lag i dei forskjellige avdelingane eller halv serie.

Ved utgangen av 2021 var me 8 aktive autoriserte dommarar i Stord Fotball (1 dømmer i Rogaland Fotballkrets). Det er ein nedgong på to, men Stord Fotball har likevel nok dommarar ihht antall lag. Stord-dommarane hadde til saman 151 kampar i ungdom og seniorfotballen gjennom sesongen, noko som må seiast å vera veldig bra. I tillegg hadde me ca 45 treningskampar – dei aller fleste for lag tilhøyrande klubben.

Dommargruppa har ikkje hatt eigne samlingar i 2021, men dei fleste av oss deltok på eit sonemøte i februar og eit i november med dei andre klubbane i Sunnhordland og kretsen. Fokus der var bl.a. å fortsette å løfte samarbeidet på tvers av klubbane og rekruttering av nye dommarar. I tillegg sprang 4 av dommarane fysisk test for å kunne dømmе i 4. div som assistentdommar.

Det er ved utgangen av 2021 kun 16 autoriserte dommarar tilknytt laga i Sone Sunnhordland. I tillegg er det 3 som representerer andre klubbar, men som bur i sonen. Dette er for lite, og det er det fokus på både frå krets og dommaransvarlege å rekruttere fleire – målet er å få 8-10 personar på rekrutteringsdommar-kurs til våren.

I mai var rundt 20 ungdommar frå G/J 13 laga på klubbdommarsamling. Dei gjorde ein kjempejobb med dømming i barnefotballen gjennom haustsesongen – berre gode tilbakemeldinger. Har òg hatt 3 dommarar på kurs i 9`er fotball – målet er å få desse med vidare som rekrutteringsdommarar i 2022.

3 av dommarane i klubben deltok under AlleMe Cup i november på Nysæter. Eit veldig bra tiltak.

I Sunnhordland er det som sagt ved inngongen til 2022 manko på dommarar. Ein bør oppmode både vaksne og ungdommar, som av ein eller anna grunn gir seg/trappar ned med fotball, til å ta rekrutteringsdommar-kurs som blir arrangert kvar vår i sonen vår – neste kurs er planlagd 12.-13.mars 2022 på Moster.



# SIL ÅRSRAPPORT 2021

## SAK 9.3.1 - ÅRSMELDING STORD FOTBALL

---

### KURS OG UTDANNING

På grunn av covid- 19 pandemien, så vart teoriøktene til grasrottenarkursa arrangert via teams. Dette var ein stor suksess, og Stord hadde mange trenarar som tok både delkurs 1 og 2 våren 2021.

Dei praktiske øktene vart arrangert på Vikahaugane, og gjennomføringa av dette var god. Me prøvde å arrangera delkurs 3 og 4 på denne måten òg, men på grunn av for få påmeldte så lot ikkje det seg gjera.

Hausten 2021 var det igjen tid for kurs, men då med fysisk oppmøte på både teori- og praksisøktene. Det var vanskeleg å få med nok deltakarar, så det var lite kursaktivitet denne hausten.

Våren 2021 starta ein deltakar frå Stord med Trenerveileder-utdanninga, og denne utdanninga skal vera ferdig i februar 2022.



### **KVÆRNER PUTTEFESTIVAL**

I 2021 skulle Puttefestivalen arrangerast under namnet Aker Solutions Puttefestival. Etter «corona»-avlysninga i 2020, var arrangementskomiteen svært så lystne på at me skulle få det til i 2021. Men, desverre gjekk det ikkje slik. Også i 2021 måtte me avlyse.

Arrangementskomiteen planla for arrangementet heile våren og sommaren, men i slutten av juli såg me at retningslinjene ikkje gav rom for arrangementet.

Arrangementskomiteen skal ha all mogleg ros og honnør for at dei heile våren og sommaren var positive og innstilte på å arrangere Puttefestivalen. Dette for å gje 1000-1200 fotballglade born nok ei kjekk og god putteoppleving på Vikahaugane. At me igjen måtte avlyse, skal me bruke som inspirasjon for å få det til i 2022. Så kryssar me fingrane for at alle våre trufaste samarbeidspartnarar vil vera med oss då òg.





### ØVRIGE ARRANGEMENT

**Stord Fotball har i 2021 arrangert følgjande:**

Fotballskule i vinterferien, ei veke i februar.

Tine Fotballskule, ei veke i juni.

Fotball- og aktivitetsskule, ei og ei halv veke i august.

Sommarklubb, 3 veker i juni og juli.

Fotballskule i haustferien, ei veke.

Fotballdag, 4 gonger, på planleggingsdagar.

3v3 cup, inne, i november.

Puttefestivalen, Romjulscupen, 3v3 i feb./mars og ungdomscup i januar vart alle avlyst p.g.a. Covid-19.



### ESPORT SATSING

Norges Fotballforbund arrangerte høsten 2021 nytt norgesmeisterskap i FIFA22 på playstation. Turneringsformatet blei endra der ein i 2020 konkurrerte i kretsar basert på dei gamle fylkene blei det denne gangen delt opp i regionar bestående av fleire fylker. Stord Fotball var representert i region vest som hadde heile 8 grupper bestående av totalt 25 lag.

Stord Fotball havna i gruppe F med laga FK Fyllingsdalen og SIF/Hessa IL som konkurrentar om ei topp 2 plassering.

Gruppeteilet starta med tre kampar mot SIF/Hessa IL der Stord Fotball vant ein, tapte ein og spelte siste kampen uavgjort. Neste 3 kampar for å gå vidare frå gruppeteilet var mot FK Fyllingsdalen der første kamp enda med tap, andre kamp vant ein og siste og avgjerande kamp for å gå vidare endte diverre med tap. Dermed gjekk ikkje Stord Fotball vidare frå gruppeteilet. FK Fyllingsdalen vant region vest der dei spela finale mot Sportsklubben Brann.

Torsdag 3. mars og mandag 7. mars får vi svaret på kven som kjem seg vidare frå runde 4 i årets Norgesmeisterskap, og med det kan booke tur til sluttspillet på Ullevaal Stadion lørdag 2. april. Både FK Fyllingsdalen og Sportsklubben Brann er komte seg vidare til runde 4.

Stord Fotball håpar no at det blir oppretta liga dei ein kan spela kampar kvar veka og at ein kan arrangera fysiske turneringar i klubbhuset ilar. 2022.



# SIL ÅRSRAPPORT 2021

## SAK 9.3.1 - ÅRSMELDING STORD FOTBALL

---

### SENIOR MENN

Sesongen blei innhalds- og opplevingsrik.

Ein engasjert og ivrig spelargruppa med sterk lokal profil har vist ein imponerende treningsiver gjennom ein krevjande koronatid. To år med trening og få kampar har tært på, men krafta i ein sterk treningskultur og profesjonell tilnærming ber rike frukter.

Kampsesongen starta med ein opptur av dei sjeldne. Ein knallsterk cupsiger over eliteserielaget og nabo i sør, FK Haugesund, på Stord stadion i NM 1. runde i slutten av juli, førte til stor merksemd over heile landet og det ga laget ein boost.

Den intense haustsesongen ga litt svingande prestasjonar på banen. Men på sitt beste viste laget ein kraft, iver og tæl som ber bod om gode tider. I fleire kampar viste laget at ein verkeleg kan hevda seg mot dei beste. Det teiknar godt inn mot kommande sesong.

Det er også fint å sjå at fleire juniorgutar har tatt steget og blitt ein del av A-laget både gjennom trening og kampar.

#### Apparatet rundt laget:

Kim Rønningstad - hovudtrenar  
Robin Øvrevik - hjelpetrenar  
Heine Nysæther Storevik - assistent  
John-Andrè Njåstad - keepertrenar  
Jan Aksnes - materialforvaltar  
Ivar-Andrè Vedå - materialforvaltar



### JUNIOR 1

Sesongen 2021 blei ein svært god sesong både sportsleg og sosialt. Laget starta opp i januar med fire fellesøktar og to eigentreningsøktar – alt saman i ein profesjonell tilnærming med dyktige trenarkrefter.

Begrensningane knytt til pandemien blei handtert på ein på ein god måte. Gjennom vårsesongen blei det nokre treningskampar mot lokal motstand, og gjennom haustsesongen viste gruppa at det gror svært godt. Laget vart suveren vinnar og kretsmeister i Hordaland fotballkrets.

Den gode treningskulturen med god dedikasjon frå alle i gruppa har sett spor og festa seg. Gruppa er attraktiv og har tiltrekt seg mange talentfulle spelarar frå distriktet. Fleire av spelarane har og vore jamleg innom klubben sit A-lag både på trening og i kampar, og gruppa har hatt hospitantar frå vårt eige G16-lag. Ein slik nær kopling er ein styrke og viser at ein kan gå heile vegen i eigen klubb. Målretta og godt arbeid i kvardagen gir resultat.

Gjennom sesongen har ein og lagt til rette for viktige sosiale arrangement som felles måltid, sjå kampar i lag og det å dra på avslutningstur til Bergen.

Gruppa er glad for at det vert kontinuitet på trenar- og lagleiar-sida inn mot 2022-sesongen.

Gruppa har talt 20 spelarar.

Trenarar 2021: Kim Rønningstad og Heine Nysæther Storevik.

Lagleiarar: Kjersti Klingsheim Høgås og Trond Eirik Samdal Nielsen



# SIL ÅRSRAPPORT 2021

## SAK 9.3.1 - ÅRSMELDING STORD FOTBALL

---

### JUNIOR 2

Årets sesong har vore ein sesong av litt varierende karakter. Treningsmessig starta det bra i vinter med nærare 35 spelarar på enkelte økter. I periodar var det godt driv med tre økter i veka og jamt stabilt oppmøte på rundt 20 spelarar. Gjennom våren blei det nokre treningskampar mot lokale lag, og gruppa stilte bra rusta til start i 1. divisjon Rogaland og haustsesongen.

Gjennom sommaren mista laget ein god del spelarar til utanbys studiar og militæret. Utover hausten vart det igjen nye covid-restriksjonar med mykje uvisse, som nok også prega motivasjonen hos gutane. Det vart difor etterkvart krevjande å mønstre lag i enkelte kampar. I ettertid ser ein også at det hadde vore meir teneleg for laget å vore påmeldt i ein lågare divisjon.

Ein beslutta difor til slutt å trekke laget frå seriespelet midt i haustsesongen. Etter eit allmøte saman med gutane valte ein likevel å halda fram med å trene to økter i veka. Spelarane ønska å halde i gang aktiviteten og ha eit tilbod, og dei organiserte mykje av aktiviteten sjølv.

Ved inngongen til kommande sesong opplever vi at det er kome ny energi i gruppa. Gruppa skal framleis ha ein god sosial profil, men ein ønsker i større grad å styrke den sportslege sida. Det lovar godt.

Trenarar 2021: Jan Erik Stenberg, Terje Eriksen og Svein Ove Eikenes  
Lagleiar 2021: Signe Kristin Hovland.



### DAMER 1

#### Damelaget

Sesongen 2021 har også vært prega av Covid19 og korona. Dette har gjort at det kun blei ein halv sesong. Laget trena jamt og trutt gjennom heile vår-sesongen i henhold til dei ein kvar tid gjeldane koronarestriksjonane. Laget har spela i 2. divisjon denne sesongen. Serien starta 15. august og det vart til saman 11 kampar, to singlar og 9 tap. Laget enda på 11 plass på tabbelen. På grunn av redusert sesong og at det blir endringar i 2. divisjons strukturen etter 2022 sesongen blei det likevel ikkje nedrykk.

I år var me også med i NM Kvinner, me blei her slått ut i første runde av Fyllingsdalen.

Me har hatt følgjande treningsgruppe: Hanna Mehammer, Vilde Folgerø, Guro Hinderaker Pedersen, Martine Mellestrand, Hannah Stenersen, Tuva Gram Økland, Marie Kalve Lindgård, Ida Mortensen Natvik, Tiril Kvarven, Emma Matre, Linea Vestbøstad, Tuva Skibenes, Victoria S Bjelland Hennis, Siren Vik, Marion Træet, Alva Farstad Skåla, Lina Klingsheim, Linnea Vestbøstad, Helle Bjelland Vik, Kristine Lygre, Matilde Alfarnes Amundsen, Ruth Maria Myklebust, Nora Ekse, Veslemøy Helland.

**Trenar:** Øyvind Mellestrand (Hovudtrenar), Atle Erslund, Børre Pedersen (målvakt, trenar)

**Oppmann:** Rune K Pedersen, Anders Ekse

**Kasserer:** Anders Ekse

#### Arrangement

Me har arrangert 6 heimekampar i år, kiosk og vakter har vært organisert av Stord Fotball. Det har vært i underkant av 100 tilskodarar pr. kamp.



# SIL ÅRSRAPPORT 2021

## SAK 9.3.1 - ÅRSMELDING STORD FOTBALL

---

### BARNE- og UNGDOMSFOTBALLEN

Utvalet har gjennom året hatt fleire møter og handsama ulike saker.

Vi blei tidleg einige om å prioritere og gje barnelaga våra ekstra merksemd i vårsesongen. I mai månad besøkte vi alle dei yngste laga våre gjennom å komme innom treningane deira, både på Ås, Langeland og Vikahaugane. Det blei mange gode møte kor vi fekk høve til å informere litt om stort og smått - og bli betre kjende og etablere gode relasjonar. Planen var å gjera tilsvarande med ungdomslaga. Av ulike årsaker vart det ikkje gjennomført, men vi ønskjer å få gjort det i 2022.

Kompetanse og kursing har og vore ein viktig del av utvalet sitt arbeid. Her har ein arbeidd godt i lag med rekrutteringsansvarleg i klubben. Det er fint å sjå at mange i klubben vår tek kurs og byggjer kompetanse. Det styrker oss som klubb og er også naudsynt inn mot arbeidet som kvalitetsklubb. Utvalet vil framover arbeide og motivere endå fleire til å ta kurs.

Samarbeidet kring AlleMe-prosjektet har involvert fleire i utvalet. Dette prosjektet tok utgangspunkt i felles utfordringar kring fråfall på tvers av klubbane. Vi opplever at prosjekt har mykje bra i seg og at det gir meining og kraft og samarbeid på mange områder. Vi haustar gode erfaringar som vi tek med oss i det vidare arbeidet.

Kvalitetsklubb og sportsplan har og vore saker som utvalet har brukt tid på. Vi opplever desse dokumenta og retningslinjene som ein klar styrke og gode verktøy for å dra arbeidet vårt i ei god og felles retning. Dette er og naturlege ting å løfta fram i møta med dei ulike laga ved sesongslutt/sesongstart og i felles trenar- og lagleiarmøte. Desse møta er viktige i årshjulet og i utviklinga av arbeidet vårt. Å bruke god tid på samsnakk og oppsummering av fjorårets sesong og gjennomgang av planar for kommande sesong gir god framdrift, eigarskap og forankring.

Utvalet har gjennom året sett behovet for å samlast litt meir i bredda og på tvers, kor både barn, ungdom og junior/senior herre/dame er med, i tillegg til funksjonar som rekrutteringsansvarleg, kvalitetsklubbansvarleg og FairPlay-ansvarleg. Vi ser at ein del saker, problemstillingar og tematikkar ofte kryssar alderstrinn. Dette vil vi fortsette med inn i det nye året.

#### I utvalet 2021:

Svein Ove Eikenes

Gøran Odland

Kristine Mikkelsen Sæther

Julie Berger

Trond Eirik Samdal Nielsen





### JENTER 13

J-13 laget består, per utgangen av 2021 av 14 treningsivrige og kjekke jenter som trives godt ilag og likar seg godt på fotballbanen.

Mange av jentene har trent fotball ilag heilt sidan første klasse, mens tre av jentene kom nye til laget i 2021. Alle tre kom frå Moster IL, og kom som eit resultat av at Moster ikkje hadde nok spelarar til å stille lag dette året.

Jentene vart veldig raskt heilt og fullt integrert i det eksisterande laget, både på banen og i det sosiale samspelet. Eit positivt tilskot på alle måtar.

Sesongen 2021 spela laget vårt i Rogalandsserien. Der gjorde me det godt og enda til slutt på 3. plass på tabellen.

I forhold til Cup'ar vart også 2021 eit annerledes-år på grunn av Covid.

Me var påmeldt Etne Cup, som vart avlyst, og me var påmeldt Sør Cup, som også vart avlyst.

Som eit plaster på såret fekk me med oss Regy Cup i Haugesund, der me gjorde det godt og kom oss heilt til finalen i A-sluttspillet.

Dessverre enda det 1-0 til Haugar i finalen, men laget vårt gjorde ein veldig god prestasjon både i finalekampen, og i cupen forøvrig.

Til tross for mange restriksjonar gjennom året knytt til Covid vart det i 2021 gjennomført nokre sonesamlingar for sone Sunnhordland.

Laget vårt hadde mange deltakarar på sonesamling, og to av våre jenter var i etterkant av dette tatt ut til Hordaland Fotballkrets sitt J14 lag. Stor stas både for jentene som vart tatt ut, lagvenninnene og trenarane.

Jentene har hatt tre treningar per veke. I tillegg til dette har ein del av jentene deltatt på ekstras trening gjennom Stord Fotball sin Talentskule/Ekstras trening.

Jentene gjennomførte i 2021 dommarkurs i regi av Stord Fotball, og har i etterkant av kurs hatt sine første oppdrag som dommarar. Tilbakemeldingane har vore positive, både frå dei ferske dommarane og frå laga dei har stilt opp som dommarar for.

Covid-restriksjonar la ein dempar på siste vekene av 2021, både treningsmessig og sosialt.

På den sosiale front var det heldigvis ingen restriksjonar då FKH tok imot Rosenborg i Haugesund i oktober. Her var jentene på plass på tribunen og heia.

Trenarane for laget er Sigve Hellesfjord og Ørjan Økland Stokka. Lagleiar er Tove Oldereide Bjørk.

Til tross for restriksjonar og cup-avlysingar seier me oss nøgd med 2021-sesongen.

Jentene har god framgong og utvikling, og me har eit lag med spelarar som trives godt ilag.

Me kryssar fingre for at neste sesong ikkje vert prega av pandemi og restriksjonar, men at både serie og cupar kan gjennomførast som normalt.

For vår del ser me då fram mot å forhåpentlegvis kunne kome oss til Sør Cup!



# SIL ÅRSRAPPORT 2021

## SAK 9.3.1 - ÅRSMELDING STORD FOTBALL

---

### GUTAR 13

G13 besto sesongen 2021 av totalt 25 spillere. Ett lag i lokalserie 2.divisjon og ett lag i 1.Divisjon Rogaland. Majoriteten av spillere fikk forsøke seg i begge ligaer. Sesongen ble oppstykket av pandemien, følgelig med stor kamp tetthet og lite treningsmuligheter på høsten, samt mye slitasje (skader).

Vår sesongen ble det tilsvarende lite kamper, men også oppstykket og ustruktert pga stadige nedstenginger og en lang vintersesong ift snø på bane.

Fokuspunkter før sesongen var følgende:

- Utvikle forståelsen for relasjonelle bevegelser – bevege seg som et lag. «Hvordan kan min individuelle forflytning påvirke spillet - offensivt/defensivt?»
- Defensive bevegelser («Når skal jeg gå opp i press/når skal jeg falle av/hvordan sideforskyver vi»
- Høyere kvalitet/fokus på gjennombrudsspill «Er det noen som går på løp? Bør jeg gå på løp? Inn i bakrom eller ut i bredden?Hvordan signalisere til medspiller?»
- Økt kvalitet og forståelse for type pasninger «Hvor hardt(vekting)? foran/bak/rett på? Langs bakken eller over?

Punkter som videreføres inn i G14 sesongen og 11'er fotball. Grappa av spillere er samholdt og med en god miks av spilleteyper og personligheter. Vi håper at vi snart kan få dra på cup sammen som en gruppe og vil ha fokus på minst mulig forfall. Samarbeidet med trinnene over og under fungerer rimelig godt, ift hospitering og ekstra treningstilbud.



### GUTAR 14

Stord Fotball G14 (gutar f dde i 2007) består av eit lite knippe kjekke gutar fr  Leirvik og Langeland.

Ein gjeng som g r godt saman og trives med   m tast til fotballtrening. 2021 vart eit nytt «annaleis r» - eit  r prega av ulike restriksjonar p  aktiviteten v r. Spesielt kjedeleg for gutane var det at treningsleir p  Tysnes og sommarturnering p  S rlandet m tte avlysast. Men, gutane har vore flinke til   halda motet og hum ret oppe.

H gdepunkta i 2021 var nok v r eigen to-dagars «Camp» p  Vikahaugane i juni, samt ein helgetur til Haugesund i Oktober (Pizzabakeren Regy Cup).

Resultatmessig har det svinga ein del i 2021. Og, det er nok fleire forklaringar p  det. Men, viktigast av alt, er det at dette er ein kjekk gjeng som ser ut til   ha det kjekt med fotballen. Forh pentlegvis vil dei fleste av dei vera med vidare, og fortsetje   finne glede i   spela fotball med kompisar.



# SIL ÅRSRAPPORT 2021

## SAK 9.3.1 - ÅRSMELDING STORD FOTBALL

---

### JENTER 14

#### Ein «Dr Jekyll og Mr Hyde-sesong»

*av Trygve Tollaksen, trenar*

Sesongen starta litt Trott (trått), då dei var einaste tilgjengelege motstandar møtte me dei ved fleire høve. Berre tap, tråare og tråare. Me var få spelarar, men etterkvart fekk me børsta støv av gamle "heltar". Me var nok til eit lag, men ikkje meir heller. Øving gjer meister, seiest det. Inn på ei fjøl frå vest kom tre jenter frå Moster og vipps; større spelargruppe og meir konkurranse. Det blei få seriekampar, men til gjengjeld var me ubeseira i dei. Eit irriterande uavgjortresultat mot Halsnøy og svakare målskilnad enn laget frå over fjorden hindra oss frå «top of the league», men me hadde det gøy. Ei total forandring frå då me starta opp i vinter, var ikkje til å kjenna att. Dr. Jekyll og Mr Hyde. Elitecup i Haugesund. Her blir det juling, men den gong ei; me sitt at med ei godkjensle.

Me gler oss til neste sesong. 2022, tigerens år. Vårt år!



### GUTAR 16

Stord G16 inneheld i sesongen 2021 omlag 35 spelarar. Eit par spelarar skifta klubb eller gav seg med fotball og eit par tilkomstar kom til i løpet av sesongen. Spelarane er fødte i 2005 og 2006. Før sesongstart hadde fleire gode spelarar frå desse kulla (5 stk) teke vegen frå Stord og meldt overgang til FKH. Dette skapte ei stor uvisse i gruppa for kvar ein stod sportsleg sett.

Koronapandemien kom uansett til å prega første halvår. Det var vanskeleg å få til treningar og ikkje mogeleg å få avvikla treningskampar i store deler av første halvår. I litt over ein måned i mars/ april var nasjonale tiltak mot pandemien slik at det var ulovleg å halde fellestreningar. Det vart etter kvart lovleg å møte klubbar i same kommune og nokre få treningskampar vart halde i mai.

Etter sommarferien starta ein opp med kampar. Gruppa trena i lag, men me stilte med to lag i krinsserien. G16-1 deltok i 2. divisjon i Hordaland. G16-2 stilte også i 2. divisjon, men då i ei lokal krinspulje med lag frå Sunnhordland og Odda.

G16-1 spelte i ei svært jamn Bergenspulje med 10 lag. I løpet av ni kampar vart det kapra 5 singlar og 15 poeng. Dette gav ein 5. plass til slutt. Baune vart puljevinnar føre Austevoll på 2. plass. G16-1 deltok også i NM der ein vart slått ut av Åsane i kvalifiseringa.

G16-2 sin serieinnsats enda med 4. plass i ei pulje der 9 lag deltok. 4 singlar og 1 uavgjort gav totalt 13 poeng i løpet av dei 8 kampane som laget spelte.

Kvart av laga fekk også oppleve å delta i cup i løpet av haustsesongen. G16-2 deltok i Regy Cup i Haugesund og spelte seg fram til finalen i b-sluttspellet etter framifrå innsats.

G16-1 deltok i Lagunen cup i Bergen i november. Dette vart samstundes ei markering av avslutning av sesongen. Der fekk laget tøff motstand i ei pulje med fleire 1. divisjonslag. Trass i tre tap og 0 poeng i turneringa opplevde gruppa cupen som positiv. Ein spelte jamne kampar og fekk berre knepne tap mot sær gode lag. For Stord vart det eit klart teikn på at gjengen i løpet av året hadde teke steg og at ein var nærmare eit 1. divisjonsnivå enn ein hadde vore då sesongen starta opp.

Trenarteam har vært Kjell Petter Neset (hovudtrenar), Jan K. Henriksen og Frode Gravdal Olsen. Jon Andre Røyane kom inn i teamet i siste to månader av sesongen. Svein H. Eide og Leif Tore Lid bidrog også på mange treningar. Hege Våmartveit hadde lagleiaroppgåva.



# SIL ÅRSRAPPORT 2021

## SAK 9.3.1 - ÅRSMELDING STORD FOTBALL

---

### **DAMER 2 - JENTER 16/17**

Dette har vore ei samla treningsgruppe bestående av 06/05/04/03-jenter. Grunna pandemien vart det ikkje noko vårsesong, mens haustsesongen vart gjennomført som normalt.

Me stilte med eit lag i J17 i 1.divisjon Rogalandsserien, og eit Dame 2 i 4.divisjon. I tillegg deltok 06/05 jentene i NM J16, og kom til slutt til 8-dels finalen der dei tapte 6-4 mot Viking på Vikahaugane.

J17 enda på ein fin 5.plass i serien, medane Dame 2 beholdt plassen i 4.divisjon.

Det vart ein travel haustsesong med mange kampar for jentene, og trenarteamet er godt nøgd med 2021 sesongen. Jentene har teke nye gode skritt.

Trenarteamet har bestått av Oddvar Skard, Øyvind Skåla, Thomas Steensohn , Børre Pedersen, Arve Havnerås og Lars Klingsheim.

# SIL ÅRSRAPPORT 2021

## SAK 9.3.1 - ÅRSMELDING STORD FOTBALL



Styret vil takke administrasjonen og dei tilsette, trenarar, lagleiarar som brukar fritida si på å gje born og unge eit godt tilbod i klubben, og til slutt takk til alle sponsorar og støttespelarar som har vore med å bidratt i eit noko spesielt 2021.

Me håpar me snart kan byrje å sjå fram til ein spanande fotballsesong, for alle laga i løpet av 2022.

**Stord 10.03.2022**

Skjalg Myklebust  
Styreleiar

Aud M. Litlabø  
Nestleiar

Mika Visti  
Styremedlem

Kjetil Skulstad  
Styremedlem

Jarand Helland  
Styremedlem

Linda Heidenreich-Riis  
Styremedlem





# SIL ÅRSRAPPORT 2021

## SAK 9.3.2 - ÅRSMELDING STORD ORIENTERING

---



### Årsmøte 2022 – Stord Orientering

I allianse med Stord allianseidrettslag



Stad: Idrettstova Vikahaugane

Tid: Tysdag 08. mars 2022 kl. 18:00

#### Saksliste:

1. Godkjenning av medlemar med røyserett
2. Godkjenning av innkalling og dagsorden
3. Val av ordstyrar
4. Val av referent
5. Val av to til å underskriva protokollen
6. Årsmelding
7. Rekneskap
8. Budsjett
9. Fastsetjing av medlemskontingent
10. Innkomne forslag
11. Val
12. Avslutning



## Årsmelding 2022 – Stord Orientering

I allianse med Stord allianseidrettslag

### 6. Årsmelding

#### Innleiing

Aktiviteten har vore prega av pandemien Covid-19 også i år. Rankingløp før sommarferien blei avlyst og det blei lagt til rette for eigenorganiserte treningsløyper, både postar i skogen og usynlegO. Turorientering fikk igjen eit nytt rekord med totalt 1015 selde tur-o pakker. I tillegg blei det selt via tur-o på nett med bra oppslutning. Medlemstal gikk litt ned i 2021, Stord orientering har nå 58 medlemmar. Styret hadde 2 styremøte i 2021.

Frå og med årsmøtet i mars 2021 har orienteringsgruppa hatt følgjande styre :

Leiar	: Irinja Almås
Kasserar	: Nina Hagerup
Styremedlem ungdom	: Nina Mæland Polden
Styremedlem kart	: Åge Hovden
Styremedlem teknisk og nestleiar	: Tove V. Agdestein
Varamedlem	: Bjarthe Westerheim

I tillegg har desse nemndene fungert:

Kartråd	: Åge Hovden
Materialforvaltar	: Kenneth Westerheim
Rankingfører	: Ove Vedøy
Rekruttering:	: Ingen
Turorientering	: Storatraven: Arne Henrik Hovden, Steinar Slettemark, Jon Magne Bratseth, Even Rolfsnes Litlatraven: Gerda Øen, Jan Ove Øen
Valnemnd:	Anne Løver og Henrik Ottesen
Kontrollutval:	Henrik Ottesen, Brynhild Stautland (vara Arne Henrik Hovden)

#### Arrangement

Grunna Covid-19 restriksjonar blei det bestemt å avlyse løp på våren. På hausten arrangerte klubben tre rankingløp (Sjoalemyro og Isdalen, Nautøy), og Sveio o-lag arrangerte nærløp som er med i Sunnhordlandsranking.

Nybyrjarkurs: Ikkje gjennomført kurs. Klubben bistod Trott allidrett og hadde to treningar for deira allidrett gruppe på Nordbygdo ungdomsskule i september. Klubben lagde ei løype på Vikahaugane og ei Landåsen for Stord fotball sin sommarskule i juni. Trening Gøy med kart på Moster/Nautøy var opent for nybyrjarar frå Stord og Bømlo. Deltakar var frå Bømlo.

Kretsløp: Kristtornløpet og Romjulsløpet blei avlyst.

Lokalløp: 4 løp i august-september.

Årsavslutning: med samling, premiering o-løp og tur-o og pizza blei arrangert i idrettstova 27.10.2021.



## Årsmelding 2022 – Stord Orientering

I allianse med Stord allianseidrettslag



Merkedeling Storatraven



## Årsmelding 2022 – Stord Orientering

I allianse med Stord allianseidrettslag



Merkedeling Litlatraven

Løp.nr.	1	2	3	4	5	6	7	8	9	10	11	12	Gj. snitt
1994	115	120	109	96	102	122	71	39	98	85			96
1995	96	93	80	90	66	84	68	80	79	58			84
1996	81	105	91	91	92	84	83	74	83	89			87
1997	108	76	87	83	79	94	92	85	70	51			83
1998	75	77	76	88	64	71	65	58	50	68			69
1999	72	71	069	75	52	66	73	80	70	49			68
2000	49	91	64	38	83	61	58	77	68	64			65
2001	63	59	59	90	48	34	60	62	59	62			60
2002	75	58	53	64	63	45	44	57	41	45	56	57	55
2003	66	72	60	71	69	68	54	50	60	54	58	38	60
2004	65	61	53	57	66	31	54	54	51	64	67	66	58
2005	53	64	42	51	50	44	45	52	60	62	59	66	55
2006	38	53	61	54	74	57	54	57	35	50	60	65	55
2007	56	57	59	43	60	47	62	42	65	58	58	60	56



# SIL ÅRSRAPPORT 2021

## SAK 9.3.2 - ÅRSMELDING STORD ORIENTERING



### Årsmelding 2022 – Stord Orientering

I allianse med Stord allianseidrettslag



2008	59	63	58	36	56	35	33	66	58	51	31	56	50
2009	49	72	55	40	53	51	44	52	35	56	51	56	49
2010	66	69	47	28	58	51	38	30	55	59	50	49	50
2011	69	59	66	40	43	41	35	44	49	63	54	36	50
2012	57	67	36	75	48	47	55	62	61	51	55	53	55
2013	78	62	70	36	56	69	63	61	58	41	65	49	60
2014	65	68	56	41	62	26	51	63	49	48	33		52
2015	72	56	39	43	51	42	49	35	35	39			46
2016	63	41	63	36	36	59	40	35	32	40			44
2017	46	32	48	38	34	39	37	36	42	27			38
2018	31	39	32	28	31	26	41	20	22	40			31
<b>2019</b>	<b>40</b>	<b>37</b>	<b>29</b>	<b>39</b>	<b>35</b>	<b>31</b>	<b>23</b>	<b>13</b>	<b>18</b>	<b>33</b>			<b>30</b>
<b>2020</b>								<b>27</b>	<b>24</b>	<b>20</b>			
<b>2021</b>							<b>25</b>	<b>25</b>	<b>16</b>	<b>34</b>			

#### Deltakaroversikt 2022

	<b>17.08</b>	<b>25.08</b>	<b>31.08</b>	<b>07.09</b>
<b>Nyb</b>	0	0	0	11
<b>Kort C</b>	2	2	0	1
<b>Kort B</b>	11	11	10	10
<b>Lang</b>	13	12	6	12
<b>Sum</b>	26	25	16	34

#### Sportslege resultater

På grunn av pandemien var det få store løp som vart arrangert.

#### Geilo 4-dagars

Stord deltok med 6 løparar. Beste resultat samanlagt fekk Ingolf Dybvik med 3. plass i H80-. Ingolf vann også klassen sin på dag 1. Kenneth Westerheim vann klasse H50- på dag 2 og dag 3.

#### Vestlandsmesterskapet (DM):

Stord deltok med tre løparar. Beste resultat var Kenneth Westerheim sin 2. plass på mellomdistansen i H21- (11 deltakarar i klassen).

#### Turorientering

2021 var 50. gongen det vart arrangert tur orientering på Stord. Årets sesong haldt fram den fine trenden frå fjoråret og i år vart det solgt over 1000 tur- o posar!

Det vart seld 1015 tur-o konvoluttar totalt for begge «travane», Storatraven 513 stk og Litlatraven 502 stk.

Karta i år for Storatraven var Stordalen, Kvelve (nytt kart i år) og Landåsen, og for Litlatraven var det Neskogen og Høgskulehagen

736 personar har registrert klippa sine i «Tur-o på nett» sida i 2021.

Totalt 232 personar tok alle postane i Storatraven (60 postar), og 286 personar i Litlatraven (30 postar).

Det var 72 personar som tok alle 90 postane.



### Årsmelding 2022 – Stord Orientering

#### I allianse med Stord allianseidrettslag


Månadens post deltakinga vart avvikla som i 2020 pga Koronaen. Alle som hadde registret posten på nettet då månadens post skulle trekkast , uansett kva månad ein hadde teke posten, var med i trekninga.

Diverse gåvekort vart delt ut etter trekning på premieutdelinga, vinnarane er lista opp i tabellen under

premie	namn	namn	namn	namn	namn
Storatraven (ST) alle postar 3 a' 500 kr	Karin Eldøy	Hanne-Lovise Svensen	Morten Fadnes		
Litlatraven (LT) alle postar 5 a' 300 kr	Martine Kambestad Ankervold	Karianne Hjelmeland	Anita Litlehamar	Matheo Valentin Grov Lima	Bjarne Skotteberg
alle mnd post 1 a' 1000 kr	Roald Johannesen				
alle postar LT+ST, 1 a' 1000 kr	Kirsti A Frugaard				
deltakarpremier, 5 a' 300 kr	Mathias Lekven Stensletten	Jon Einar Eilertsen	Sunniva Aadland Tappel	Tor Landa Helland Sår	Ingebjørg Bosvik

Storatraven vart arrangert for 50. gong og Litlatraven for 9. gong.

statistikk tur orientering	år										2021	
	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020		
<b>selde tur o posar</b>												
Storatraven (1972)	213	277	278	278	244	297	306	257	287	497	513	
Litlatraven (2013)			150	185	175	210	253	200	245	466	502	
totalt begge	213	277	438	463	419	507	559	457	532	963	1015	
<b>personar delteke :</b>												
tur-o nett brukar	114	122	188	148	167	218	236	202	234	624	736	
alle postar Storatraven	36	52	67	52	53	73	77	77	77	162	232	
alle postar Litlatraven			42	44	55	60	64	65	121	329	286	
registrert månadens post (bok)			296	188	213	215	227	202	214	Korona	Korona	








### Årsmelding 2022 – Stord Orientering



I allianse med Stord allianseidrettslag



#### Stolpejakten

Stord orientering starta i 2021 opp eit nytt tilbod – Stolpejakten. Det vart inngått avtale med Stolpejakten.no, og samarbeidsavtale med Haugaland Kraft. Stolpejakten er tenkt som eit lågterskeltilbod for alle, uavhengig av kartkunnskap. Me starta forsiktig med 30 stolpar fordelt på 2 område – Leirvik og Sagvåg/Litlabø. Dei fleste stolpane var i kategorien grøn (enklaste kategori) og var plassert ved gang/sykkelveg eller turveg.

Stolpejakten hadde i 2021 2010 deltakarar, med tilsaman 23446 stolpebesøk. Mange av deltakarane var frå andre deler av landet.

#### Ungdom og rekrutt

Stord orientering har samarbeidd med Moster idrettslag om nyrjaropplegg «Gøy med kart» på onsdagar i mai, august-september, på Moster skule og Nautøy. Opptil 15 barn frå Moster har deltatt.

Stord orientering hadde innføring i orientering for Trott allidrett, to gongar i september.

Det var 3 barn frå Stord og 8 frå Moster i i rankingløp på Nautøy.

#### Kart

Kartarbeid er utført av Åge Hovden.

Det blir arbeida med å transformera Alt-karta til Euref89 koordinatsystem. Kotesystemet basert på laser koter blir implementert. Alt-sør er ferdigstilt. Dei andre karta Alt-midt og Alt-nord er under arbeid.



### Årsmelding 2022 – Stord Orientering

#### I allianse med Stord allianseidrettslag

Det er utført synfaring i området Dale – Ådlandsvatnet på Alt-midt kartet. Oppdatering er utført mot Litlabøgardane-Kannelønning-Stua-Lønning til Ådland bru. Det vil bli synfart nordover frå Stua mot Vatna-Øvre Økland i vinter.

Det er laga nytt kart i Kvelve. Kartet dekker området frå parkeringsplassen på Heio – Kattnakken TV mast – over til Kudalen og til Klovfjellet i vest- sør mot Stovegolv platået og Nibbo og nedover til Fossabrekko. Dette området blir brukt i tur orientering i 2021.

Til sommaren blir kartet utvida til å dekke Stovegolv platået og vest til Skårafjell såta og nordover til fjellkammen mellom Tjødnadalane og austover til Midtfjellet.

Gatekartet Leirvik sør. Kartet er utvida sørover til å dekke Spikeråsen mellom Skjærsholmane og Hodnalandsvågen. Området mellom Fylkesvegen og Sæbø gard er oppdatert. Sæbøhaugen er synfart. Nybygg i Langelandstølen er oppdatert.

Vedlikehald synfaring er utført for Alt-karta. Ein del nye hogstfelt er lagt inn i Landåsen og i Lønningsdalen. Blå merka turløyper blir lagt inn på karta der eg kjem over dei.

#### Økonomi

Økonomien i gruppa er god. Rekneskapet viser at gruppa gikk i pluss 78.619,-, (budsjett 20.500,-)

-Turorientering var budsjettert med høgare kostnader enn året før, men inntekter blei også høgare (budsjett 90.000,-, resultat 142.430-). Klubben har ei samarbeidsavtale med Haugaland kraft knytt til Stolpejakten, eit årleg beløp på 50.000,- over to år.

- Det blei mindre inntekter og utgifter knytta til løp grunna covid-19.

- Når det gjeld medlemskontingent blei det fakturert i nobveber og ein del inntekter der blir ført på 2022 i rekneskapet.

Styret

#### 7. Rekneskap

#### 8. Budsjett

### STORD ORIENTERING

Konto	Kontonavn	Rekneskap 2021	Budsjett 2022
<b>SALGSINNTEKTER</b>			
3110	Salg materiell avg.fritt	0	0
3120	Sponsorer	-55300	-50000
3130	Annonseinntekter	0	
3140	Dugnader	0	
3441	Andre tilskudd	0	
<b>SUM SALGSINNTEKTER</b>		<b>-55300</b>	<b>-50000</b>





# SIL ÅRSRAPPORT 2021

## SAK 9.3.2 - ÅRSMELDING STORD ORIENTERING



### Årsmelding 2022 – Stord Orientering

I allianse med Stord allianseidrettslag

#### ANDRE DRIFTSINNTEKTER

3442	Støtte LA-midler	-4373	-5000
3443	Grasrotandel	-16 837,00	-20000
3444	MVA refusjon	-9569	-10000
3920	Årskontingenter	-17022	-15000
3971	Kiosksalg	0	-5000
3981	Lokale stevner og arr.	0	-15000
3983	Kretsløp og mesterskap		
3986	Turorientering	-142430	-145000
3990	Egenandeler		
3995	Tilskot frå stat/kommune		
3999	Diverse inntekter	-1425	0
2010	Overføring frå kartfondet		
2050	Overføring frå fri egenkapital		
<b>SUM ANDRE DRIFTSINNTEKTER</b>		<b>-191656</b>	<b>-215000</b>
<b>SUM DRIFTSINNTEKTER</b>		<b>-246956</b>	<b>-265000</b>

#### STEVNE- OG AKTIVITETSUTGIFTER

4200	Innkjøp av klær	0	0
4670	Utgifter egne løp (premier/løpsavgift)	3950	20000
4671	Kjøp av kioskvarer	0	3000
4672	Utgifter turorientering	105016	120000
4682	Utgifter kretsløp (startkont.)	7040	15000
4683	Utgifter KM/DM (startkont.)		
4684	Nasjonale løp og mesterskap		
4688	Rekruttering	0	5000
4690	Trening og instruksjon		
<b>SUM STEVNE- OG AKTIVITETSUTGIFTER</b>		<b>116006</b>	<b>163000</b>

#### ANDRE DRIFTSKOSTNADER

6300	Leie lokaler	0	3000
6540	Materiell og utstyr	26235	30000
6555	Kart	0	10000
6700	Revisjons- og regnskapshonorar	6489	10000
6705	Regnskapshonorarer	0	0
6800	Kontorrekvisita	250	2000
6820	Trykksaker (o-info)		
6840	Aviser og tidsskrifter	2910	4000
6860	Medlemsmøter	0	
6900	Telefon og porto	2621	3000
6940	Porto	0	500
7040	Forsikring	2384	2500
7090	Andre kostnader	16696	17000
7140	Reisekostnader	195	2000
7320	Annonser	0	
7410	Kontingent og gaver, ikkje	0	500



### Årsmelding 2022 – Stord Orientering

#### I allianse med Stord allianseidrettslag

	fradrag		
7420	Gaver / blomster	0	1000
7453	Kontingent/tilskudd særkrets	0	
7460	Kontingent andre	0	
7500	Forsikringspremie	0	
7700	Styre- og bedriftsforsamlingsmøter	0	2000
7770	Bank og kortgebyr	165	500
7771	Gebyr Vipps	0	500
7790	Annen kostnad	0	0
<b>SUM ANDRE DRIFTSKOSTNADER</b>		<b>57945</b>	<b>88500</b>
<b>SUM DRIFTSKOSTNADER</b>		<b>173951</b>	<b>251500</b>
<b>DRIFTSRESULTAT</b>		<b>-73005</b>	<b>-13500</b>
8040	Renteinntekter		
8051	Renter av bankinnskudd	-1614	-16000
8159	Andre rentekostnader (Vipps)		
8070	Annen finansinntekt	-4000	
8170	Renteutgifter/gebyr		
<b>SUM FINANS INNT./UTG.</b>		<b>-5614</b>	<b>-16000</b>
<b>ÅRSRESULTAT</b>		<b>-78619</b>	<b>-29500</b>

#### 9. Medlemskontingent

Styret foreslår at medlemskontingent for Stord Orientering 2022 blir det same som i 2021:

- Medlemmer opp til 17 år/studentar/skuleungdom kr. 100
- Andre over 17 år kr. 300
- Familiar (born under 20 år, t.d. 2 voksne og 2 barn 4x175kr) kr. 600

I tillegg kjem kontingent til hovudlaget Stord IL.

#### 10. Innkomne forslag

Ingen innkomne forslag

#### 11. Val

Valkomite sin innstilling:

Personar som er til val i år er utheva :

- Leiar** : Irinja Almås
- Nestleiar** : Tove Agdestein
- Kasserar** : Nina Hagerup
- Styremedl.(tekn.)** : Tove Vikanes Agdestein



# SIL ÅRSRAPPORT 2021

## SAK 9.3.2 - ÅRSMELDING STORD ORIENTERING



### Årsmelding 2022 – Stord Orientering

I allianse med Stord allianseidrettslag

	fradrag		
7420	Gaver / blomster	0	1000
7453	Kontingent/tilskudd særkrets	0	
7460	Kontingent andre	0	
7500	Forsikringspremie	0	
7700	Styre- og bedriftsforsamlingsmøter	0	2000
7770	Bank og kortgebyr	165	500
7771	Gebyr Vipps	0	500
7790	Annen kostnad	0	0
<b>SUM ANDRE DRIFTSKOSTNADER</b>		<b>57945</b>	<b>88500</b>
<b>SUM DRIFTSKOSTNADER</b>		<b>173951</b>	<b>251500</b>
<b>DRIFTSRESULTAT</b>		<b>-73005</b>	<b>-13500</b>
8040	Renteinntekter		
8051	Renter av bankinnskudd	-1614	-16000
8159	Andre rentekostnader (Vipps)		
8070	Annen finansinntekt	-4000	
8170	Renteutgifter/gebyr		
<b>SUM FINANS INNT./UTG.</b>		<b>-5614</b>	<b>-16000</b>
<b>ÅRSRESULTAT</b>		<b>-78619</b>	<b>-29500</b>

#### 9. Medlemskontingent

Styret foreslår at medlemskontingent for Stord Orientering 2022 blir det same som i 2021:

- Medlemmer opp til 17 år/studentar/skuleungdom kr. 100
- Andre over 17 år kr. 300
- Familiar (born under 20 år, t.d. 2 voksne og 2 barn 4x175kr) kr. 600

I tillegg kjem kontingent til hovudlaget Stord IL.

#### 10. Inkomne forslag

Ingen inkomne forslag

#### 11. Val

Valkomite sin innstilling:

Personar som er til val i år er utheva :

- Leiar** : Irinja Almås
- Nestleiar** : Tove Agdestein
- Kasserar** : Nina Hagerup
- Styremedl.(tekn.)** : Tove Vikanes Agdestein



## Årsmelding 2022 – Stord Orientering

I allianse med Stord allianseidrettslag

Styremedl.(kart)	:	Åge Hovden
Styremedl. (rekr.)	:	Nina Mæland Polden
Vara medlem	:	Bjarthe Westerheim
Andre tillitspersonar	:	
Materialforvaltar	:	Kenneth Westerheim (kart/arr.utstyr)
Kartråd	:	Åge Hovden
Turorientering	:	Henrik Ottesen, Steinar Slettemark, Jon Magne Bratseth, Even Rolfsnes, Gerda Øen og Jan Ove Øen
Rekr.nemnd	:	Manglar
Valnemnd	:	Anne Løver og ?
Kontrollutval	:	Henrik Ottesen og Brynhild Stautland, vara Arne Henrik Hovden

### 12. Avslutning

## ÅRSMELDING 2021



# STORD SYMJING





## ÅRSMELDING 2021



### Innhold

Rapport frå Styreleiar	3
Vedtak gjort av styret i 2021:	4
Økonomi	5
Kurs og Konferansar	5
Stevner i 2021	6
Sportslege resultat Satsing	7
Aspirantparti (tidlegare mellomparti)	7
Rekruttpartiet (tidlegare minsteparti)	8
Trenere i klubben	8
Stord Swim Cup	10
Treningsleirer	11
Sosiale arrangement	11
Rekruttering	11
Symjeskulen	12
Dommere	13
Tidtakaranlegget/utstyr	13

### ÅRSMELDING 2021



## Styret

Styret 2021 har bestått av;

- Oda Karin Nordfonn – Leiar og Politiattest ansvarleg
- Marianne Kolstø - Nestleiar
- Hilde Kjelsnes - Kasserar
- Aleksander H. Ottesen - Styremedlem med ansvar for medlemsregisteret
- Sigmund Mongstad Hope– Styremedlem, oppmann og ansvar for det tekniske
- Randi Gerhardsen – Styremedlem, ansvar mot symjeskule
- Rebecca Hildebrandt-Paulin - Ansvar for symjeskulen og Barneidrett-ansvarleg
- Hjørdis-Kristine Fosse - Styremedlem
- Nora Visnes - Utøvarrepresentant i styret
- Birthe Larsen - Varamedlem styret
- Ronny Gudding - Varamedlem styret

Styret har frå sist årsmøte avholdt 10 styremøter.

## Rapport frå styreleiar

2021 har vore endå eit spesielt år prega av pandemien Covid-19, særleg første halvdel. Pandemien har påverka treningar, stemnedeltaking, dugnad og eigne arrangement. Periodevis i januar og mellom mars og april vart det diverre ikkje opning for å avvikle treningar og symjehallen var stengd. I denne perioden vart vårt eige symjestemne avlyst, grunna smittesituasjon fekk me ikkje avvikla symjestemnet. Likevel fekk me eit par månader med trening før sommarferien, dette var kjærkome for våre symjarar og bidrog til etterlengta kontinuitet. Satsing fekk muligheten til å nytta bassenget til trening gjennom sommerferien. Etter ferien var situasjonen også slik at me kunne starta opp med igjen og halde fram ut året. I slutten av september vart smitteverntiltak avvikla og me hadde tilnærma normalsituasjon til nye restriksjonar kom i midten av desember. Bassenget vart stengd i jule- og nyttårsperioden.

Det har vore behov for ekstra organisering og dugnad ifm. smittevern på treningar. Styret vil nytta muligheten til å takka alle foresatte for dette viktige og avgjerande bidraget for å avvikle treningar.

Diverre har smittesituasjonen utelukka det mykje av stemnedeltaking i første halvdel av 2021.

Stemnedeltaking har vore tilnærma normal i haustsemesteret.

Også Stord Symjing sitt eige storstemne måtte avlysast dette året.

Stord Symjing har i 2021 delteke på dei fleste gruppeledermøter i Stord IL.



### ÅRSMELDING 2021



I 2021 har Stord Symjing kun brukt Spond som kommunikasjonskanal for medlemmene.

Spond har også vært brukt til oppmøtelogg for treningar med tanke på eventuell smittesporing.

Stord Symjing nyttar framleis heimesida som blir brukt til generell informasjon. På heimesida finn ein også handboka til Stord Symjing.

Stord Symjing har sidan oktober 2017 vore medlem i Rent idrettslag som er eit samarbeidsprosjekt mellom Norges idrettsforbund og Antidoping Norge.

Stord Symjing har symjeskule som er tilslutta Grenskolen i Norges Svømmeforbund (NSF). Dette er eit populært tilbod og har vore gjennomført gjennom heile pandemien med forsterka smitteverntiltak i rehabiliteringsbassenget.

I 2021 har Stord Symjing hatt eit betydeleg skifte av trenarar i heile gruppa. Det har vore svært utfordrande å rekruttere nye trenarar. Frida Storetvedt Husebø og John Norheim kom inn våren 2021, men takka av før sommaren. Me takkar så mykje for innsatsen deira i ei krevjande tid. Frå hausten kom Aleksander Ottesen, Stein Klimek og Stein Eldøy Rosland inn som trenarar på satsing i tillegg til Jim Steinsland. Christel Hollund og Jan Kåre Fjellstad har vore vikarar og bidrege på trening i helgedagar. Nye instruktørar kom då inn på rekruttpartia (tidlegare minsteparti); Solfrid Stangeland og Lisa Nordfonn (tysdag) og Marianne Kolstø (torsdag). Dette har bidrege til eit løft blant symjarane.

Stord Symjing har også i 2021 hatt kvalifiserte symjarar til Nordsjø og NM. Meir info om dette kan du lesa under Sportslege resultat.

Stord Symjing har tatt inn nye medlemmer også i 2021, men diverre har me ikkje hatt muligheten til å ta inn alle som står på venteliste.

## Vedtak gjort av styret i 2021

- Stord Symjing betaler tilbake for antall kursdager som ikkje er gjennomført i Symjeskulen pga. Covid-19.





### ÅRSMELDING 2021



## Økonomi

Rekneskapet viser eit overskott for 2021 på kr 160.092,- mot overskott kr 188.053,- i 2020. Totale inntekter for 2021 er kr 533.519,- mot kr 715.944,- i 2020. Dette inkluderer både sponsorinntekter, LA- midlar, MVA refusjon og andre tilskot. Varekostnaden for 2021 på kr 13.006,- mot kr 11.509,- for 2020. Utbetaling av lønn til trenarar var i 2021 kr 107.356,- mot kr 117.749,- i 2020. Andre driftskostnader er i 2021 på totalt kr 253.903,- mot kr 400.927,- i 2020.

## Kurs og Konferansar

Stord Symjing har i 2021 ikkje delteke på kurs/konferansar.



## ÅRSMELDING 2021



### Stevner i 2021

Deltakinga på stemner i 2021 har vore redusert som følgje av Covid-19 situasjonen.

#### Approberte stemner

Dato	Stemne	Stad
04.07.21	Bergen Swim festival	Bergen
11.09.21	Araberswim	Haugesund
24.09.21	ADO Open	Bergen
30.10.21	Nordsjø	Stavanger
05.12.21	CC Solution cup	Slåtthaug



# SIL ÅRSRAPPORT 2021

## SAK 9.3.3 - ÅRSMELDING STORD SYMJING

### ÅRSMELDING 2021



## Sportslege resultat Satsing

Resultat ligg på:

<http://livetiming.medley.no/>

Nr	Navn	Klubb	Født	Distanse	Tid	Poen	Dato	Sted	Basser
1	Odin Hildebrandt-Paulin	Stord Symjing	2003	100m Fri	54,66	632	04.07.2021	Bergen	50m
2	Nora Visnes	Stord Symjing	2003	50m Bryst	34,71	557	31.10.2021	Stavanger	25m
3	Tønnes Valvik Tønnessen	Stord Symjing	2005	50m Butterfly	27,12	515	30.10.2021	Stavanger	25m
4	Ida Helen Gudding	Stord Symjing	2004	50m Fri	29,45	472	11.09.2021	Haugesund	25m
5	Didrik Gudding	Stord Symjing	2005	200m Fri	2.09,34	453	04.12.2021	Slåtthaug	25m
6	Ida Marie Nagell Dahl	Stord Symjing	2009	50m Bryst	49,99	186	11.09.2021	Haugesund	25m
7	Edvald Raunholm	Stord Symjing	2009	50m Fri	37,12	160	25.09.2021	Bergen	25m
8	Henrik Matre	Stord Symjing	2010	50m Fri	38,85	139	05.12.2021	Slåtthaug	25m
9	Kari Hjertaker Hope	Stord Symjing	2009	50m Bryst	55,50	136	24.09.2021	Bergen	25m D
10	Nikoline Ring Stangeland	Stord Symjing	2010	50m Bryst	58,62	115	11.09.2021	Haugesund	25m
11	Oskar Tysa	Stord Symjing	2010	50m Fri	45,99	84	11.09.2021	Haugesund	25m

## Aspirantparti (tidlegare mellomparti)

Aspirantpartiet bestod i 2021 av omlag 20 godt motiverte symjarar i varierte alderar. Me har hatt gleden av å ha bassengtid tre dagar i veka, fordelt på to timar måndag, ein time tirsdag og to timar fredag. Som tidlegare år, har nokre valt å symje alle tre treningsøktene, mens andre har valt ut ei eller to av øktene etter ynskje og kapasitet.

Me har hatt lite utskiftingar i gruppa fram til desember i 2021, og gruppa var godt samansveiste. Men no har me tatt i mot mange kjekke, motiverte og læringsvillige symjarar frå Rekruttpartiet. Me har allereie fått eit godt miljø, og me ser fram til tida vidare med dei nye symjarane. Kombinert med at symjarane fordeler seg på fleire dagar, gir òg rom for at me gjerne kan vokse til å verte fleire på gruppa med tida.

Som alle andre grupper, har me mista både mykje treningstid og ikkje minst muligheita til å reise på stemner første halvdel i 2021. Både på grunn av stengte symjehallar og på grunn av reiserestriksjonar.

Me håpar reiselysta aukar i 2022, då symjarane verkeleg fortener å få vise fram kor godt dei meistrar symjesporten! Ikkje minst håpar me dei kan få gleda av å reise på stemner og leirar, og trivest like godt som tidligare aspirantar har gjort!



## ÅRSMELDING 2021



### Rekruttpartiet (tidlegare minsteparti)

Rekruttpartiet er delt i to grupper: tysdagsgruppa og torsdagsgruppa. Begge gruppene har trening ein time i veka. Me har saman utvikla målark for kvar bane. Der me kan både sjekka korleis det går med den enkelte og det gir en god indikasjon på kva dei må meistra for å gå vidare til aspirantpartiet.

Torsdaggruppa er delt i tre grupper etter nivå og disponerer tre banar. Alle har hatt en flott utvikling gjennom året. Før sommaren flytta alle som var i bane 3 over til aspirantpartiet. Videre ble alle som svømte i bane 3 ved slutten av året, flytta opp til aspirantpartiet.

Tirsdagsgruppa er ei felles gruppe, også dei fordelt på tre banar .

Me synest oppmøte, motivasjonen, meistringa og gleda til alle symjarane er god.

Denne sesongen har få symjarar deltatt på uapprobert stemner og internstevner grunna Korona.

### Trenere i klubben


<b>Trenarar:</b>	
<b>Måndag:</b>	
Mellom/Aspirant:	Tiril Storetvedt Husebø
Satsing:	Frida Husebø/Stein Klimek
<b>Tysdag:</b>	
Minste/rekrutt:	Gunnhild Litlabø, Lisa Nordfonn, Solfrid Stangeland
Mellom /Aspirant:	Tobias Stenersen
Satsing:	Jim Steinsland/Aleksander H Ottesen
<b>Onsdag:</b>	
Satsing:	John Norheim/Martin Hansen
<b>Torsdag:</b>	
Minste/rekrutt:	Gro Østrem, Silje Marie Helland Dahl, Marianne Kolstø
Satsing:	John Norheim/Stein E Rosland
<b>Fredag:</b>	



# SIL ÅRSRAPPORT 2021


## SAK 9.3.3 - ÅRSMELDING STORD SYMJING

### ÅRSMELDING 2021



Mellom/Aspirant:	Inger Christin H Barane
Satsing:	John Norheim/Jim Steinsland/Christel Hollund
<b>Laurdag:</b>	
Satsing::	Eigentrening
<b>Søndag</b>	
Satsing:	Jim Steinsland

## ÅRSMELDING 2021



### Stord Swim Cup

Som følge av Covid-19 situasjonen vart dessverre Stord Swim Cup avlyst i 2021.





### ÅRSMELDING 2021



## Treningsleirer

### OPPSTARTSLEIR BREMNES 28.08--29/08-2021.

- Oppstartsleiren var eit samarbeid med Bømlø symjeklubb, men vart avlyst grunna Covid-19.
- Ei alternativ treningshelg vart arrangert i Stord Kulturhus for symjarar frå aspirant og satsing.

## Sosiale arrangement

Det har ikkje vert sosiale arrangement for gruppene i 2021, men både som sommaravslutning før sommaren 2021 og til jul arrangerte me samling med pizza på Peppes til dei ulike partia.

## Rekruttering

### MEDLEMMER

KLUBBEN HAR VED UTGANGEN AV 2021 REGISTRERT RUNDT 90 MEDLEMMER FORDELT PÅ FØLGENDE GRUPPER:

\* Dommar 8 stk.

\* Trener 14 stk.

\* Styret 10 stk.

\* Rekruttparti 32 stk.

\* Aspirantparti 19 stk.

\* Satsing 10 stk.

I tillegg har me medlemmar fordelt på Tryggivann samt støtte medlemmer.

## ÅRSMELDING 2021



### Symjeskulen

Symjeskulen har gjennomført to kursrunder, våren 2021 og høsten 2021. Våren 2021 deltok 41 barn på kurs, høsten 2021 var 44 barn på kurs.

Kurstilbudet er populært. Pr 31.1.21 er det over 30 barn på ventelista for hvalkurs.

Svømmeskoleansvarlig har også hatt 8 kurs dager med 1:1 opplæring for 1 barn med spesielle behov våren 2021. Klubben får med jevne mellomrom henvendelser om 1:1 undervisning for barn som av ulike grunner ikke kan benytte seg av ordinær svømmeopplæring i skolen eller kurs. På grunn av manglende instruktørkapasitet og instruktørutdanning må vi avvise de fleste som tar kontakt. Instruktører for denne typen svømmeopplæring bør ha videregåendeinstruktørkurs og kurs i svømming for barn med tilleggsutfordringer i tillegg til ordinær begynnerinstruktørkurs.

I samarbeid med Bømlo symjeklubb har Stord symjing to ganger arrangert begynnerinstruktørkurs i 2021, men begge gangene har kurset blitt avlyst på grunn av oppblussing av Covid-19 i lokalmiljøet.

Svømmeskolen bruker nå bassenget i Rehabiliteringssenteret på Leirvik. Bassenget er et varmtvannsbasseng som gjør at det er godt egnet for begynneropplæring. På grunn av Coronatiltak i bygget trenger vi nå en dørvakt i tillegg til instruktørene. Inntektene fra svømmekurs er redusert på grunn av utgifter til bassengeleie på Rehasenteret og dørvakt, men klubben vil prioritere å gjennomføre svømmeskolen fordi det gir viktig rekruttering til treningspartiene og bidrar til å opprettholde tilknytning til klubben for eldre svømmere som har sluttet å trene aktivt selv. Flere av ungdommene som nå trener treningspartiene har begynt som instruktører i svømmeskolen.

I 2021 har Randi Gerhardsen vært fast kantvakt og har avlastet svømmeskoleansvarlig med administrasjon og lønnsrapportering. Dette har fungert veldig bra. En bør fortsette med en fast kantvakt slik at svømmeskoleansvarlig har mulighet til å delta som instruktør i vannet ved behov.

Instruktørkapasiteten er litt prekær nå i Koronatida. En har nå tatt inn flere instruktør-aspiranter men disse har lite erfaring og mens de er i en opplæringsprosess kommer de i tillegg til de faste instruktørene. Klubben mangler stabile begynnerinstruktører med begynnerinstruktørkurs i alderen 16-19 år. Et par ganger i 2021 har vi avlyst svømmekurs på grunn av manglende instruktørkapasitet.

Rebecca Hildebrandt-Paulin

Symjeskuleansvarleg

14.2.22







# SIL ÅRSRAPPORT 2021

## SAK 9.3.3 - ÅRSMELDING STORD SYMJING

---

### ÅRSMELDING 2021



## Dommere

Klubben har 8 dommere, disse er viktige for å kunne avholde egne approberte stevner. Stord Symjing har bruk for fleire dommere og tilbyr kurs til de som kan tenke seg dette.

Dommerne våre bidrar også på stevner hos andre klubber i kretsen.

## Tidtakaranlegget/utstyr

Tidtakaranlegget har blitt brukt nokre få gonger i 2021; aktivitetsdag i april og julebasar-stemne i desember.

Ansvarleg for tidtakaranlegget er Sigmund Mongstad Hope og Kristian Stangeland.

Stord Symjing  
Årsmelding





# Årsregnskap 2021

## Stord Idrettslag

Resultatregnskap  
Balanse  
Noter

Org.nr.: 976 886 429



# SIL ÅRSRAPPORT 2021

## SAK 10 - ÅRSREKNESKAP

### RESULTATREGNSKAP

#### STORD IDRETTSKLAG

DRIFTSINNTEKTER OG DRIFTSKOSTNADER	Note	2021	2020
Salgsinntekt		5 836 539	6 586 976
Annen driftsinntekt		3 289 362	2 259 172
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>1</b>	<b>9 125 901</b>	<b>8 846 148</b>
Varekostnad		404 480	571 003
Lønnskostnad	2	3 547 085	3 247 559
Avskrivning av driftsmidler og immaterielle eiendeler	9	257 400	257 400
Annen driftskostnad	2	4 073 498	4 488 846
<b>Sum driftskostnader</b>		<b>8 282 463</b>	<b>8 564 808</b>
<b>Driftsresultat</b>		<b>843 438</b>	<b>281 340</b>
<b>FINANSINNTEKTER OG FINANSKOSTNADER</b>			
Finansinntekter		6 734	25 731
Annen finansinntekt		8 000	5 399
Annen rentekostnad		1 270	19 598
Finanskostnader		2 893	586
<b>Resultat av finansposter</b>		<b>10 571</b>	<b>10 947</b>
<b>Årsresultat</b>		<b>854 009</b>	<b>292 287</b>
<b>OVERFØRINGER</b>			
Avsatt til annen egenkapital	6	854 009	292 287
<b>Sum disponert</b>		<b>854 009</b>	<b>292 287</b>

Penneo Dokumentnøkkel: WJCTU-N77HH-ELJ33-UDD25-EOF22-2ETUF

# SIL ÅRSRAPPORT 2021

## SAK 10 - ÅRSREKNESKAP



### BALANSE

#### STORD IDRETTSLAG

EIENDELER	Note	2021	2020
<b>ANLEGGSMIDLER</b>			
<b>VARIGE DRIFTSMIDLER</b>			
Maskiner og anlegg		467 800	622 400
Driftsløsøre, inventar o.a. utstyr		196 000	298 800
<b>Sum varige driftsmidler</b>	<b>9</b>	<b>663 800</b>	<b>921 200</b>
<b>FINANSIELLE ANLEGGSMIDLER</b>			
Investeringer i datterselskap	3	50 000	50 000
Investeringer i aksjer og andeler	3	40 000	40 000
<b>Sum finansielle anleggsmidler</b>		<b>90 000</b>	<b>90 000</b>
